

Ivar Berg

Nytt i gammalt

Kasusbruk i skrifter frå Trøndelag
1470–1500

Mastergradsavhandling i nordisk språkvitskap
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
NTNU hausten 2006

2. utgåve hausten 2011

Merknader til 2. utgåva:

Denne utgåva skil seg frå avhandlinga som vart levert hausten 2006 på følgjande punkt:

- Satsen er endra.
- Nokre trykkfeil er retta.
- Ein opplagd feilanalyse er teken ut (substantiva *móðerni* og *faðerni* (sjå Fritzner) var forsøkt tolka som former av *móðir* og *faðir*).
- Det er gjort nokre få tillegg/merknader til sjølvve teksten; desse er sette i skarpe klombrer og kursiv.

Merk at det ikkje er snakk om nokor systematisk gjennomarbeiding, berre retting av feil som tilfeldigvis er komne for dagen.

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Oppgåva.....	3
1.2	Tidlegare forskning.....	3
1.3	Terminologi.....	4
2	Metode og bakgrunnsstoff.....	7
2.1	Skriftlege kjelder i språkhistorie.....	7
2.1.1	Talemål i skriftspråket.....	8
2.1.2	Tradisjon, nyskaping og lån.....	8
2.1.3	Særdrag ved diploma som språkhistoriske kjelder.....	9
2.1.4	Skilnad appellativ ~ propria.....	10
2.1.5	Språklege regionar.....	11
2.2	Morfologisk teori.....	11
2.2.1	Ordklassar, kategoriar og trekk.....	11
2.2.2	Word and Paradigm-analysen.....	12
2.3	Fleksjonsforenkling.....	13
2.3.1	Fonologiske endringar.....	14
2.3.2	Systeminterne endringar.....	14
2.3.3	Språkkontakt.....	15
2.3.4	Kombinerte forklåringar.....	16
2.4	Kjeldematerialet.....	17
2.4.1	Diplomatarium Norvegicum.....	17
2.4.2	Materialet mitt.....	18
2.4.3	Skrivemiljø.....	20
2.4.4	Diplomtypen påverkar funna.....	21
3	Tekstgjennomgang.....	23
3.1	Pronomen.....	23
3.1.1	Første person.....	24
3.1.2	Andre person.....	25
3.1.3	Tredje person.....	26
3.1.4	Oppsummering.....	29
3.2	Substantiv.....	30
3.2.1	Hankjønnsord.....	31
3.2.2	Hokjønnsord.....	35
3.2.3	Inkjekjønnsord.....	38
3.2.4	Oppsummering.....	39
3.3	Adjektiv.....	40
3.3.1	Sterk bøyning.....	41
3.3.2	Linn bøyning.....	45
3.3.3	Oppsummering.....	46
3.4	Determinativ.....	47
3.4.1	Possessiv.....	47
3.4.2	Demonstrativ.....	52
3.4.3	Kvantorar.....	54
3.4.4	Oppsummering.....	56
3.5	Morfosyntaks.....	58
3.5.1	Preposisjonsstyringar.....	58

3.5.2 Samsvar.....	62
3.5.3 Dativmerknader.....	65
3.5.4 Genitivmerknader.....	66
4 Drøfting.....	67
4.1 Det morfologiske systemet.....	67
4.1.1 Pronomen.....	67
4.1.2 Substantiv.....	68
4.1.3 Adjektiv.....	69
4.1.4 Determinativ.....	70
4.1.5 Morfosyntaks.....	70
4.1.6 Formativ som eksplanans.....	71
4.2 Formlar og lån.....	72
4.3 Sosial variasjon og skrivedugleik.....	72
4.4 Språktypologi i kasusendringar.....	73
4.5 Språkhistorisk plassering.....	74
5 Avslutning.....	77
Kjelder.....	81
Samandrag.....	84

1 Innleiing

Målsetjinga med denne oppgåva er å gje eit oversyn over kasustilhøva i Trøndelag i perioden 1470–1500. Kjeldene er sjølvsagt berre skriftlege, så oppgåva er naturleg todelt:

- (1) Kva former finst i dei overleverte skriftene frå denne tida i denne regionen?
- (2) Kva kan ein ut frå desse slutte seg til om talemålet?

Vidare er det interessant å jamføre funna med resten av det norske målvaldet, og ikkje minst med kasesendringar generelt. I arbeidet med kjeldene vil det bli mogleg å sjå etter systematiske skilnader i språket mellom ulike utferdarar og utferdarstader, og kronologien i utviklinga, dvs. i kva grad ulike ordklassar og former endrar seg parallelt.

1.1 Oppgåva

Emnet eg skal ta for meg, er kasussystemet. Dette omfattar både kva former som finst av dei aktuelle ordklassane, og korleis *bruken* av dei er. Verb-bøyinga har eg sett bort frå, bortsett frå partisippa som blir bøygd i kasus til liks med adjektiva.

Geografisk held eg meg i dette arbeidet til Trøndelag, definert til det som i dag er dei to Trøndelagsfylka og Nordmøre. Nordmøre høyrer til det området som blir rekna som det trøndske dialektområdet, og inkluderinga gjev ei naturleg avgrensing til *Språkbrytning i Vest-Norge 1450–1550* av Egil Pettersen (1975 og 1991), som går nord til og med Romsdal.

Kjeldematerialet er hovudsakleg diploma i *Diplomatarium Norvegicum*. Som kjent låg skriftproduksjonen i Noreg brakk i seinmellomalderen. Nokre avskrifter og omsetjingar av religiøs litteratur fanst, spesielt i tilknytning til Munkeliv kloster i Bergen, men utpå 1400-talet stilna denne verksemda òg av. Det som vart skrive, var brev om eigedomshandel, domsbrev og vitnebrev. Totalt har eg funne 32 norske diplom frå området mitt i denne perioden (sjå liste i 2.4.2), etter å ha teke bort somme på dansk og latin. Dei store jordeigarane skreiv somtid ned det dei atte i jordebøker; vi har fleire slike frå bispeseta. Erkebisp Gaute fekk skrive ned ei oversikt over godset som låg til erkebisen i 1491. Arbeidet vart ikkje fullført (iallfall er ikkje det vi har i dag fullstendig), men vart utgjeve av Chr. Brinchmann og Johan Agerholt i 1926 i lag med ei tilsvarande oversikt Gaute fekk sett opp over krongodset i Trøndelag, som vedlegg til den større jordeboka etter erkebisp Olav Engelbrektsson. Dei to jordebøkene etter Gaute har eg bruka.

1.2 Tidlegare forskning

Den mellomnorske perioden, ikring 1370–1550¹, er lite utforska, jamvel om

¹ Perioden blir definert ulikt etter kva kriterium som blir lagde til grunn. Mange inndelingar har basert seg på politiske eller sosiale skilje, t.d. frå svartedauden til reformasjonen. Språkleg er dette tvilsamt, og spesielt kor viktig svartedauden var er nok

det saman med synkopetida er den perioden i den norske språkhistoria med mest gjennomgripande endringar. Finn Hødnebo uttrykkjer stoda og utfordringa slik (1971: 145):

[V]i har ennå til gode å få klarhet i de strukturelle endringer på veien fra gammelnorsk til de forskjellige former for nyere norsk, og vi kjenner heller ikke i tilstrekkelig grad drivkrefter og mekanismer bak endringene. Årsakene til vår begrensede viten er åpenbare, de bunner først og fremst i mangelfull presentasjon, analyse og tilrettelegging av grunnmaterialet.

Dei arbeida som finst, har i mykje brydd seg mest om fonologien, jamvel om endringane er vel så dramatiske innan formverket. Som Egil Pettersen skriv i innleiinga til morfologibandet sitt: «Morfologien i den mellom-norske perioden er lite utforsket. (...) fonologien/grafologien får den mest grundige behandlingen der som i så mange andre nordiske verk om eldre språk» (1991: 2).

Av oversynsverk gjev mest berre Indrebø 2001 (1. utg. 1951) ei grundig framstilling av perioden; Skard 1976 baserer seg mykje på Indrebø. Mørck 2004 gjev eit summarisk oversyn, med bøyingsmønster for dei viktigaste ord- og bøyingsklassane. Av detaljstudiar ruvar arbeida til Per Nyquist Grøtvedt (1969, 1970 og 1974) om Foldenområdet og Egil Pettersen (1975 og 1991) om Vest-Noreg. Ingen av desse dekkjer heile perioden, Grøtvedt tek for seg 1350–1450, Pettersen 1450–1550, men spesielt Pettersen som femner om perioden min vil vera ei viktig referansekjelde.

I mangt kan ein òg trekkje lærdom frå historisk språkforskning innan andre språk, så lenge ein har dei særmerkte tilhøva for norsk *in mente*. Dei andre skandinaviske språka har gått gjennom same utviklinga, og spesiell nytte har eg hatt av Norde 1997, som studerer utviklinga av genitiv i svensk, og tek med noko generelt stoff om fleksjonsforenkling; og Johs. Brøndum-Nielsens *Gammeldansk grammatik* (1935, 1962 og 1965; dei andre banda har eg ikkje nytta).

Innan det trønderske målvaldet finst det knapt tidlegare arbeid. Det er skrivne eit par hovudoppgåver som tek for seg Aslak Bolts jordebok frå ikring 1433, og Hagland 2006 som ser på språket i diplom frå tiåret 1430–1440.

1.3 Terminologi

Eg brukar vanlege avstytingar for grammatiske termar. I avstytingar skriv eg helst m./mask., f./fem., n./nøyt., sg. og pl., i løpande tekst brukar eg dei norske han-, ho- og inkjekjøn, eintal og fleirtal. Definisjonar av ord er gjevne på forma kasus.numerus.genus, t.d. dat.sg.n. = dativ eintal inkjekjøn.

Ofte skriv eg «akk. for dat.» om ei form. Dette representerer faktisk ei tolking av materialet, og må stundom sjåast på som ei forenkling. «Akk. for dat.» i streng tyding inneber at akkusativ er bruka for dativ i eit system som framleis har eit skilje nom. ~ akk. Har desse formene falle saman, er det

overdrive (sjå Mæhlum 1999: 110–152 med referansar).

rettare å snakke om ei *grunnform*, som eg gjer mange plassar. Fleire stader skriv eg «dat. for gen.», helst etter preposisjonane *til* og *millum*. Da finn vi ei form etter desse preposisjonane som morfologisk kan kjennast att som ei dativform, t.d. *til erwingom* i tekst 24, for norr. *til erfingja*.

Ein studie av formverket i mellomnorsk må ta utgangspunkt i norrønt og den norrøne grammatikken; variansen og blandinga av nytt og gammalt er for stor til at ein reint synkron tilnærmingssmåte er praktisk. Når eg snakkar om «forventa dativform» eller liknande, er det difor etter tilhøva i norrønt. Tilsvarande, når eg skriv «båe døma i dat.sg.f. (...)» i 4.1.4, vil det seie dei to døma som i norrønt ville ha stått i dat.sg.f.

Ved sitat frå primærtekstane har eg teke med så mykje som er naudsynt for det eg vil vise. Er det snakk om dativ for genitiv etter *til*, treng ein ikkje meir kontekst enn sjølv preposisjonsfrasen. Andre stader trengst lengre delar, men i desse høva har eg ikkje brydd meg om å markere utelatne ord og setningar i starten eller slutten; det gjer berre teksten rotut og går uansett fram av samanhengen. Utelatne ord *inne i* sitat, og alltid ved sitat frå sekundærlitteratur, er så klart markerte med (...). Primærkjeldene er oppgjevne med tekstnummeret (etter tabellen i 2.4.2) i parentes. For å unngå forvirring har eg difor skrive dei fleste andre tal med bokstavar, med einstaka unnatak for store tal.

Når det gjeld språk, meiner eg med norr./norrønt det normaliserte språket vi møter i grammatikkane, gammalnorsk er spesifikt *norske* former, i motsetnad til islandske (t.d. *-er* i nom.sg.m. av sterke substantiv). Nynorsk er bruka i språkhistorisk tyding, = moderne dialektar, eventuelt slik dei kjem til uttrykk i det nynorske skriftspråket. Ved eit par høve fører eg opp dialektformer, og eg nøyer meg da med vanlege bokstavteikn med etterstilt *j* for å markere palatal (slik t.d. Dalen 2006 gjer), sidan det er fullnøyande til mitt føremål.

2 Metode og bakgrunnsstoff

I dette kapitlet vil eg gjera greie for ymse teoretiske tilnærmingar til oppgåva mi. Det gjeld skriftlege kjelder i språkhistorie, litt morfologisk terminologi, og generelle trekk ved kasusbortfall eller -samanfall. Det siste har ein verdi i vurderinga av den norske utviklinga i eit språktypologisk perspektiv. Til slutt presenterer eg kjeldene mine.

2.1 *Skriftlege kjelder i språkhistorie*

Språket er først og fremst eit talemål. Difor er det eit trist paradoks at ein i språkhistoria er nøydd til å arbeide med skriftlege kjelder, som ikkje direkte fortel om tala. Det grunnleggjande problemet med alle språklege studiar av skriftlege kjelder kan formulerast slik: «[skriftlege kjelder] are only as valuable and reliable as our ability to determine the phonetic and phonemic system underlying them» (Campbell 2004: 367–368). Det er alltid vandt å vita i kva grad talemålet kjem til uttrykk i skrift, og særskilt vanskeleg i materialet frå den norske seinmellomalderen (meir om det etter kvart). Som Einar Haugen skriv (1976: 252): «Any attempt to determine from the sources just how people spoke in this period is tempting but risky.» Det er sjølv sagt mogleg å studere gamle skrifter grafematisk, men nyttig kunnskap gjev det ikkje, om det ikkje kan knytast til fonologien. Bøyingssendingar og systemet i dei kan derimot komma fram, jamvel om den fonetiske statusen er uklår.

Innan fonologien kan ein i stor mon tenkje seg til den relative kronologien i utviklinga, basert på prinsippet om regelmessige ljodlover. Eit døme er at jamvektsloven har verka i norsk før kvantitetsomlegginga tok til – ho førde til at stuttstava ord fekk lang rotstaving, og det er just stuttstava ord som blir regulerte av jamvektsloven. Når den relative kronologien er fastlagd, treng ein ikkje tidfeste så mange endringar med støtte i kjeldene før ein har eit klårt bilete av utviklinga. Likevel kan dette ofte vera vanskeleg nok, iallfall i den norske seinmellomalderen.

For morfologien er det verre. Systemet slik vi kjenner det godt frå 1800-talet og meir spreidd tidlegare, er så grunnleggjande ulikt det vi finn i den tidlege norrøne litteraturen, og endringane så gjennomgripande, at det er vandt å sjå kva som skjedde først og sist. Det finst heller ikkje ein like brei forskings-tradisjon i historisk morfologi for korleis endringar skjer; vi har ingen ålmenne «regelmessige bøyingsslovar» tilsvarande ljodlovane. Det ein ender opp med er det noko vage «overgangsperiode» der det gamle bøyingssystemet stod mot eit nyare. Dette kan fungere for nynorske dialektar, der bøyingssystemet er så mykje meir avgrensa: fleirtalsformer av verb står mot eit system med eintal for fleirtal, dativ i bunden form av substantiv mot grunnforma for dativ, fleire bøyingssklassar av substantiv mot utjamning til same fleirtalsending i alle osb. Men når endringane er så omfattande som vi snakkar om i overgangen frå norrønt til nynorsk, med forenkling av verb-bøyinga, avvikling av kasussystemet, reduksjon av bøyingssklassane m.m., var det rart om det ikkje var eit først og sist i utviklinga. Mykje arbeid står

att før denne sida av den norske språkhistoria er klårlagd.

2.1.1 Talemål i skriftspråket

Det skriftspråket vi møter i mellomaldertekstane er resultatet av ei «brytning mellom eldre og nyere skriftformer, mellom forskjellige lag av talespråksformer og med en mangfoldig sammenblanding av tale og skrift,» som Grøtvedt (1974: 224) seier det. Når ein skal prøve å sikte ut nydanningar på norsk rot i dette mylderet, er det helst «skrivemåter som ikke hører hjemme i noen slags skriftspråktradisjon» (Grøtvedt 1940: 103) som gjev gode haldepunkt. Viss ei ny eller uvan form har skriftleg førebilete i grannespråka, kan det like gjerne vera eit lån som ei norsk nydanning. Viss ho derimot saknar slike motstykke, men finst i seinare dialektar, er det truleg ei reell form.

Vi kan ut frå rekonstruksjonar seie ein del om korleis ljodverket utvikla seg frå norrønt til nynorsk, men dette kjem i liten grad fram i skriftmaterialet: «Sometimes the writing systems just underrepresents the contrasts that existed in the language at the time it was written» (Campbell 2004: 372). Dette gjeld i høgste grad skriftstykkane frå norsk mellomalder, men bøyings-systemet var nok enda meir konservativt enn ljodverket i skriftstykkane, iallfall finn Grøtvedt dette i diploma frå Sørøst-Noreg (1974: 235): «Det innviklede bøyningssystem prøvde skrivarane å opprettholde så lenge dette friere skriftspråk kunne bygge på et kirkelig og rettslig høytidsspråk.» Men om dei prøvde, lukkast dei ikkje alljamnt. Språkbrytinga førde til uvisse, og når skrivaren er usikker på kva som er rett, kan han bruke hyperkorrekte former, blandingsformer o.l. Desse fortel ikkje direkte kva former som rådde, viser at skrivaren byggjer på eit tillært skriftmønster, ikkje talemålet sitt; talemålet og skriftspråket stemmer ikkje over eins. At skilnad mellom skrift- og talemål fører til uvisse når ein skal skrive, er ikkje berre eit historisk fenomen – når nordmenn i dag gjer feil med og/å er det eit utslag av det same, for uttala er jo lik for dei to orda.

2.1.2 Tradisjon, nyskaping og lån

Dette er tre stikkord for skriftspråkleg utvikling og endring, og spesielt viktige i den norske mellomalderen. Skrifttradisjonen frå eldre tider levde på sett og vis vidare, jamvel om produksjonen på 1400-talet var mest berre diplom. Det vart korkje skrive ny litteratur eller omsett utanlandsk, attåt diploma vart det berre skrive nokre jordebøker. Men nettopp i desse sjangrane var tradisjonen sterkast: Dei følgde i stor mon fast opplagde mønster, og skrivarane kunne rette seg etter eldre førelegg. Dette påverkar sjølvstendig språkforma, og gjer det lettare å halde på gammalvorne drag i språket; skrivarane «tøygjer seg dó framleides etter ei tradisjonell skriftmål-norm,» som Indrebø skriv (2001: 307). Men når det jamt over vart skrive mindre, og skriveopplæringa var så som så, måtte det bli vanskeleg å halde ved like eit skriftspråk som etter kvart skilde seg mykje frå talemålet.

Bygdemålsstekstane som dukkar opp utpå 1600-talet står heilt utanfor den gamle tradisjonen, og viser eit språk tilnærma likt nynorsk. Dei er dessutan

freistnader på «ljodrette uppskrifter, kvar etter sitt bygdemål» (loc.cit.). Dette tradisjonsbrotet forsterkar skilnaden, og skjuler ei langt meir gradvis utvikling som vi berre delvis kan spore i skrivne tekstar frå ikring 1500.

Både for talemålet og skriftspråket var framande lån ein viktig endringsfaktor. Dei politiske tilhøva på 1400-talet, med danske kongar og etter kvart mykje danskfødd adel i Noreg, gjorde dansk til eit prestisjespråk, samstundes som innflytta danskar naturlegvis nytta sitt eige språk. Svensk påverknad var merkande tidlegare, men ikkje så mykje etter 1450. Mange lågtyske lånord vart tekne opp i svensk og dansk i mellomalderen, og kom derifrå inn i norsk; dette gjeld mange av dei lågtyske lånorda vi har i dag. Spesielt kom låna i samband med nye frasar og formlar i diplomspråket. Syntaktiske konstruksjonar kunne òg lånast inn i denne samanhengen.

Jamsides med desse låna endra det norske språket seg drastisk. Låna er ikkje heile årsaka til novasjonane, grunnlaget låg i språket sjølv (sjå 2.3.3 under). Endringane gjaldt alle sider av språket: Ordstilling, formverk og ljodverk. Utfordringa er å sjå kva som kan førast attende til kvar av desse tre ulike faktorane.

2.1.3 Særdrag ved diploma som språkhistoriske kjelder

I arbeidet med diplommaterialet er det lett å byrje å rekne opp former for å vise kva som er vanlegast. Dette er neppe den beste tilnærminga, utan nokre atterhald. Finn Hødnebo (1971: 153) seier det så sterkt: «(...) en flyktig undersøkelse som bare anvender en statistisk metode uten å analysere hvert enkelt aktstykk i DN, er verdiløs og bare egnet til å forvirre.» I ei rein opprekning av former, kan eitt diplom komma til å vega mykje tyngre enn eit anna, berre fordi skrivaren finn det for godt å gjenta ei særskild form fleire gonger. Ei forbetring er difor å rekne diplom, heller enn einskildformer. Men ein lyt samstundes sjå på heilskapen i brevet, «hvert enkelt aktstykk må nøye analyseres før det kan trekkes inn som noenlunde sikkert materiale for lingvistisk og leksikografisk behandling» (ibid.: 146). Her skal eg likevel ta eit atterhald: For ein studie av skriftspråket er dei fleste kjelder jamgode, men når det kjem til kunnskap om talemålet må ein vera meir på vakt mot tekstar med openberre framande drag. Dette skil arbeidet med norske mellomalderdokument frå korpusstidar av moderne språk; med eit meir einskapleg språk er det mykje lettare å nå fram til gyldige resultat med ein reint statistisk eller kvantitativ metode. Mellomalderdokumenta må først undersøkjast kvalitativt, før dei kan tene som grunnlag for noko talmateriale.

I samband med dette må ein òg nemne bruken av formlar og faste ordelag. Sidan desse kunne kopierast frå eldre diplom, verka dei heilt sikkert konserverande på skriftspråket. Dette fører til to viktige poeng:

- (1) Friare formuleringar er meir truande til å representere faktisk språkbruk enn formlar.
- (2) Avvik frå tradisjonelle former i formlar er truleg reelle, sidan dei bryt med skrifttradisjonen.

Dette er i røynda to sider av same sak, og har med både skriveopplæringa og skriveprosessen å gjera. Ein må rekne med at skriveopplæringa gjekk føre seg ved avskrift (Grøtvedt 1974: 231). Likeins er det vel ikkje for dristig å rekne med at skrivaren gjerne hadde eldre brev framføre seg når han skreiv – og heilt sikkert hadde han det når det er snakk om at dei involverte partane hadde med seg brev som prov, eller ved utsteding av vidisser. Dermed var det lett å gjera dei faste uttrykka etter, og dei er difor ikkje gode argument for at formene verkeleg levde. (Jf. Hagland 2005: 106–107.)

Verre vart det når det ikkje fanst nokon mal, når skrivaren laut formulere eit saksforhold e.l. på eiga hand. Da måtte han i større grad følgje si eiga språk-kjensle, forma av både talemål og skriveopplæring. Men når det gamle formsystemet ikkje blir halde opp eingong ved faste ordelag, er dette eit tydeleg teikn på språkendringar. Ei form som hadde støtte både i skrifttradisjon og talemål skulle ein vente heldt seg.

2.1.4 Skilnad appellativ ~ propria

Alle substantiv utvikla seg ikkje likt; jamvel om dei vart bøygde likt i norrønt, er det merkande skilnad mellom appellativ og propria i mellom-norsk. Sidan propria førekjem ofte i diploma, og er heilt dominerande i dei to jordebøkene (mest stadnamn), kan det vera på sin plass å sjå litt på skilnadene i høve til kasusbøying.

Åse Wetås drøftar skilnaden, både i høve til teori og eldre studiar av norsk og andre språk, og ut frå eigne undersøkingar. Ho meiner at spesielt personnamn blir så knytte til personen dei refererer til, at dei ikkje lenger blir assosierte med resten av leksikonet. For stadnamna kjem dette meir over tid: Ofte er dei danna som korte landskapsskildringar, men etter kvart blir dei oppfatta meir refererande enn skildrande, og får same status som personnamna (Wetås 2003: 290). Ho nemner vidare ei rekkje døme på at propria syner endringar eller endringsprosessar tidlegare enn appellativisk materiale. Eit døme er at attributive adjektiv ofte er kasusmerkte, medan personnamna dei står til, ikkje er det. Dette finst det òg døme på i andre språk, attåt dei skandinaviske nemner ho gammalfransk (ibid.: 281–288).

Grøtvedt (1974: 142) meiner i tråd med dette at «personnavn i mindre grad enn appellativer slutter seg til faste bøyningssystemer,» og understrekar den store variasjonen. Pettersen hevdar tvert imot at det er «nærmest forbløffende hvor godt dativmarkering holdt seg i navn» (1991: 513). Det går fram av det han skriv andre stader at dette gjeld personnamn, ikkje stadnamn: «Det er (...) helst personnavn vi finner med nominativmarkering» (ibid.: 18), sjå òg døma hans på markert dativ (ibid.: 22). Men jamvel Pettersen finn stor vakling i genitiv ved personnamna: «[P]ersonnavn og patronymika mangler genitivmarkering» (ibid.: 524). Endringane kjem tidlegare til uttrykk i genitiv, og spesielt patronymika får overgang *-ar* > *-s* i fugen (Wetås 2003: 283 med referansar; Grøtvedt 1974: 143).

Eit problem med dativmarkering av stadnamn, er at det ofte var den gamle dativforma som vart til ny nemneform, truleg fordi kombinasjonen preposisjon + stadnamn førde til at dativforma vart den mest frekvente

(Wetås 2003: 292, etter Gustav Indrebø). Ein bør difor vera spesielt forsiktig med å bruke slike former som prov på at dativ framleis lever.

I ein merknad til erkebisp Gautes oversyn over krongodset i Trøndelag, oppgjev utgjevarane at dativendinga *-e/-om* i fleire gardsnamn er markert med ein prikk (Brinchmann og Agerholt 1926: 127). Denne markeringa vekslar med både utskrivne dativformer og grunnformer, og tener som eit praktisk døme på kor lite pålitande stadnamna er.

2.1.5 Språklege regionar

Studien min er geografisk avgrensa; eg held meg til det som standardverka i dag kallar det trøndske målområdet, dvs. dei to Trøndelagsfylka og Nordmøre (sjå t.d. Skjekkeland 1997: 276). Slike inndelingar er alltid i nokon mon arbitrære og strukturerte av seinare oppfatningar, og ikkje minst avhengige av kva isoglossar ein reknar for avgjerande. Ein kan nok òg mistenkjast for å overføre moderne oppfatningar på materialet, altså tilpasse terrenget til kartet. Helge Sandøy kritiserer tanken på ein samanheng mellom region i historisk, sosial eller kulturell forstand og språkområde, og finn at i dagens Trøndelag er det «lite som samlar som språklig region, derimot er det mye som skil» (2006: 28).

Dei klassiske arbeida om dialektskilnader i norrønt er bøkene hans Marius Hægstad. Han granska språket i Trøndelag og Vest-Noreg (med Vesterhavsoyane), og skilde ut trøndsk som eit eige målområde (sjå Hagland 2004: 389–394 for eit oversyn over målmerka). Det skal likevel nemnast at inndelingane hans bygde på ljodverket, medan eg tek for meg formverket, der skilnadene var svært små (sjå òg Noreen 1923: § 9 om norsk og islandsk, § 14 om norske dialektar, med mest berre ljodlege målmerke). Innendingane hans Sandøy er sikkert like gyldige for språklege regionar i eldre tid òg, men av reint praktiske skil tener ei geografisk avgrensing eit føremål: Det reduserer materialet til ei mengd det er mogleg å handsame. Skal vi trengje djupare inn i dei språklege endringane som skjedde i mellomnorsk, trengst omfattande grunnarbeid med kjeldene, og det står ikkje i nokon manns makt å få oversikt over alle tekstminne frå denne tida.

2.2 Morfologisk teori

I mangt har eg følgd *Norsk morfologi* av Jarle Rønhovd (1997). Det som først og fremst er viktig innleiingsvis, er definisjonen av ordklassar, termene kategori og trekk, og korleis desse kan brukast i språkanalysar.

2.2.1 Ordklassar, kategoriar og trekk

Når det gjeld inndelingane av ordklassar, viser eg til Rønhovd (1997: 86–95) og Haugen (1998: 98–106). Eit par sider ved inndelingane må likevel nemnast:

Ein viktig skilnad mellom norrønt og moderne norsk, er at norrønt vanta personlege pronomen i 3. person eintal inkjekjønn og heile 3. person fleirtal. I staden vart former av demonstrativet *sá* nytta. I moderne norsk reknar vi

«desse formene som pronomen og som ulike ord frå dei tilsvarande determinativa» (Rønhovd 1997: 60–61). Korleis det har seg i mellomnorsk, kjem eg attende til i 3.1.

Bunden form fortener ei eiga utgreiing. Den etterhengte, bundne artikkelen *inn* var i norrønt eit determinativ som følgde den sterke adjektivbøyinga, og både ordstammen og den bundne artikkelen vart bøygde. Mot slutten av 1400-talet er det berre unnataksvis at både stammen og artikkelen blir bøygde, og det gjev dermed meir meining å setje opp paradigme for bunden og ubunden form i substantivbøyinga, enn å ta for seg bunden form i lag med adjektiva (eller determinativa). Dette er òg i tråd med analysen av moderne norsk.

Ulike ordklassar kan kombinerast med forskjellige *kategoriar*. Kategoriar er grupper av *trekk* som uttrykkjer ei side ved språket, t.d. *numerus*, (med trekka singular, dual og plural), *modus* (med trekka indikativ, konjunktiv og imperativ) og *kasus* (med trekka nominativ, genitiv, dativ og akkusativ). Kategorien kasus er emnet mitt, og han er relevant for følgjande ordklassar: substantiv, adjektiv, pronomen og determinativ. (Ein kunne her òg teke med verbpartisipp, men sidan desse følgjer adjektivbøyinga kan dei handsamast i lag med ho.) Andre ordklassar ser eg berre på i den grad dei påverkar kasusbruken, som verb og preposisjonar som styrer kasus på komplementet sitt; bøyging og former der er eg ikkje oppteken av i denne omgangen.

Medan ei rekkje kategoriar som kasus, modus og person (i verbbøyinga) vart svekte eller forsvann i overgangen frå norrønt til nynorsk, vart *definitiv* etablert som ein grammatisk kategori i språket. Så lenge substantivet og artikkelen vart bøygde uavhengig av kvarandre, er det vel ein definisjonssak om det eksisterer som kategori, men jamsides svekkinga av andre kategoriar, styrkte definitiv stillinga si (Haugen 1976: 298).

2.2.2 Word and Paradigm-analysis

Den morfologiske modellen Rønhovd nyttar er Word and Paradigm-analysis (WP). I motsetnad til andre analysemodellar føreset han ikkje ei oppdeling av ord i morfem, men har heile ordformer som grunneiningar. Dette er praktisk for språk som norrønt, der same ending kan uttrykkje fleire trekk samstundes, såkalla kumulativ eksponens, t.d. slik at *-um* i *bókum* uttrykkjer både kasus (dativ) og numerus (plural). For å vise kva ordformer som er moglege, brukar WP-analysen paradigme, som er «ei systematisk oppstilling av ordformer der det går fram kva trekk som opptre, korleis desse trekka kan kombinerast, og kva affiks som korresponderer til dei ulike kombinasjonane av trekk» (Rønhovd 1997: 33).

Det indoeuropeiske mønsteret, som enno fanst i urnordisk, var rot + suffiks + ending. Alle former av ordet var bøygde former, stammen (rot + suffiks) eksisterte ikkje som eiga form. Alle former er da likeverdige i paradigmet. Gjennom lødutviklinga endra ordformene karakter til stamme + ending, der stammen samstundes kunne opptre som eiga form, ei grunnform (Brøndum-Nielsen 1935: 1). Eit slikt mønster gjer kasusendinga til meir av eit tillegg, og stammeforma framstår som ei umarkert normalform av ordet. I språk der

ein ikkje kan isolere ein stamme som samstundes er eiga ordform, må ein snakke om kasusformer heller enn kasusendingar (Blake 2001: 2–3), og kvar form har ei meir sjølvstendig stilling.

I framstillingar av norsk og norrønt blir paradigma vanlegvis sette opp med eit typeord, som representerer einkvan bøyingsklassen. I og med at materialet mitt er så lite, er det ingen ord som har døme på alle former. Dermed blir det mest praktiske for mine føremål å setje opp bøyingsmønster over endingane, der kvar bøyingsending realiserer fleire trekk. Fonologiske prosessar i fugen mellom stammen og endinga er ikkje fleire enn at dei kan ignorerast i oversyna, så lenge ein er klår over at dei finst (t.d. *sin + t > sitt* i adjektivbøyinga).

2.3 *Fleksjonsforenkling*²

Mange språk kringom i verda har eit eller anna kasussystem, og difor er det naturleg å sjå om ein kan seie noko generelt om kasusendingar. Historisk språkvitskap har som nemnt konsentrert seg meir om fonologi enn morfologi (eit godt døme er at ei innføringsbok som Campbell 2004 knapt nemner morfologiske endringar), men Blake 2001 er ei innføring i kasusanalyse, med eit kapittel om «life cycle of case systems.» Alle dei indoeuropeiske språka har i større eller mindre grad gått gjennom dei same endringane som norsk. Dei fleste germanske språka og alle dei romanske, har gått frå system med fleire kasus til system utan.

Blake legg mest vekt på fonologiske endringar som årsak til kasussamanfall: «The case system of Classical Latin was severely eroded by phonological change» (Blake 2001: 175) og tilsvarande om gammalengelsk: «Two phonological changes destroyed the system» (ibid.: 177). Men han nemner samstundes endringar som at små bøyingsklassar går opp i dei større, og dominante former spreier seg til andre paradigme. Desse siste endringane er av eit grunnleggjande anna slag enn dei første, og til ein viss grad kan ein forsvare ei todeling av prosessar i bortfallet av eit kasussystem:

- (1) Fonologiske endringar. Dei fører til at det ikkje blir skilnad mellom dei ulike formene, og dermed umogleg å oppretthalde kasussystemet.
- (2) Morfologiske endringar. Med dette meiner eg analogiutviklingar av ymse slag, slik at dei mest talrike paradigma dannar mønster for dei mindre.

Ei onnor side ved språkendingar generelt, er tilhøvet mellom indre utvikling og påverknad frå andre språk. For skandinavisk har kontakten med mellomlågtysk, språket åt hanseatane som dominerte handelen, vorte trekt fram som ei årsak til dei morfologiske endringane. Sjå vidare 2.3.3 om dette.

2 «Fleksjonsforenkling» er det beste norske ordet eg kan komma på for det Norde 1997 omtalar som «deflection».

2.3.1 Fonologiske endringar

Forklaringar tufta på fonologiske endringar har vore sentrale, ikkje berre i norsk språkhistorie, men òg andre germanske og romanske språk. Eg nemnde over korleis Blake framstiller «loss of case marking» (2001: 175–180), med sterk vekt på fonologiske endringar. Dei meir analogiske endringane han nemner, får ein sekundær plass i framstillinga. Rafael Lapesa (1981: 72–73) forklårer utviklinga frå latin til gammalspansk på same sett: Reduksjon/samanfall av endingsvokalar og *m*-bortfall i utljod leivde berre restar av opposisjonane i klassisk latin. I romanske språk fall samstundes inkjekjønns bort, helst ved at 2. deklinasjonsorda føydde seg til hankjønnsorda og tok over *s*-endinga deira i fleirtal, medan somme 3. deklinasjonsord vart reanalyserte som hokjønnsord (sidan nom.sg.f. i 1. deklinasjon og nom.pl.n. i 3. hadde same ending i latin). I motsetnad til det fonologiske samanfallet var dette ei reint morfologisk endring.

Vi legg merke til at det er noko av dei same ljodendringane som går føre seg i norsk: Reduksjon av endingsvokalar og *r*-bortfall i utljod (parallelt med *m*-bortfallet i romansk) førte til samanfall mellom kasusformer, og gjorde ytterlegare analogisk utjamning mogleg. Når skilnadene forsvinn i dei mest talrike bøyingsklassane, kan resten lett følgje med i dragsuget. Men det er nokre skilnader, som først og fremst viser seg som dialektskilnader i norsk. Det ymsar t.d. mykje kor vidt reduksjonen til [ə] i trykklett utljod går; enno i dag har mange dialektar dei same tre endingsvokalane som norrønt, og fleire er somme stader komne til ved seinare ljodendringar. Dermed kan ikkje ljodendringar vera den *einaste* forklåringa på kasusbortfallet, men heller ein del av eit forklåringskompleks.

2.3.2 Systeminterne endringar

Trond Trosterud har som utgangspunkt at «the reason for the breakdown of the person-number agreement and case system were not primarily phonological, but (...) must be sought from within the inflectional system itself» (2001: 153). Små endringar i bøyingsendingane førde til utvida synkretismar i systemet. Ut frå dei morfologiske reglane han set opp for å danne ulike former, går systemet frå ein regel for kvar form, til ein grunnregel med unnatak («from rules of exponence to elsewhere rules and rules of referral», ibid.: 185). Når «rules of exponence» blir endra slik, går unnataka lett over til å bli dekte av grunnregelen, i hans terminologi er heile systemet «potentially covered by the general rule» (ibid.: 167).

I norrønt var det fleire synkretismar som kunne spreie seg vidare. I substantivbøyinga var det berre linne han- og hokjønnsord i eintal og sterke hankjønnsord som markerte skiljet nom. ~ akk. (samt nokre små bøyingsklassar som *ijō*-stammane). I nom.sg.m. av sterke substantiv vart dette skiljet oppheva tidleg, ved at *-(e)r* byrja falle allereie på 1300-talet (Indrebø 2001: 122), og vegen var kort til samanfall i ei grunnform. I dei linne substantiva heldt denne opposisjonen seg lenger, og kan vera markert heilt ned mot 1500 (Mørck 2004: 417). Demonstrativa viste same tendens, der dei gamle nominativformene *sá*, *sú* og *sjá* (med *þessi* som mellomsteg) vart

trengde ut av akkusativformer ikring 1400 (Indrebø 2001: 239).

I bunden form var endingane meir ulike, spesielt så lenge den indre bøyinga vart halden ved like, og det var færre synkretismar. Men når kasusskilja vart borte andre stader i systemet, ville det vera kort veg til å ålmenngjera denne forenklinga. Eit anna viktig poeng med bunden form, er at når den indre bøyinga forsvann, og det vart meir av ei bøyingsending, kunne endingar som tidlegare hadde markert kasus samstundes eller i staden, markere definitivt (Trosterud 2001: 183–184).

Ei onnor vinkling på språkinterne endringar, er knytt til språket som kommunikasjonsmiddel; semantiske tilhøve som kjem fram på andre vis, treng ikkje uttrykkjast gjennom kasusendingar attåt. I ein artikkel om utviklinga av fleksjonen i dansk, kjem Edith Marold til at endringane i bøyingssystemet «in großen Teilen eher als Aufgabe von redundanten morphologischen Formen zu interpretieren sind, denn als Konsequenzen von phonologischen Veränderungen der Endsilben» (1984: 320). Redundansen oppstår når andre uttrykksmåtar markerer dei syntaktiske tilhøva, viktigast her er ordstilling.

2.3.3 Språkkontakt

I motsetnad til Trosterud finn ikkje Marold årsaka til endringane først og fremst i systemet, men i sosiolingvistiske tilhøve, og ikkje eingong i kontakten med mellomlågtyisk:

Die Ursache zu dieser Erscheinung ist in der Diglossiesituation zu suchen, die in den skandinavischen Ländern entstand, die das eigene sprachlich-literarische Erbe aufgaben und Latein als Kultur- und Literatursprache annahmen. (Marold 1984: 326).

Dette gjeld svært tidleg, medan «Latein war die Sprache der als überlegen gefühlten lateinisch-christlichen Kultur» (ibid.: 324). Seinare kjem mellomlågtyisk inn attåt latin. Einar Haugen følgjer opp: «The native languages [i Skandinavia] were not highly esteemed, since Lat[in] was the language of Church and learning, [mellomlågtyisk] that of commerce and politics» (1976: 253). Noreg fekk seinare ein liknande situasjon som Danmark hadde tidleg, hjå oss med dansk (og til dels svensk) som prestisjespråk i lag med mellomlågtyisk.

Einar Haugen legg stor vekt på den mellomlågtyiske påverknaden, og meiner han «did leave tremendous influences behind» (ibid.: 65). For dette talar at utviklinga oftast starta i område med stor kontakt med tyskarane, men verka mindre i utkantstrok. Han ser på Nordsjø-området (mellomengelsk, mellomlågtyisk og mellomskandinavisk) som eit utviklingsområde, medan utkantspråka islandsk, færøysk og mellomhøgtyisk heldt seg meir konservative (ibid.: 285). Muriel Norde (1997: 35–36) diskuterer dette tilhøvet, og nemner t.d. at utviklinga i islandsk og færøysk langt frå er parallell. At islandsk heldt seg såvidt konservativt kan heller forklårast med busetjingsmønster og skriftkultur enn geografisk isolasjon (ibid.: 36, med tilvisingar). Dette høver òg med den sosiolingvistiske forklaringa hennar Marold: Latin eller andre framande språk fekk aldri den same stillinga der, og islandsk vart

halde i hevd som kulturspråk samanhengande fram til moderne tid. På same sett forklårer det kvifor endringane skjedde tre–fire hundre år seinare i Noreg enn i Danmark, sidan den mellomlågtyske påverknaden var langt veikare her, og i stor mon kom omveges, gjennom dansk.

For ein studie av språk og språkkontakt på denne tida, er det av interesse korleis lånord tilpassar seg bøyingssystemet. Det har vore gjengs teori at lånord, for skandinavisk vil det seie frå mellomlågtysk, ikkje følgjer det gamle bøyingsmønsteret, og difor driv fram endringar i dette (Indrebø 2001: 233 må tolkast slik, Norde 1997: 42 har tilvisingar til andre).

Norde argumenterer mot dette synet (1997: 42–45). Dersom lånord blir tekne opp i språket utan å tilpassa seg bøyingsystemet, vil dette svekkje stoda åt kasus i det heile; men i svensk vart lånord tidleg tilpassa arveorda. Seinare kom mange lågtyske ord inn utan ending – men da hadde kasus-samanfallet allereie sett inn i arveorda òg. Ho konkluderer med at kontakten med mellomlågtysk berre aksellererte ein prosess som allereie var i gang; ei forenkling av bøyingsystemet låg latent i skandinavisk (Norde 1997: 47). Marold kjem til det same, rett og slett fordi gammaldansk og mellomlågtysk «nicht so verschieden [waren], daß ihre Formensysteme einer Verständigung im Wege standen» (Marold 1984: 323). (Det er dette som leier ho til å leggje «skulda» på latin.)

2.3.4 Kombinerte forklåringar

Eit einseitig fokus på fonetisk svekking av bøyingsendingane som forklåring på kasusbortfall blir i beste fall ei overforenkling. I *Vulgar Latin* formulerer József Herman dette tydeleg:

The distinctions that survived the phonetic developments were about as many in number as those that had eroded, and if the tendency to weaken these distinctions was the one that prevailed, then this must have been due to other reasons in addition to the phonetic ones. We can only deduce, then, that functional factors were the ones that led to the eventual definitive abandonment of all the old inflectional systems even where the inflections were still distinctive. (Herman 2000: 53).

Han gjev vidare (s. 53–57) ei lang rekkje døme på korleis kasusformer vart blanda saman, jamvel om formene deira framleis var forskjellige; dei var «genuine morphological confusions, caused by the progressive loss of the semantic distinctions between the inflections in question (ibid.: 57). Slik må det òg ha vore i Noreg, særskilt i dei dialektane som heldt oppe ulike endingsvokalar.

Eit slikt balansert syn er òg det som kjem fram i eit nytt oversiktsverk som språkhistoria åt Arne Torp og Lars Vikør. Dei held fram at «lydutviklinga kan ikkje bere eineansvaret for at så mye av den norrøne morfologien er gått tapt på vegen fram mot moderne norsk», og ser kasusbortfallet som eit samspel mellom ljodutvikling og syntaktiske endringar som gjorde kasus-endingane overflødige (2003: 96–97). Eit anna poeng dei trekkjer fram, er språkkontakten med mellomlågtysk, som eg har vore inne på.

Ulike utviklingar kan førast til éin av dei to kategoriane endringar, men eit

gjennomført kasusbortfall vil vera eit samspel, der dei styrker kvarandre. Fonologiske endringar aukar talet på synkretismar, og gjer systemet meir sårbart, morfologiske endringar fører til eliminering av små bøyingsklassar, og samanfall av former som berre er marginalt forskjellige. Og som elles, er kontakt med andre språk ei viktig drivkraft i språkendringar.

2.4 Kjeldematerialet

Som nemnt innleiingsvis er hovudmaterialet mitt diplom. Diplomatarium av same type som det norske finst for fleire europeiske språk. António H.A. Emiliano klagar over tilstanden for dei portugisiske mellomalderdokumenta, og set opp nokre grunnleggjande krav til slikt materiale (2004: 34). Som mest grunnleggjande reknar han eit oversyn over eksisterande tekstar, noko vi i og for seg har i *Regesta Norvegica*, men så langt er ikkje denne serien førd lenger enn til 1404. Jamvel om det finst lite anna enn det som er trykt i *Diplomatarium Norvegicum* (heretter DN), vil det vera ei lette for arbeidet med materialet når det kronologiske oversynet i *Regesta* er ført lenger framover.

2.4.1 Diplomatarium Norvegicum

Dette kjeldeverket for norsk mellomalder kom ut med første band i 1847, og er enno ikkje avslutta. Dei 22 banda inneheld ikring 19 000 dokument frå føre 1570. Saman med nokre få jordebøker er det dei einaste språklege kjeldene vi har til perioden frå sist på 1300-talet og framover. Den søkbare nettutgåva av diplomatariet (dei første 21 banda) gjer diploma lett tilgjengelege, og er den største føremonen med den norske utgåva, men det heftar òg nokre veiskapar med diploma som språkhistoriske kjelder.

Den viktigaste er venteleg skilnaden mellom det Emiliano kallar «transcrição», ei nøyaktig attgjeving av originalteksten, teikn for teikn; og «transliteração», ei utgåve med oppløyse avstyttingar, moderne typar og teiknsetjing; der det siste bør vera grunnlaget for lingvistiske undersøkingar (Emiliano 2004: 36–37). I DN er ikkje oppløyse avstyttingar markerte i utgåvene. Det fører til at ein som ikkje har tilgjenge til originaldokumenta ikkje ser kva former som er reelle og kva avskrivaren har løyst opp etter mønster av språket elles. Berre dei formene som faktisk finst, er reelle kjelder til språket. Spesielt avstyttingar, der vi ikkje eingong kjenner til kva ljodteikn som var bruka, gjev såleis liten informasjon.

Ustø rettskriving og avstyttingar gjer særskilt fonologien til eit usikkert område, der det er vandt å trekkje sikre slutningar. Skulle eg gjort ein fonologisk analyse av dette materialet, måtte eg studert tekstane i original. For morfologien sin del har vi den føremonen at den eksakte ljodverdien ikkje er så viktig. Det sentrale er opposisjonane og strukturen i systemet, meir enn den nøyaktige fonetiske verdien; om det står *-e* eller *-i* i endinga er ikkje så viktig, så lenge det skil seg frå *-a*. I det klassiske norrøne systemet er det heller ingen morfologiske opposisjonar mellom *-i* (*-e*) og *-u* (*-o*), berre mellom *-a* og annan vokal (Trosterud 2001: 183). Oftast er ikkje eingong denne skilnaden viktig, men ending eller frávær av ending, som i dat.sg. av

sterke substantiv. Eg har difor nøydd meg med å studere tekstane som dei ligg føre i trykt utgåve.

2.4.2 Materialet mitt

Hovudmaterialet er altså diplom frå DN. Dei diploma eg har funne som er tid- og heimfest til Trøndelag 1470–1500, er lista opp i tabellen under; dei eg brukar i undersøkinga mi er nummererte frå 1–32. Dei breva eg har skote ut er skrivne på framandt mål, latin eller dansk. I dei breva som er att, kan det vera sterkare eller svakare drag av desse språka, men i botnen er dei alle norske.

<i>Nr</i>	<i>År</i>	<i>DN-nr</i>	<i>Stad</i>	
1	1470	V 868	Trondheim	
2	1470	XVI 241	Trondheim	
3	1471	IV 970	Aspa	
4	1472	III 898	Trondheim	
	1472	XVI 252	Trondheim	På latin
5	1473	II 888	Trondheim	[<i>Vidisse frå 1585!</i>]
6	1473	XIV 117	Levanger	
7	1475	II 898	Trondheim	
8	1475	X 249	Trondheim	
9	1476	XI 239	Vinje, Snåsa	
10	1478	XI 243	Trondheim	
11	1478	XVI 269	Trondheim	
	1479	VII 486	Reinskloster	Dansklita, berre overlevert i vidisse frå 1520
	1479	VIII 406	Trondheim	På latin
	1479	XVI 271	Trondheim	På latin
12	1480	XI 246	Frei	
13	1480	XIV 141	Nidaros	
	1483	I 935	Nidaros	Av kong Hans, på dansk
	1483	VI 592	Nidaros	
14	1483	X 260	Aspa	
15	1483	X 261	Aspa	
	1483	XV 106	Trondheim	Kopi av eit dansk brev
16	1484	V 923	Trondheim	
17	1487	III 959	Trondheim	
18	1487	XIV 164	Trondheim	
19	1488	V 938	Bor, Skogn	Vidisse frå 1494 [<i>dvs. V 968</i>]
20	1488	III 965	Trondheim	
21	1488	V 939	Trondheim	[<i>Likeins innteke i V 968</i>]
22	1489	X 269	Frei	
23	1489	XI 257	Singsås	Svært dårleg skrivvar
24	ca. 1490	XII 267	Aspa	1490–1500, «maaske nærmere förstnævnte Aar»
25	1490	XVI 306	Trondheim	
26	1492	II 971	Oppdal	
	1493	XVIII 129	Trondheim	På latin

	1493	XVIII 130	Trondheim	På latin
27	1494	V 968	Trondheim	[<i>Inneheld V 938–939 over</i>]
28	1495	I 985	Trondheim	
29	1497	V 976	Aure	
30	1497	V 977	Trondheim	
31	1499	XV 124	Honnestad, Surnadal	DN nemner 1454 som eit alternativt årstal, men språkforma ser yngre ut
32	1500	XI 278	Trondheim	
	1500	XIV 193	Trondheim	Norskblanda dansk

DN VII 486 er ei vidisse frå 1520. Ho viser mange danske drag (*huis, thog*, for /p/), og fleire hyperkorreksjonar (*med minum obenum breff, thil worum closter, thil euigom thid*)³. Av særdrag som verkar vera norske, er helst *di*, personleg pronomen i 3.p.pl., jf. talemålsformer i nyare tid. Jan Ragnar Hagland har teke for seg tilhøvet mellom originalar og avskrifter, og kjem til at det er «overlag liten variasjon mellom original og avskrift om vi held oss til det morfologiske planet i skriftspråket» (1976: 4). Det utvalet han tek for seg, er frå tida 1325 (eldste original) til 1360 (yngste avskrift), og det er aldri meir enn 17 år mellom vidissa og førelegget. Attåt denne viktige skilnaden, i mitt høve er det 41 år mellom, må ein rekne med at språket midt på 1300-talet var meir stabilt enn ikring 1500: «Brevi frå dei fyrste 20 åri etter 1350 skil seg ikkje mykje frå brev skrivne i åri nærmast fyre 1350,» skriv Indrebø (2001: 201); det er først frå ikring 1370–1380 at ustøda syner seg i skrift (ibid.: 202). Ut frå dette synest det som vidisser ikkje er fullt pålitande i språkgranskingar så seint som det her er snakk om, men kanskje kan brukast varleg, slik at ein kan rekne med at tradisjonelle former i vidissa stod i førelegget, men ikkje omvendt. [*Ein kan òg stø seg til at ortografien oftare blir brigda enn morfologien. Jf. elles Pettersen 1975: 26–34 om tilhøvet mellom original og vidisse.*]

Tekst 2 og 13 er båe utferda av erkebispene Olav Trondsson og Gaute Ivarsson, og i breva deira er det til vanleg skrive bra norsk (jf. Indrebø 2001: 188). Men her vender dei seg åt svenskar (høvesvis ålmugen i Hodal sokn i Herjedalen og fogden i Jämtland), og språket har eit mykje meir framandt preg. Dette er elles eit vanleg trekk, mange tilpassa seg mottakaren når dei skreiv. Somtid kan det jamvel vera slik at mottakaren har skrive heile brevet, og sendaren berre har skrive under. Ein ser òg ofte at folk av ålmugen freistar bruke høvisk språk når dei vender seg til høgre embetsmenn eller kongen. (Sjå Hødnebo 1971: 148–149 om mottakartilpassing.)

Attåt diploma har eg bruka dei to jordebøkene etter erkebisp Gaute. Den første, over eigedommane åt erkebispesetet, har tittelen *Stolssens landskyld* (heretter SL, paginert 1–12) og er datert 1491. Oversynet over krongodset i Trøndelag er kalla *Konungx jorder* (heretter KJ, paginert 1–12) og er ikkje tidfest, men må vera skrive i perioden 1481–1510 (Brinchmann og Agerholt

3 Indrebø nemner rett nok overføring av adjektivendinga *-om* frå hankjønn til inkjekjønn og jamvel hokjønn (2001: 334), men det er vel meir truleg at dette er hyperkorreksjonar i skrift enn reelle talemålsformer.

1926: 23*). Det er dimesd 2/3 sjanse for at det fell inn i tidsrommet mitt, og eg tek det med. Det er vel elles ikkje utenkjande at b  e oversiktene vart skrivne samstundes, utan at det blir anna enn gjetting. Som andre jordeb  ker er dei sv  rt stereotype i formen, p   typen oppslag (dvs. gardnamn) – landskuld. Somme stader er det likevel s  pass l  pande tekst at det kan tene som kjelde i ei slik unders  king.

For jordeb  kene kan ei jamf  ring med Aslak Bolts jordebok (heretter AB) vera gjevande. Ho vart oppdatert enno under Gaute, og det er interessant at tilf  rslane ikkje alltid svarar til teksten i Gautes eigne jordeb  ker. Ho var bruka som kjelde til desse, ei oppf  ring som *Af Ree sydhre garden effter gambla registrvm b. f. span* viser det tydeleg, *gambla registrvm* kan ikkje vera anna. Men trass i at AB tente som kjelde, er spr  ket modernisert, t.d. vekslar *aura bol* og *  ris bol* (*bol* forkorta *b.*) i AB, men i dei nyare b  kene er det berre eitt d  me p   *aura bol*.

2.4.3 Skrivemilj  

I studiar av diplommaterialet har mange freista    dele inn tekstane etter skrivar og skrivemilj  , ut fr   ein tanke om at bondebrev gjerne er mindre framandt p  verka enn brev fr   h  gre sosiale klassar, der det b  de fanst mange danske slekter, og meir kontakt utover gjorde dansk p  verknad enklare. Gustav Indreb   viser i *Norsk m  lsoga* at spr  klege nyvinningar spreidde seg sosialt, fr   kongebrev og adel nedover til dei meir konservative bondebrev (Indreb   2001: 177–196).

I Tr  ndelag var naturleg nok erkebispesetet det kulturelle sentrumet, og enda meir overrepresentert er det i diplomatariet p  ga. av at dei var flinkare enn folk flest til    arkivere dokumenta sine, slik at ein st  rre del er overlevert til i dag. Av dei 32 nummererte diploma over, er erkebispenn innblanda i 16, anten som utferdar, eller det er nemnt at han er til stades. Tre av desse breva er skrivne utanfor Trondheim. Det gjeld kvitteringar for ombod Ivar Trondsson i Aspa har hatt for kyrkja, og er skrivne i Aspa (14 og 15) og Frei (22); dei er n  r identiske i s   vel innhald som ortografi.

Lagmann Erik Amundsson verka i heile perioden min, og er innblanda i fleire brev fr   Trondheim og eitt fr   Levanger (tekst 6). Han st  r sj  lv som utferdar berre i 25; brev nr. 1, 6 og 7 har b  nder eller borgarar som utferdarar, men n  r lagmannen var til stades er det truleg at han anten stilte skrivar eller skreiv sj  lv. I 11 og 21 er han nemnt blant utferdarane, i lag med ein dekn, kannikar og r  dmenn. I tre brev er b  de han og erkebispenn til stades (20, 25 og 30), og vi ser samspelet mellom kyrkjeleg og verdsleg makt: I 20 d  mmer dei saman med fem r  dmenn i ei arvesak, i 25 d  mmer lagmannen i ei arvesak med erkebispenn og ein riksr  d til stades, og i 30 er lagmannen, i lag med fleire andre, vitne til at Ingegerd Erlendsdotter gjev ei stor jordeg  ve til domkyrkja, med erkebispenn til stades.

Dei to breva fr   byen der korgje av dei er nemnde, er 10 og 27. Tekst 27 er ei vidisse av tre eldre brev, utferda av kannikar og r  dmenn, og kan s  leis seiast    h  yre til b  de den kyrkjelege og den verdslege makta; likevel er det det n  raste vi kjem eit borgarbrev. Tekst 10 er p   alle vis eit bondebrev, om

salet av ein gard i Tydal, innseglarane er bønder og presten i Selbu. Det kan verke som om dei laut til Trondheim for å få nokon til å skrive for seg.

Aspa var tydelegvis eit maktsentrum på Nordvestlandet. Attåt dei tre nemnde breva erkebispfen ferda ut der, stod Ivar Trondsson sjølv attom tre (3, 12 og 24; 3 nemner ein annan utferdar, som sel jord til Ivar Trondsson). Personane som vitnar går att i desse breva, og viser at det langt frå var tilfeldig kven som vart henta inn som vitne.

Av dei tretten breva som er utferda utanfor Trondheim, står erkebispfen som utferdar av tre, lagmannen eitt, medan tekst 29 er ei jordegåve til ein kannik i Trondheim, med ein annan kannik og ein rådmann i byen som innseglarar. Medrekna nemnde tekst 10 frå Trondheim blir det att ni reine bondebrev, utferda av bønder, lagrettesmenn og lægre embetsmenn.

I oversynet under er tekst 4, utferda av ein dekn og to andre menn, og 17, utferda av ein erkedekn, ein kannik og to rådmenn, førde under erkebispfen, sidan bae breva er skrivne på erkebisppegarden med erkebispfen sjølv til stades; likeins òg tekst 30 (nemnt over). Tilsvarande er 1, 6 og 7, utferda av bønder/borgarar med lagmannen til stades, førde under han; likeins dei to breva han ferda ut i lag med andre embetsmenn. 29 nemnt over er ført under kannikar/rådmenn.

<i>Utferdar</i>	<i>I Trondheim</i>	<i>Utanfor Trondheim</i>
<i>Erkebispfen</i>	2, 4, 5, 8, 13, 16, 17, 18, 20, 28, 30, 32	14, 15, 22
<i>Lagmannen</i>	1, 7, 11, 21, 25	6
<i>Kannikar/rådmenn</i>	27	29
<i>Bønder</i>	10	3, 9, 12, 19, 23, 24, 26, 31

2.4.4 Diplomtypen påverkar funna

Attåt det sjølvsagde om at skriftradisjonen og språket innan eit miljø vil vera meir eller mindre einskapleg, er eit anna poeng viktig: Typen tekstar påverkar i nokon mon kva former som finst. T.d. finst det ingen døme på linne nøytra (som stort sett var namn på kroppsdelar), og svært lite av pronomen og possessiv i 2. person i tekstane mine. 2.p.sg. finn ein helst i referat frå dråpsrettssaker (Pettersen 1991: 315), og 2.p.pl. blir bruka som høfleg tiltaleform og i opne brev til ålmugen (ibid.: 317). Det siste har eg døme på i tre brev frå erkebispfen, medan 2.p.sg. ikkje finst i det heile. Det same gjeld det tilsvarande possessivet.

Mengda av brev frå erkebispfen, som omtalar seg sjølv med majestatis pluralis, gjer at fleirtalsformer er vél representerte i utvalet. Hokjønnsformer av pronomen og kvinnenamn er det rimeleg få av, sidan det var menn som helst styrde med økonomi og rettsstell, og såleis blir nemnde.

3 Tekstgjennomgang

Gjennomgangen av kjeldematerialet er sortert etter ordklassar. I ein bolk til slutt tek eg for meg somme morfosyntaktiske tilhøve som er sams for alle ordklassane – preposisjonsuttrykk, samsvar og nokre merknader til kasusbruken. For kvar ordklasse er det ei oppsummering av formene, med bøyingsmønster der eg har kunna setje opp slike. I neste kapittel gjev eg meir av ei tolking av somme sider ved funna, og freistar forklåre nokre tendensar og sjå korleis dei føyer seg inn i språkutviklinga.

Eit par merknader til lesinga av former først: Når ei særskild dativform er markert, kan det vera ulike kvalitetar på vokalen. Sidan dei seinare hovudformene er endingslause i eintal, kan ein lesa alle endingar som restar av ei kasusmarkering heller enn eit samanfall. Dat.sg.n. *mine* minner meir om norr. *minu* enn nynorsk *mitt*, jf. Pettersen (1991: 337) som òg reknar ulike endingar for dativmarkeringar. Når ein skal tolke endingsvokalar som reduserte, må ein jamføre med resten av teksten; dette er nemnt ved somme av døma under.

Stundom er det vandt å vita korleis ei uventa form skal tolkast. Når skrivaren har bruka akkusativ der ein ut frå den tradisjonelle grammatikken ville venta dativ, skal ein da sjå det som ei morfologisk endring, der dativ-endinga har falle, eller ei syntaktisk endring, der akk. har erstatta dat. i den aktuelle stoda? Ofte kan ein ikkje seie dette for visst, men i samband med adjektiv kan vi ofte sjå kva skrivaren har meint, og ei syntaktisk endring verkar mest truleg. Slik må *till sannan witnisburdh* (17) < *til sanns vitnisburðar* tolkast. Dette kan vera eit utslag av at adjektivet har halde på ei akkusativform (eller oblik?) og *til* har gått over til å styre akkusativ; det treng ikkje samstundes tyde at genitiv er borte frå språket. For det meste plasserer eg former etter den norrøne grammatikken, men i merknadene kjem eg fleire gonger attende til alternative tolkingar, gjerne med tilvisingar til 3.5.1 om preposisjon + styring.

3.1 Pronomen

I tråd med moderne analysar (sjå t.d. Haugen 1998: 99) er det berre det som tradisjonelt er kalla personlege pronomen og spørjepronomen som høyrer til denne klassen. Her tek eg berre for meg personlege pronomen⁴ I tredje person eintal inkjekjønn og heile fleirtal, er det former av demonstrativet *sá* som gjer teneste, medan han- og hokjønn eintal har eigne former (*hann* og *hon*). Men etter kvart skil den pronomielle bruken seg frå den demonstrative, og ein kan da seie at desse formene er grammatikaliserte som personlege pronomen (Mørck 2004: 421). Det er òg viktig å skilje mellom genitiv-former av det personlege pronomenet, og possessivet: Dei har same form, men noko ulik funksjon, der genitiv av pers.pron. står nominelt, possessivet attributivt. I første og andre person, og dei kjønnsdelte i tredje person, er variantane såpass få og døma så mange at eg har funne det praktisk å føre

⁴ Av interrogative pronomen har eg knapt døme. Eit par av dei er samstundes determinativ, sjå 3.4.3.4.

dei opp i tabellar; dei andre formene innbyrdes ikkje på same måte til det.

3.1.1 Første person

<i>Tekst</i>	<i>Hovudformer</i>	<i>Variantar, kommentarar</i>
1	Wi, oss	Oss, wi 3gg.
2	Wi, oss	Wi 3gg, wij, oss 5gg.
3	Iac/ek, mik	Iac 2gg, ek 2gg, mik (dat.).
4	Wy, oss	Wy 5gg, oss 3gg.
5	Wi, oss	Wii, wy, wi 4gg, oss 2gg.
6	Jach, mich	Jach 3gg, iach 2gg, mich 2gg.
7	Jak, mek	Jek, jak, iak, mek 3gg, (dat.).
8	Wy, oss	Wy 4gg, oss.
9	Wer, jak, mik	Wer 2gg, jak, mik.
10	Oss, iek, mik	Jek, iek 3gg, jak, ooss, oss 2gg, mik (dat.).
11	Wij	Wij 2gg.
12	Wij	Wij 6gg.
13	Wii, oss	Wi, wii 2gg, oss 2gg.
14	Wij, oss	Wii, wij, oss 2gg.
15	Wij, oss	Wii, wij, oss 2gg.
16	Wy, oss	Wy 2gg, vy, oss.
17	Wij, oss	Wij 4gg, wi, wy, oss 2gg.
18	Wij, oss	Wij 3gg, oss.
19	Vij	Wer, vij 3gg, wii.
20	Wij, oss	Wij 3gg, wy, oss 3gg.
21	Vij, oss	Vij 4gg, oss.
22	Wij, oss	Wij 2gg, oss 2gg.
23	Iak	Iak 3gg.
24	Wi/vi, iak, mik	Wi, vi, iak 8gg, mik (til mik).
25	Wj, oss, iek, mik	Wj, oss, iek, mik 2gg.
26	Wi/vi	Wi, vi.
27	Vij	Vij 4gg, vy.
28	Wi	Wij, wj, wi 3gg.
29	Ek, mik	Ek 3gg, mik (dat.).
30	Jak, meg	Jak 3gg, iak, jack, ægh, megh, meg (dat.).
31	Vi, jek, migh	Vi 2gg, jek, migh (dat.).

<i>Tekst</i>	<i>Hovudformer</i>	<i>Variantar, kommentarar</i>
32	Wij, oss	Wij 6gg, oss.
SL	Wij, oss	Wij 2gg, oss (til oss).
KJ	Wij	Wij 4gg, Vij.

Enklast er det i fleirtal: der er formene *wij* og *oss*, med ymse skrivemåtar av *wij*. Berre i tekst 9 finn vi det eldre *wer* (to gonger, ingen andre former). Merk òg *til oss* (SL, p. 10) for norr. *til vår*.

I eintal ymsar formene meir. Tolv tekstar har døme. Berre i 3 og 29 finn vi den gamle forma *ek*; i tekst 3 vekslar ho med *jak*. Av dei tolv tekstane har fire berre *jak*, to berre *jek*. Medrekna dei med blanding, er *jak* hovudform i fem diplom, *jek* i tre. Det typisk danske trekket <g> for <k> finst ikkje, og berre tekst 10 har døme på <e> føre 1490. Den gamle dativforma *mer* er det ingen leivningar etter, heller ikkje i dei diploma som har *ek*. Forma er *mik* i bådde akk. og dat., og berre i tekst 30 og 31 finn vi avvik, der står *meg(h)* og *migh*; svekking av konsonanten her høver med dialektutviklinga, men kan òg vera innlånt frå grannespråka, så vi kan ikkje trekkje konklusjonar om talemålet frå det. Denne fellesforma blir òg bruka ein gong etter *til*, for eldre gen. *min*.

Det mest interessante finn vi i tekst 30, som har attåt *jak* har éin gong *ægh*. Denne forma finst ikkje i korkje svensk, dansk eller norrønt, men derimot i nyare talemål; i alle moderne dialektar er endinga i *ek* svekt til [-g]/[-Ø]. Teksten har elles ikkje mykje <æ>, så venteleg viser grafemet verkeleg til ein annan vokalkvalitet enn vanleg /e/. Den moderne trøndske forma *æg* fanst difor truleg så tidleg som i 1497 i Trondheim. Denne forma kan òg brukast som argument for at objektsforma *megh* i same tekst viser til talemålssvekking av endingskonsonanten [/k/ > /g/] heller enn lån.

Det dominerande systemet i denne perioden er altså i fleirtal *wij* – *oss*, i eintal *jak* – *mik*. Forma *jak* viser veikskapar med diplommaterialet som kjelder: Denne forma finst ikkje i norsk talemål, korkje før eller etter denne perioden, men er eit lån frå svensk. Det er ganske oppsiktsvekkjande at ei innlånt form kan få ei så dominerande stilling som *jak* har i norsk på slutten av 1400-talet. Òg i Vest-Noreg dominerer ho på denne tida, med over halvta av førekomstane i 1476–1500 (Pettersen 1991: 303).

3.1.2 Andre person

Naturleg nok er det berre i brev der erkebispem vender seg til ålmenta vi finn døme på 2. person, sidan det ikkje er vitnebrev med replikkar i materialet mitt. Dermed blir det òg berre 2.p.pl. det finst døme på.

<i>Teks t</i>	<i>Hovudform er</i>	<i>Variantar, kommentarar</i>
2	I, ider, idrom	i 3gg, j 3gg; ider 2gg, idrom 2gg (dat., òg possessivt).

<i>Tekst</i>	<i>Hovudformer</i>	<i>Variantar, kommentarar</i>
8	I, yder	I 3gg.
13	I, edher	J 2gg, i; edher 2gg.

Formene *i*, *eder/ider/yder* kan nok ha utvikla seg frå norr. *yðr*, men blir samstundes støtta av grannespråka. I norsk språk har desse formene helst funtest på Sørøstlandet (Indrebø 2001: 175). I tekst 2 vekslar *ider* og *idrom* i dat.pl., og *idrom* er òg bruka som possessiv i akk.sg.f.: *ath j alla j forserna Hodals sokn gøre Hodals kirke idrom tiondh her efther*. Tekstane 2 og 13 har elles fleire svenske drag (jf. 2.4.2), og kombinasjonen med den svenske verbalendinga *-en* i tekst 8 talar òg for svensk påverknig heller enn talemålsutvikling.

3.1.3 Tredje person

I motsetnad til 1. og 2. person var det kjønsskilje i 3. Utviklinga er ikkje heilt sams for dei gamle pronomena *hann/hon* og det gamle determinativet *þat*, så eg handsamar dei kvar for seg. Eg har heller ikkje funne det praktisk å setje opp nokon tabell for inkjekjønn.

3.1.3.1 Han- og hokjønn eintal

<i>Tekst</i>	<i>Hovudformer</i>	<i>Variantar, kommentarar</i>
2	han, hun	han, hun.
3	henne	henne (uviss kasus).
6	han	han.
8	honom	honom (dat.).
11	hon	hon 2gg.
12	henna	henna (akk.).
13	han, honom	han 4gg, honom 2gg (dat.).
14	han, honom	han 2gg, honom 3gg (2gg akk.).
15	han, honom	han, honom 2gg (akk. og dat.).
16	han	han 2gg.
18	han, henne	han, henne (akk.).
19	han	han 4gg.
20	han, hon	han 3gg, hon.
21	han, honom	han, honom 2gg (dat.).
22	han, honom	han 2gg, honom 2gg (akk. og dat.).
23	han	han 3gg.

<i>Tekst</i>	<i>Hovudformer</i>	<i>Variantar, kommentarar</i>
24	honom	honom 2gg (dat.).
25	hon	hon.
26	han	han 2gg.
28	han, honom, hon, henne	han 5gg, hon 2gg, honom 3gg (akk.), henne (mellom + dat.)
30	han	han.
SL	han	han.
KJ	han	han.

Det er langt mindre variantar her, naturleg nok, sidan vi finn att dei same pronomena i moderne norsk. Det er ingen teikn til svekking av *-n* i *hon*.

I hokjønn finn vi *henna/henne* i akkusativ. *Henna* kan vera ei nylaga akkusativform med rotvokal frå *henni* og endinga frå *hana*; Pettersen nemner dette som mogleg (1991: 324). Men det er lite truleg at denne forma har stått i motsetnad til ei form *henne* i dativ, så uansett er det nok snakk om eit samanfall mellom akk. og dat., der endingsvokalen er henta frå akkusativ.

I hankjønn finn vi *honom* fleire gonger i tekst 28 som sikkert er akkusativ, samt i dei like tekstane 14, 15 og 22, der uttrykka *lathe wij honom (...)* *frij quitthe/qwitthe* og *latha wij honom (...)* *quittha oc lidugha* truleg skal stå i akkusativ. Eit tidleg døme på dette uttrykket er DN V 159, Bergen 1342 (*gerom ver hann (...)* *kvitta oc lidugha*), og Pettersen nemner *kan honum fri ok quitten gera* (DN VI 539, Indvik 1451) som døme på *honum* i akkusativ (1991: 322). I eldre brev står uttrykket helst med *gefa* og får dativ av den grunn, så påverknad frå det liknande uttrykket kan forklåre forma her; likevel er det nok helst eit teikn på at *honom* har erstatta *hann* i akkusativ.

Dei personlege pronomena blir framleis brukte for å referere til ting, slik det for ein stor del er i dialektar i dag òg. Døme på tradisjonell bruk: *so at hun* (ei kyrkje, tekst 2); *war thenna fforne sæmia met thy skilordhe giordh ath hwar henne* **hadhen aff ryffwer* (18). Heller ikkje Pettersen (1991: 325–326) finn unnatak frå dette, og jamvel i dansk er bruk av demonstrativet i denne stoda sjeldan heilt fram til reformasjonstida (Brøndum-Nielsen 1965: 175).

3.1.3.2 *Inkjekjønn eintal*

I nominativ og akkusativ er forma som ventande *thet* (unnataket er reint ortografisk, tekst 24 har *tet*). Det er viktig å hugse i samband med pers.pron. i nøytrum at dativforma *pvi* gjer teneste som adverb og (del av) subjunksjon, og denne bruken skal ikkje takast med her. Dermed finst det berre eitt døme på dat. av det personlege pronomenet, i tekst 30: *summa landskylden aff thessom fornempdom jordom effther ty som nw aff gaar er*; men sidan uttrykket er identisk med subjunksjonen *eptir pvi sem* ville samanblanding med han fort komme opp uansett. Ut frå dialektforma *di enno* i dag veit vi

likevel at forma har eksistert gjennom heile perioden.

Det overraskande her er at genitivforma finst såvidt ofte. Tekstane 3, 7 og 24 har ho i innleiinga (høvesvis *Iac (...) kennis tess, Thes bekennes jek* og *Des kennes iak*). Motsett har tekst 23 *thet kennes iak*. I lausare bruk finn vi det i tekst 1 og 28: *Thes til forwaring witnesburd oc fastere till standelse bediom wi og swerie (...) om tess kan widrtorffua* (norr. *e-s þarf við*).

Bortsett frå tekst 24 som har *des* og *tet* er skrivemåten alltid <th>. Genitiv står altså rimeleg sterkt, men jf. gen.pl. under.

3.1.3.3 Alle kjønn fleirtal

Den dominerande forma i fleirtal er *the*, i alle kjønn. Rett nok er det få døme på anna enn hankjønn, men vi finn *ath the werde ath skildhe* (11) om to kvinner, og *ath the ey ner till rekthe* (20), der *the* viser til *lxxx mark*, som vel er hokjønnsord. Hankjønn er det talrike døme på gjennom heile utvalet. Eit tydeleg skilje mellom subjekts- og objektsform er *han theim anamedhe* (13), med *thee* i nom. lenger opp. Den gamle akkusativforma *þá* er erstatta av dativforma. Norrønt hadde inkjekjønn om ei gruppe av blanda kjønn; dette er det døme på i fleire tekstar, t.d. *som the (...) haffde* om eit ektepar i tekst 18, *ad te hawe heirth* om tre menn og éi kvinne som vitnar i 24, og *iordher oc iordeparta (...) the høre* i KJ (p. 2). Tekst 20 har både *klagade tha (...) Birgitta oc Olaf Jensson ath the*, med blanda gruppe, og *ath the ey* som viser til *mark*, altså hokjønn. Dette viser til generaliseringa av *the* i heile fleirtal. Eit interessant tilfelle er *haffwa the vppa sin kost* i tekst 32: *the* refererer eigentleg til *capitulo*, men viser her truleg til logisk subjekt (medlemmane i domkapittelet) sidan verbet står i fleirtal.

Sidan det er hevda at akk. og dat. har falle saman i ei form tilnærma lik den gamle dativforma, hadde det vore ønskeleg med fleire døme på akkusativ enn eg finn. Tekst 8 har *bidhia wy alle the som*. Teksten har diverre ingen andre døme på pers.pron. i fleirtal å jamføre med, men er ikkje den mest utprega norske: inkonsekvent dativmarkering, den svenske endinga *-en* i 2.p.pl. og lånord som *framdelis* og *hoppas*. I kva grad dette reduserer kjeldeverdet er vandt å seie, men jf. tekst 13, som òg har svenske drag: Der finn vi to klåre døme på den gamle dativforma i akk.pl.m.: *ther som han theim anamedhe* og *ther scall Biørn theim igen faa*, der *theim* bae gongene viser til *penninge*, altså hankjønn. Teksten har òg døme på *thee* i nominal bruk i nominativ. I tekst 11 er eit meir uklårt døme: *Swa lenge ath the werde ath skildhe med rette jnnan iij aar her epther foore war nadughe herre konungh Cristiern eller them som han thet beffeller*. Dette skulle nok tradisjonelt ha stått i dativ, men den første av dei jamstilte lekkane har inga dativending, venteleg etter dansk mønster. Teksten har *the* i nom. til jamføring, og *fore the pæningha*, dvs. *the* som demonstrativ i attributiv bruk, så han viser bruken av *them* som objektsform. Til slutt har tekst 18 *Pedher Andersson oc hans hustrv skulæ beholdha till ewerdaligar eignar oc theris erffwinga effther them then halffwa gaardhen Nekstadha*, der ein ville venta akkusativ i norrønt. Talmessig er det altså ei overvekt av former med *-m* i akk.pl.m., men døma er diverre få.

I dativ finn vi *the(i)m*, utan unnatak. Funksjonen er omsynslekk, med unnatak for to preposisjonsuttrykk (*i mellom* 2 gonger i tekst 18 og *medh* i 20). To gonger er det rett nok passivsetningar der ein moderne analyse gjev dei funksjonen objekt. Dette har uansett lite å seie, sidan vi har sett over at ein helst finn *the(i)m* i akkusativ òg. Mange av førekomstane er formelen *ollom monnom the(i)m* i inscriptio. Avvikande i denne formelen er berre tekst 29, som har IO *alle the*. Det er elles ikkje mange døme, men heller ingen som viser endring i høve til norrønt.

Den norrøne genitivforma *peirra* finst framleis. Totalt har fire diplom døme i nominal bruk: *there j millum* i tekst 9, *theire i millom* i tekst 11 (men jf. 3.5.1.1 om *i mellom* + dat.), *huar/hwar there* 'kvar av dei' i tekst 18, der vi samstundes finn possessivet *theris* (altså ulik form, sjå vidare 3.4.1.6 og 3.4.2.1); og endeleg *[han] skauth vndher vitne alles theiræ som viidh kirkenne wore* i tekst 19. Genitiven kan venteleg forklårast som det Nygaard kallar «helhedens genitiv» (1905: § 130), og vise tilbake til dei ni som står som utferdarar av brevet, altså ni av alle dei som var til stades. Merk òg det manglande samsvaret, med eintalsforma *alles*. Det finst ingen døme på at ei onnor form er bruka der ein skulle venta genitiv.

3.1.4 Oppsummering

Dei vanlegaste formene gjev eit system svært likt nynorsk skriftmål, som det går fram av tabellen under. Skilnaden er ikkje lenger mellom fire kasus, men mellom nominativ og oblik form, jamvel i 3. person fleirtal der denne skilnaden seinare er utjamna i norsk, og i 3. person eintal hankjønn der han ikkje fanst i norrønt. Dette er den normale utviklinga i all norsk (jf. Mørck 2004: 421 og Pettersen 1991: 320–25). Attåt formene i tabellen er det nokre døme på gen.sg.n. *thess* og gen.pl. *the(i)re* ulik den sams akk./dat.-forma.

	<i>Eintal</i>		<i>Fleirtal</i>	
	<i>Nom.</i>	<i>Obl.</i>	<i>Nom.</i>	<i>Obl.</i>
<i>1. person</i>	jak	mik	wij	oss
<i>2. person</i>	--	--	i	eder
<i>3. person mask.</i>	han	honom	the	them
<i>3. person fem.</i>	hon	henne		
<i>3. person nøyt.</i>	thet			

Mørck (2004: 421–422) har *thei/theim* som typeformer i fleirtal (pronominelt, til skilnad frå alltid *the* attributivt). I nøytrum meiner han det berre er i meir eller mindre faste uttrykk ein kan finne andre variantar enn *thet* når vi kjem innpå 1500-talet. Pettersen (1991: 384) nemner òg at *the* ein hende gong kan finnast i akkusativ, men *them* er langt det vanlegaste. Det er elles inkje som tyder på skilnader mellom kjønna; Pettersen finn at *thau* er i bruk fram til 1475, men forsvinn raskt etterpå, til fordel for den sams forma *the* (ibid.: 393).

Når det gjeld ortografien verkar det vera fri variasjon mellom former med og utan <i> i oblik form: 9 diplom har *them*, 5 har *theim*. *Thei*, som Mørck har som typeform i nominativ, finst ikkje i det heile. [*Det kan dels skuldast utgjevaren, vanleg skrivemåte er <thm> med avstytingsteikn, slik at vokalen er ukjend.*] Til sist skal eg nemne nom.pl. *di* i ein vidisse frå 1520 av eit diplom frå 1479 (DN VII 486); samsvaret med nyare talemål gjer at forma kan vera reell, men ho kan gjerne vera kommen inn i avskrifta utan å ha stått i originalen.

3.2 Substantiv

Saman med pronomena er det berre ved substantiv at restar av kasus-systemet finst i nynorsk, i form av stivna ubundne uttrykk og dativ i bunden form i mange dialektar. Einstaka målføre kan jamvel ha eigne genitivformer av stadnamn. (Desse formene kan truleg kallast stivna, sidan dei berre opptrer med *til*, t.d. skilnad *Stokkannj-gardannj* ~ *på Stokkom* ~ *te Stokk* i Meldal; sjå òg Indrebø 2001: 235.) Historisk har altså dativ halde seg betre i bunden enn i ubunden form, men dette biletet stemmer ikkje heilt med materialet, som vi skal sjå.

Tradisjonelle framstillingar av norrønt deler substantiva først i sterke og linne, dinest i kjønn, medan nyare framstillingar av norsk set kjønn høgst i hierarkiet, jf. t.d. Rønhovd 1997. For mellomnorsk er det vel helst ei smaks-sak korleis ein set det opp. Eg har valt å organisere framstillinga etter kjønn, vidare delt inn i sterk bøyning, linn bøyning og bunden form. Den bundne artikkelen er lik for både sterke og linne substantiv av same kjønn, og den indre bøyinga er utjamna (sjå vidare 3.2.1.3 og 3.2.2.3 under). Pettersen (1991) tek, til liks med klassiske norrøngramatikkar, utgangspunkt i dei urnordiske stammesuffiksa, men eg ser ikkje korleis dette kan bidra til å klårleggje språktilhøva ikring 1500.

Manglande kasusending i høve til normalisert norrønt treng ikkje vera bortfall av den aktuelle kasusen som grammatisk kategori, i nokon mon kan det vera snakk om syntaktiske endringar. Det kjem eg attende til i 3.5.

Propria og patronymika er problematiske kjelder (sjå 2.1.4), så dei går eg gjennom separat. Innan proprium-kategorien er det eit skilje mellom person- og stadnamn, og i det materialet eg har undersøkt, verkar det som personnamna i noko større grad blir bøygde. Med tanke på at dativforma ofte er vorten til nemneform, finn eg berre eitt døme på at stadnamn har annan kasusending enn genitiv-s (gen.pl. *Aura* ~ dat.pl. *Aurom* i 29). Ein gong står -s der han ikkje høyrer heime frå gammalt: *Normørs* (5) < norr. *Norðmæri* f. Stadnamna ser eg difor bort frå under.

Sam-/særskriving er svært usystematisk praktisert, men eg les mange delte ord som samansette. Ein lesemåte som baserer seg reint på skriftbiletet, vil få ei kunstig stor mengd med genitivar, sidan førstelekkjen i samansette ord ofte står i genitiv. Norde diskuterer slike lesemåtar (1997: 23–26), og endar opp med å ekskludere moglege samansetjingar frå materialet sitt. Åse Wetås meiner at patronymika er eit unnatak, og at førstelekkane i desse pga. svakare leksikaliseringsgrad kan brukast i ein studie av genitivformer (2003:

304). Men som eg har nenmt og som det kjem fram under, har personnamn i det heile sjeldnare kasusending.

Uttrykk av typen *utan gardz* o.l. var opphavleg prep. + gen. (I tradisjonell analyse adverb (Iversen 1972: § 95 anm.), men dei er no kalla preposisjonar, jf. Haugen (1998: 105) for norrønt og Rønhovd (1997: 90) for nynorsk.) Dei vanlege sambanda dei står i, *utan gardz oc innan* o.l. er for ein stor del leksikaliserte som adverb i nynorsk: *innangards* m.fl. Dimed seier dei ingenting om bøyning, og eg ser bort frå dei i gjennomgangen.

Ein god del latinske lånord har eg òg sett bort frå. Desse formene fortel inkje om norsk språk, men dei fortel om ein grammatisk kompetanse hjå skrivaren, sjå vidare 4.3.

3.2.1 Hankjønnsord

3.2.1.1 Sterke, ubunden form

Mange av formene i nom.sg.m. har ei ending som uansett ville assimilert det gamle nominativmerket *-r*. Av 25 former som kunne hatt *-r*, står endinga i fem, i tekst 20 (*erchiebiscoper*), 26 (*soknæ prester*) og 29 (*chanuker* 2gg, *songdhnaprester*). Ingen av desse tekstane har motdøme, men vi ser at det er snakk om yrkestitlar. At yrkesnemningar i større grad held på *er*-endinga finn òg Pettersen i Vest-Noreg (1991: 18), og Brøndum-Nielsen nemner det (1935: 13); her kan det like gjerne vera snakk om ei leksikalisering av den gamle nominativforma som ei reell bøyingsending.

I genitiv har *-s* spreidd seg til *r*-stammane, sjå under. *Vitnesburd* (med variantar) står ofte etter *til* i stadfestingsformelen, men har aldri ending. Tilsvarande *til fullnat* (< *fullnaðar*, tekst 13), som er det einaste andre dømet på hankjønnsord som hadde gen. *-ar* i norrønt. Den gamle endinga *-ar* er altså fjerna utan at den nye *-s* er teke i bruk. Dette kan ha å gjera med at kasus her er styrt av preposisjonen, medan det elles er tale om possessiv genitiv. Det er nokre døme på at historisk *s*-ending òg vantar i denne stoda, som *til hope* ‘til saman’ (SL, p. 1, sjå vidare 3.5.1.1). Men hokjønnsformer av adjektiv i same stilling som *vitnisburd* (sjå 3.3.1.2) tyder på at det viser ei reell utvikling i genitiv, der vi i ein mellomperiode kan ha fått *-Ø* før *-s* vart ålmenn.

I dat.sg. har noko under helvta av orda ending, gjerne blanda i same tekst: *med gudi* og *med gudh* (1). Dei formene som er markerte, er helst *med gudi*, *manne* som omsynslekk og i uttrykket *fore hwariom manne*, og *degi* i dateringsformelen. Nokre døme ser ut til å vera hyperkorreksjonar, det gjeld iallfall *fore hwarium mannum* (9) med fleirtal for eintal. Eit komplekst døme i tekst 30 ser òg ut for å vera hyperkorrekt:

haffuer jak nw aff hent forscriffna mine jardher (...) wærdugastom fadher
i gudhj erchebiscop Gaute, at han thet altare oc godz skicke oc forlene oc
hans effterkomande einom hwariom beqwæmeligom preste som i hwarie
wiko se skyldogher...

‘har eg no avhendt dei førnemnde jordene mine til den verdige far i Gud,

erkebisp Gaute, for at han og hans etterkommarar òg skal leggje gods til
det altaret, og gje det ein passende prest som kvar veke skal ha plikt til...

Oversetninga er grei, omsynslekk er markert for dativ berre i adjektivet. Undersetninga er verre, men det kan sjå ut som *thet altare* er omsynslekk og *godz* objekt. I så fall skulle *einom (...)* *preste* vera ein del av objektet, men står her i dativ. Konjunktivforma *se* er neppe levande språk⁵ (Ottosson 2003: 139), og ein slik arkaisme er òg eit argument for å lesa dativmarkeringa som ein hyperkorreksjon.

Det er nokre døme på at *-r* i nom.pl. har falle: *penninge* (tekst 13 og 20), *iordaparta* (16), *canikke* (27) og *iordeparta* (KJ, p. 2). Bortfall av *-r* i utljod er vanleg i norsk, og byrja allereie på 1200-talet (Indrebø 2001: 225–227). Ikring 1500 kunne *-r* forsvinne i skrift òg. Det kan like gjerne vera dansk lån som *r*-bortfallet i talemålet vi har for oss her, sjå vidare 4.1.2. Fullvokalen i *iord(a/e)parta* gjer dei formene meir truleg norske enn dei med *-e*, som *-parthær/-parthir* i tekst 5. Den andre vegen til utjamning, innsetjing av *-r* i akk.pl. der han ikkje høyrer heime, er berre gjort éin gong: *jardæparthir* i 5, og da i lag med reduksjon av endingsvokalen.

I dat.pl. har 21 av 29 førekomstar *-om*; 16 av desse er *monnom* i adresatio, der det berre er to unnatak: *mæn* (2) og *bønder* (6); det siste er einaste avviket frå eikor form av *mann*. Det er elles fortvitneleg at tekst 6 har *bønder* i adresatio, sidan vi finn ei dativform i langt vanskelegare stode seinare: *thetta køp war giort j Løffwanger tæssom godha mannom till witnis ær swa heta* (legg merke til det relative *ær*). Dette kan tyde på at *bønder* har like mykje med bøyinga av dei gamle nd-stammane å gjera som generelt bortfall av dativending. Av andre døme er *winom* (30) ‘venner’ i ein kompleks omsynslekk, og somme former i preposisjonsfrasar. Av desse er tre av sju markerte for dativ. To av dei umarkerte formene er einslydande: *fore oss ock wore efftherkommende erchebiscop* (14 og 15, jf. 3.4.1.5). Utanfor den tradisjonelle innleiingsformelen står dativendinga i helvta av tilfella.

I gen.pl. er det åtte døme. *till panta* (4) er tvilsam: Fritzner gjev flest døme med *i pant*, men to gonger *til pant*, altså akk.sg.; *till theira iorda* i same tekst er eit argument for at det verkeleg er meint (hyperkorrekt) gen.pl. Vidare er *brøðhræ* (4), *dhande manna* (7) og *manna* (29) tradisjonelle former, imot står *danne mæns* (10) og *brøðher* (20, 2gg); *brøðher* står etter *myllom*, som ofte tek dativ, men *aff sinom brøðrom* i same tekst tyder på skilnad gen. ~ dat.

Når det gjeld dei gamle r-stammane, er den tradisjonelle bøyinga borte. Dei har éi form i nom.dat.akk.sg., og får i gen. *-s* som andre hankjønnsord (med eitt unnatak, *synss fader ordh* i tekst 28). I fleirtal har berre to tekstar døme: tekst 4 har gen. *bræðhræ*, og 20 gen. og akk. *brøðher* og dat. *brøðrom*. Hokjønnsorda i denne gamle klassen får òg éi eintalsform, t.d. dat. *søsthær*

⁵ Pettersen (1991: 656) har 3 døme på *se(e)* utanfor innleiinga; eitt av desse er i DN I 945, Bergen 1485. Interessant nok er dette brevet utferda av erkebisp Gaute. Det er truleg at ein einkvan ved erkebispesetet har skrive tekst 30, sidan det dreier seg om ei jordegåve til domkyrkja, og her kan det vera ein samanheng, t.d. at same skrivaren har vore med til Bergen. [Originaldokumenta vart jamførte i juli 2010 med ein sikker konklusjon: Dei er ikkje skrivne av same hand.]

(5), akk. *moder* (28). Det er ingen døme i genitiv. I fleirtal har 28 nom. *døther*, dat. *systrom*. Fleire døme er det ikkje, men dei peikar iallfall alle i same leia.

3.2.1.2 Linne, ubunden form

Linne maskulina har i eintal stundom *-a*, stundom redusert vokal (oftast *-e*). I nominativ finn vi *herra*, som tradisjonelt hadde *-a* i heile sg. (men fire av sju døme i dativ har redusert vokal) og i 3 tekstar *breffuisere/-a*. I desse tre breva er det diverre ingen former i oblik kasus til samanlikning, så det er inkje grunnlag for å seie noko om skiljet nom. ~ oblik form er oppretthalde – spesielt ikkje sidan dei nemnde tekstane viser reduserte former som akk.pl. *erchebiscope* (med akk. for dat. etter *fore*).

Alle formene i genitiv er lånord (*till standelse*, *stadfestilse*, *imotha sigælsæ*), likeins *nadhe* og *skikkilse* i dativ; av lånorda har berre eitt *-æ*, resten *-e*. Av dei resterande 14 oblike formene (her reknar eg med *herra*, som vart lånt inn allereie tidleg i norrøn tid) har éin tekst *-æ*, fem *-a* og åtte *-e*. Tendensen går altså mot reduksjon, òg kronologisk.

I fleirtal har ingen av dei fire formene i nominativ halde på *-r*, motsett finn vi to gonger *-r* i akkusativ. I dativ og akkusativ dominerer to formlar heilt: *med lutom ok lunnindom*, og *fra mik ok minom erffingom ok under han ok hans erffinga* (eller omvendt, *fra han (...) undir mik*, avhengig av om det er kjøpar eller seljar som står som utferdar). Det er eitt anna døme: *i nogre matha* (tekst 17) med akk. for dat.

Formelen *med lutom ok lunnindom* har alltid *-om*, men ei så sterk omlaging som *lutum ok lundum* (31) tyder på at forma berre er ein fast frase. Når det gjeld den andre formelen, er det mange variantar ute og går. Berre første delen (*fra mik ...*) står i fire diplom (4, 5, 16 og 30), men av desse har berre 16 *-om*. Tekst 5 markerer dativ berre i possessivet: *fra oss oc warom retta arfuinga*. Av dei resterande ni førekomstane har berre tekstane 6, 29 og 31 dat. + akk.; 3, 9, 10 og 24 har dat. + dat. medan 7 og 26 har akk. + akk. Til dat. + dat. har eg òg rekna tekst 24, som har preposisjonen *til*, med dativ anten i analogi med det tradisjonelle uttrykket, eller som eit døme på at preposisjonen faktisk styrer dativ (sjå 3.5.1.1). At både dat. + dat. der den andre endinga følgjer den første, og akk. + akk. med grunnforma i bae høva, er moglege løysingar, tyder på at skilnaden ikkje var klår for skrivaren.

3.2.1.3 Bunden form

Dei aller fleste døma (40/64) er i jordebøkene, i hovudsak former av *garden*. Av døma i diploma gjeld det mest former av *daghen* i tidfestingar. SL har tre gonger nom.sg.m. *stadren* (dvs. erkebispesetet som institusjon) og akk.sg.m. *staden* saman, med *-r-* i nom.: *atte stadren (...) bytte wij nw vnder staden* (med små variasjonar, SL, p. 10). Desse svært gammaldagse formene kan kanskje vera henta frå eldre førelegg. AB har fleire stader akk. *stadhen* og dat. *stadnom*, men det er vandt å finne døme i nom., *stadherin* s. 11A var det einaste eg fann etter ei rask gjennomlesing tom. side 40.

Tidfestingar stod i norrønt oftast i akkusativ, stundom i dativ; som eg kjem til under (3.2.3.1) hadde diploma ofte dativ i dateringa til slutt (*degi ok aare*). Mange diplom har òg datering i starten, på typen *kunnokt gørandhe ath tysdaghen (...)* *soghe vij try permens breff* (27). Når ei slik datering brukar *-daghen*, står ho alltid i akkusativ. Dativ finn vi eit par gonger, som *kunnocktgørande (...)* *ath arom æpther gudz boord* (11).

Formene med *garden* står i uttrykk som *Af Swarwade østergarden* (SL, p. 5). Av denne typen finst det i SL og KJ 23 døme, attåt kjem seks med dativstyrande preposisjon utanfor oppslaget. AB har i desse høva *-gardenom*, og noko oftare preposisjon enn dei yngre listene. (Endinga er i AB rett nok oftast markert med avstyting, men sjå t.d. *vestragardenom*, s. 3A, med berre *-m* markert med avstyting.)

Einaste gong jordebøkene har *-gardenom* her, er *Af Wikom j westragardenom* (SL, p. 1), som står ordrett i AB (s. 3A). Ei onnor gammal formulering, med nom.sg.m. *aller* 'heile' er *Af Tingheime aller nedra garden ij. span oc ij. aura b. f. ij øre* (SL p. 1), som vi finn att i AB (s. 142A): *Af Thingeime, aller nedragardhen, ij spon oc oc ij aura, bygt fire ij aura*. Apposisjonen er kommen i nominativ i AB òg, og den einaste skilnaden mellom tekstane er at *aura* er skifta med *øre* den eine gongen. Det ser altså ut til at mange konservative uttrykk i jordebøkene kan forklårast med AB som førelegg, men slikt førelegg er ingen garanti for ei konservativ form: *Af sydragardenom j Ree* (AB, s. 18A) er vorte til *Af Ree sydhre garden* (SL, p. 7), jamvel med merknad om at det er *effter gambla registrvm*.

I genitiv finn vi *Stolssens* med dobbel markering i SL (tittelen), og saman med *stadren* i same tekst må nok dette oppfattast som ein arkaisme. [-sens finst lenge framover. Forma har tydelegvis vorte reanalysert som *ei ending, ikkje -s + ens*; jf. dessutan vanleg uttrykk som «gudsens sanning».]

I fleirtal er det berre tre døme, alle i jordebøkene: *Af Stiklastad. bygde wij nw effter jordfallet badha gardana* (SL p. 10) med tradisjonell form, men *Af Rytte i baadha gardana* (SL p. 8) og *Af Jnnedalom b. f. ij øre j baade gardene* (KJ p. 6). Parallell i AB er det berre med *Rytte*: *Af Rykkine*⁶, *j badhom gardhom* (s. 22A), men motsett døma over er forma modernisert i dei yngre jordebøkene her.

3.2.1.4 *Propria og patronymika*

For ein stor del står namna i grunnforma, men ein del relikte av bøyingsystemet er det. Nominativ er markert med *-er* ein gong: *Jngolfuer Thoreson* (3); *Redhar* (6)/*Ræder* (23) er vel helst ein variant av Reidar. Den same Ingolv skriv seg i tekst 12 *Jngwlff Thoreson* og i 24 *Jngwl Toresson*; farsnamnet, og at han i båe breva vitnar for eit brev Ivar i Aspa ferdar ut, er klåre teikn på at det er same mann. Saman med alle dei andre *r*-lause formene er det samstundes eit like klårt teikn på at forma på *-er* neppe har rot i talemålet. Det er ingen døme på *-er* utanfor nominativ.

6 Oluf Rygh reknar denne forma som feilskrift (*Norske Gaardnavne* XV: 203).

Genitiv på -s er vanlegvis markert, dobbelt i *Ketils Jonssons* (4), men helst berre på sistelekk: *Hinrik Jenssons* (11), *Olaff Buks* (13), *Karll Yrianssons* (20); ein variant er markering på førsteleddet tre gonger i 29: *Alfs Torsteinsson*, *Jons Olafsson* og *Peders Endridzsson*. I nemnde tekst 4 merker vi oss *Arne oc Helghe* utan -s; denne endinga ser altså ikkje ut til å ha spreidd seg til lint bøygd mannsnamn enno. Det er berre eitt døme til på eit lint bøygd namn i genitiv, *Arne Stighson* (7), men dette står som apposisjon til *dhande manna* og er eit usikkert døme (jf. 3.5.2.1).

Fire tekstar har til saman fem døme på namn som er markerte for dativ. SL (p. 7) har *køpte wij aff Torsteine Torgylssyni*, medan både tekst 6 og tekst 9 skil mellom *Anund* og *Anunde*:

saalt och vplatet haffuer minom ffrænda Anunde Guttormsoni een fiærdung j iordh (6)

køpte tha forde Anfin (...) af adherd Anunde Bieernsson Teiste (9)

vndhan ford Anunde ok hans ærfingium (9)

I båe tekstane står dette i motsetnad til *Anund*: *skøter vndir Anund* (akk., tekst 6) og *kændist ok tidhernempdher Anundh* (nom., tekst 9). 9 har òg *j millum Anundh* som er eit argument for *millom* + gen. (jf. 3.5.1.1), sidan det skil seg frå dativforma.

Det siste dømet er *[han] gaff Eyuindæ Jwærssyni i ein odhæ gard (...) vnder fornempd Ewindh ok hans æruingæ* (26). Alle desse tekstane syner veksling mellom dativ- og akkusativ-/nominativform. Det må likevel understrekast at dette er unnatak. Langt dei fleste namn er ikkje markerte, òg i dei same formuleringane som døma ovanfor er henta frå:

jak hauer sælth ærleghom manne Erik Amundhson laghman i Thronnhem mina iordh (7)

ek hafuer vnth oc gifuit heiderlighom manne herre Erik Torsteinsson (29)
nw køpte wij af Anund Teiste øris leigho ther vti (SL p. 5)

I dei to første døma er så vel adjektivet som substantivet markerte, men ikkje særnamnet.

Av patronymika er dei mest interessante dei med eit lint bøygd namn som førstelekk. Det er fire døme på ord som aldri fanst i sterk variant: *Ræder Arnesson* (23), *Olaff Hakesson* (26), *Estin Arneson* (27) og *Gunnar Magnasson* (28). Vokalen er svekt i alle så nær som det siste dømet, men <ss> kan like gjerne vera eit reint ortografisk trekk som genitiv-s, slike døme finst i alle dei aktuelle tekstane. Det er ingen døme på sterkt bøygd namn, førstelekkar i patronymika medrekna, som alltid hadde -ar i genitiv i norrønt.

3.2.2 Hokjønnsord

3.2.2.1 Sterke, ubunden form

Her var det allereie i norrønt stor grad av synkretisme mellom nom., akk. og dat. i sg. Den største gruppa med -u i dat.sg. var *ō*-stammar på -ing/-ung, og

av desse er det berre fire d  me: l  nordet *bewisning* (13) og novasjonane *wiseterungh/visetering* < *viseteran* (28) og *sanningh* (31) < *sannind(i)*. Som ventande er ikkje dativ markert; denne endinga var kanskje den f  rste som forsvann (Trosterud 2001: 177). Sidan eg elles ikkje har former som skilde i norr  nt heller, er det genitivformene som er interessante i eintal.

Det er 19 former, men jamvel om vi ser bort fr   l  norda *forwaring* 2gg, *beuissningh* 2gg og *stadfestningh* er resultatet tydeleg: Berre fire av dei resterande tretten formene har *-ar*: *till ewerdaligar eignar* i tekst 18, men same uttrykket med *eign* i 4, 9, 16 (2gg) og 31; *stande til lausnar* i 25, [*oss*] *til saala hielpar* i 30, men *oss till s  la hi  lp* i 5; og *aff godrar aminningar konung Cristiern* i KJ (p. 2). Ved f  rste augekast kan det verke merkeleg at det ikkje finst d  me p   at *-s* har komme inn som genitivsuffiks, men forkl  ringa kan liggje i at alle d  ma er styrde av *til*. Dermed stemmer tala godt over eins med det Norde finn for svensk (1997: 158–159), forkl  rt ved at *til* ikkje lenger krev genitivform (sj   3.5.1.1). Imot dette kj  m at eit adjektiv i frasen stundom kan ha genitivform (jf. 3.3.1.2).

Tendensen til *r*-bortfall ein kunne ane i mask.pl. er det mindre av her, men somme d  me finst. Bortsett fr   nom. *iordh  * (16) gjeld det berre *mark* (fleire gonger i 10 og 20, og tallause gonger i SL/KJ) og   in gong *alne* (25). Men at ord for m  l og vekt manglar ending, eller snarare er bruka i eintalsform, finn vi i moderne norsk p   tilsvarande vis, jf.   g Pettersen (1991: 140). Endingskonsonanten st  r alt  s sterkt. Tekst 16 har to gonger *Jodhar   yar* med tradisjonell *ar*-ending, og den einaste andre   -stammen (*sak*) kunne allereie i norr  nt ha *-ir*. Ei avstikkande fleirtalsform er *till yttermer wissan ok sanindh her wm thesser settergerdar* (25), som ser ut som akk.pl. Fugen har vokalreduksjon, men *s  ttarger  * hadde *-ir* i pl. i norr  nt.

Dat.pl. *mark* i tekst 10 er som d  ma over ei m  leining; dei andre fire dativformene har *-om*. I gen.pl. er det to d  me: *till theira iorda liggia* (4) og ein umarkert partitiv genitiv i 5: *ein parth the iord  r*.

3.2.2.2 Linne, ubunden form

Dei linne hokj  nnsorda syner ei heilt umotivert og usystematisk veksling mellom former p   *-a* og *-u* (ev. redusert vokal) i oblike kasus eintal. I nom.sg. er det seks d  me p   *-a/-  /-e* og   in gong *-o*. Ein novasjon er forma *till (...) wissan* i 18 og 25. Det kan vera ein analogi fr   i-stammane p   *-un/-an*, eller rett og slett feilskrift. At dette skal ha rot i talem  let verkar merkeleg, all den stund orda p   *-an* er borte eller endra i nyare spr  k.

I fleirtal er det f   d  me, men dei som er, f  lgjer stort sett det tradisjonelle m  nsteret med ending *-or*. Fleire gonger finn vi *wppa badhe sidhor*, td. [*wij*] *offuerlaso there breff oc beuissningh wppa badhe sidhor* (20), der ein kunne venta dat.pl. Dette har nok heller med uttrykket    gjera enn dativ-endinga, jf. 3.4.3.4 og 3.5.1.3. Dei andre d  ma i dat.pl. er *tillaghom* i tekst 6, med vanleg dativending, og *aff welbyrdwgo qwinnor* i 11, med akkusativform.

3.2.2.3 *Bunden form*

Det er ein god del døme i bunden form, og dei held på *-n*. Av dei ti døma i akkusativ har *helfftena/helffthene* (18) og *ffyrstemessona* (32) endingsvokal, dei andre er lik nominativ. I *[da] kom malempnæ fore mik og lagrettene* (25) talar teksten elles for at det er ei redusert akkusativform vi har for oss, så totalt er det 3/10 døme med akkusativending. Av desse er det berre tekst 18 som har former i andre kasus til jamføring, ei dativform på *-wn*.

I dativ finn vi to gonger *kirken* (14 og 19), som helst er akk. for dat. Men formene *paaska wikwn* (18) og *messon* (19) med apokopt endingsvokal kan peike fram mot moderne dativformer, der dei vanlegaste er *-en/-un* (Skjækkeland 1997: 152). Ei onnor forklåring er fullt samanfall, der desse formene er grunnforma, men akkusativforma i tekst 18 talar mot dette for den teksten. Det er elles mange døme på tradisjonelle *-enne*: *sælia oc vplatha fornempda jorder (...) domkirkionne* (4), *liggiendes i Sundale lydhene* ('lia', 26), *the høre waar nadige herre kongen oc kronene till* (KJ, p. 2) m.fl. Av totalt ti tekstar med døme, har sju dativ og éin grunnform, medan to blandar. Berre 4, 19 og SL har meir enn eitt døme, og av dei gjennomfører berre tekst 4 dativmarkeringa (alle tilfella *domkirkionne*). Eit poeng er at ved vokalreduksjon og ustø markering av lang konsonant kan akk. og dat. falle saman: *-inni*, *-ena* > *-ene*, jf. problema med possessiv (3.4.1.5).

Eit mogleg døme på den moderne endinga *-a* finn vi i tekst 6: *skil iach then sama iordha*, der *iordha* ser ut til å vera ei fleirtalsform med *r*-bortfall, men innhaldet i teksten og determinativet viser tydeleg eintal. Difor er det freistande å lesa dette som eit tidleg døme på *-a*. Diplomet er elles gammalvore i stilen, men har *alla mæn* i dativ i inscriptio og *tæssom godha mannom* med *-a* for *-om* i adjektivet, der iallfall det siste truleg er ei talemålsform (jf. 3.3.2). Indrebø nemner nokre døme på bunden form utan *-n* før 1500 (2001: 224).

3.2.2.4 *Propria og patronymika*

Det er naturleg nok færre døme på kvinne- enn mannsnamn. Mange kvinne-namn hadde *-r* i nom.sg. i norrønt. Den endinga er borte: *Mildrydh Magnusdotter* (10), *Brynildh Simonsdotter* (12), *Ssigrith* (24), *Magnilda Jonsdotter* (29) og *Jngegerd Erlendz dotther* (30). *Ssigrith* (24) står òg i dativ i same tekst. Forma *Magnilda* (29), og likeins *Jngeborga* (28) viser lint bøygde variantar av namna (jf. Indrebø 2001: 236). *Gunnille Haluardz dottor* (3) kan vera ei dativending, ijō-stammane hadde *-i* i dat. og akk.; diverre er det ingen døme på namnet i andre stoder, så det kan òg vera ei ljodrett nominativform: *Gunnhilör* > *Gunnhilder* > *Gunnhilde* > *Gunnille* med svarabhaktivokal og bortfall av *-r* i utljod, eller ein linn variant som dei nemnde.

Av lint bøygde kvinnenamn, attåt dei nemnde, finn vi i tekst 28 *Aasa* i nom. og gen., altså ubøygde. På same sett *hustrv Birgitt(h)a* (20 og 25) i nom. og dat. (òg ein gong *-æ* i dat.), i 25 òg i gen., men motsett *hustru Birgittis* (20), som viser spreining av *-s*.

Det er ingen døme på patronymika som alltid hadde *-ar* i fugen i norrønt. Endinga er helst *-dotter*, men *-dottor* i dativ i tekst 3 (det er ingen døme i nominativ til jamføring i den teksten). Det einaste andre dømet i oblik form er *Haasa Andersdotter* (31), så utvalet er tunt.

3.2.3 Inkjekjønnsord

Det er ingen døme på lint bøygde nøytra, og heller ikkje nemneverdige *propria*. Eg skal berre nemne at stadnamna pga. proprialiseringa kan samsvare med inkjekjønnsformer, t.d. *Vithaug alth* (11) og *aff tette Krokstade* (28).

3.2.3.1 Sterke, ubunden form

I nom. og akk. er det eit par døme på at gamle ija-stammar har fått ein annan endingsvokal: *malempnæ* (25) < *málefni*, *jordaskipta* (1) < *-skipti*. I genitiv vantar 7 av 21 former markering for kasus. Det gjeld éin partitiv genitiv (*ein tunne smør*, 32) medan resten står etter *til*; det er òg døme både på *til* + gen. Eit par moglege partitive genitivar er *fiora spans leggho* (3) og *j spans læigho* (11); men her er det meir truleg snakk om samansetjinga *spanns-leiga*, om det hadde vore partitiv genitiv skulle tekst 3 hatt pl. *spanna*. Tekst 20 syner ei interessant veksling mellom *-s* og *-Ø*: *till bytis*, men seinare *til reth tridwngs bythe* og *till tridwngs bythe*. Dette er vel teikn på at *s*-endinga er knytt til uttrykket spesifikt, heller enn ei reell kasusending, slik vi har mange døme på *til* + *-s* i nynorsk. Possessiv genitiv finst berre i *paweligx settis legatus* i fleire diplom, alle med *-s*.

I dat.sg. er det ei lang rekkje døme, mange av dei i to formalar: *med thesso* (*myno opno*) *breffue* og variantar, og dateringsformelen *aare ok degi*. Den første står 19 gonger i 18 diplom, med fem døme på *thetta breff* o.l. Substantivet følgjer her alltid determinativet, jf. 3.4.2.2. Einkvan slik dateringsformel er det i dei fleste breva, totalt 27, ofte på latin. Alle tolv på latin står i ablativ, t.d. *datum et actum anno domini Mo cdo lxxiij fferia tercia* (6), *giort war i Trondhem ipso die* (21). Like konsekvent er det ikkje på norsk. Tradisjonelle *degi ok aare* finn vi i tekst 4 og 17, *sama aare* i 28 kan vel òg reknast med (bunden form er vel mogleg, men ho har elles alltid endingskonsonant). 9, 12 og 20 har *aar ok degi*, medan resten har endingslause former. I tidfesting i starten av brevet kan ein finne uttrykk som *arom epter guds byrdh* (9), men tekst 12 har *aridh epher gudz bordh* (jf. 3.2.1.3).

Ser vi på førekomstane utanfor formalar, står ikkje mange att. Dei rimeleg talrike ija-stammene (*insigle*, *fylke*) syner liten variasjon, berre *følkia* (5) og *styckia* (13). *Kløster* (21) står utan ending, noko som etter søk i DN har vore det vanlege longe; likeins *prestageld*, men her har DN fleire døme på ending i dativ. Det resterande utvalet er tunt. Vi finn *handerbande* og *skilorde* tre gonger (ingen motdøme) og *breffue* éin gong i annan samanheng enn *med thesso* (...) *breffue*, men motsett i *aar* (14), *fra ordh* (24 og 27) og *raad* tre gonger utan markering. (*Rikensraad* (18) kan oppfattast som samansett særnamn, men neppe *rikensens radh* (25); det siste er styrt av

adverbet *affwer warendis*, *minom herre* syner at adverbet tek dativ. Merk at i *liffuande liffue* i 20 ikkje prover noko, sidan uttrykket finst i nynorsk òg. Tre gonger står i *wmbodhe*, men motsett finn vi *fore (kirke) wmbodh*; denne skilnaden kan gjerne ha med preposisjonen å gjera (3.5.1.3). Alt i alt er dativ morfologisk markert i om lag halvta av døma, og så godt som alle kan knytast til formelbruk.

Som i eintal er det lite merkjande ved nom. og akk. i fleirtal, både norrønt og nynorsk har endingslaus form. Det er nokre døme på gen.pl.; *barna* (4 og 20) har den tradisjonelle forma, medan *fore foruen fæm aars reckinskap* (15) venteleg er eintal for fleirtal i eit mengdeord (jf. om *mark* i 3.2.2.1). Både er possessive genitivar, preposisjonsstyrte fleirtalsformer finst ikkje.

Dativ held seg godt i fleirtal. Av 14 diplom med døme har 12 former på *-om*, to av desse rett nok med blanding. Dei to diploma med berre grunnform, er 8 med to gonger *prestegelde*, t.d. *j fornempde prestegelde* (jf. tilhøva i eintal), og 24 med *i ffra tesse ssama ordh*. Både desse tekstane har lite dativmarkering elles òg. Tekst 20 har døme både med og utan dativending, dei to utan er i frasen *gaa [the] medh sin syskiøne oc Karll Yrianssons skylgithen barn til reth tridiwngs bythe*. Tekst 27 vekslar usystematisk: *medh sex hengiande insiglom* og *medh sex insigle* (og fleire liknande døme), i alt fire gonger *-om* og tre gonger *-e*.

3.2.3.2 Bunden form

Alle seks døma i bunden form dativ vantar dativending; berre eitt av desse diploma har ubundne dativformer i nøytrum, men fleire har dativendingar i andre kjønn. Det einaste døme på b.f.gen. er nemnt over: *rikensen < ríkisins*. Søk i DN gav 29 treff på *rikesens*, mot 4 på *rikensens*, så det må vera ei sekundærform oppstått ved analogi frå hankjønn. Elles er endingskonsonanten tre gonger svekt til *-d(h)*, som kan tolkast som steg i utviklinga mot moderne *-e* [ə]; parallelt med utviklinga av norrønt *at* til nysislandsk *að* og norsk *å*. Eit omveges døme på det same er *till fullnat* (13, < *fullnað*): Det skal skrivast <t> for [d]/[Ø] i inkjekjønn, difor blir det same gjort i hankjønn, der det ikkje er grunnlag for det.

Det er òg eit døme i genitiv, men da med hankjønnsendinga *-ens*: *wij haffwa lakt ther fore til communens bordhald* (32), *communedh* i same tekst viser at det er inkjekjønn.

3.2.4 Oppsummering

Vi ser at den morfologiske markeringa av kasus er svært vaklande. Sidan det ikkje er noko i bøyninga av linne substantiv som tyder på opposisjon nom. ~ akk., og berre einstaka døme på *-(e)r* i nom.sg.m. av sterke, lyt ein gå ut frå at desse kasusa har falle saman, og vi kan operere med ei grunnform. Jamvel i eit oversyn over hovudformene av sterke substantiv, lyt eg ha alternative former:

		<i>Mask.</i>	<i>Fem.</i>	<i>Nøyt.</i>
<i>Eintal</i>	<i>Grunnform</i>	-Ø	-Ø	-Ø
	<i>Genitiv</i>	-s	-Ø	-s
	<i>Dativ</i>	-e/-Ø	-Ø	-e/-Ø
<i>Fleirtal</i>	<i>Grunnform</i>	-a/(-e)	-er	-Ø
	<i>Genitiv</i>	(-a)		
	<i>Dativ</i>	-om		

Det er mindre spreiding av *-s* i genitiv enn ein kanskje kunne vente, *-ar* er bytt med *-Ø*, medan *-s* berre er lagt til r-stammane i hankjønn og eit par hokjønnsord på vokal. Dativ er grovt sett markert morfologisk i om lag helvta av førekomstane i han- og inkjekjønn eintal (dvs. der norrønt ville hatt dativ), men det meste er meir eller mindre faste ordelag som like gjerne kan vera avskrift som former med rot i talemålet. I mask.pl. har *-r* i utljod somtid falle, og redusert endingsvokal er til dels kommen inn. I gen.pl. finst både tradisjonelle former og nydanningar, men materialet er spedt for generaliseringar.

Jamført med nynorsk er det interessant at bundne former i hankjønn og inkjekjønn knapt har kasusendingar i det heile, sidan det er nettopp her vi finn relik i dag. Dativendinga held seg noko betre i hokjønn; kanskje kan dette henge saman med fonologisk samanfall med akkusativforma, men endinga står sterkare i dativ enn akkusativ.

Når såpass mange av formlane står utan kasusending, må dette vera eit teikn på at det ikkje fanst talemålsgrunnlag for det: Former som var støtta både av talemål og skrifttradisjon ville neppe forsvunne. I jordebøkene ser vi òg tydelege endringar i høve til Aslak Bolts jordebok, som tente som kjelde. Samstundes som tradisjonen ikkje var sterk nok til å gjera seg fullt ut gjeldande, viser bundne former som *jorden* at han greidde å halde dei nye, sterkt avstikkande talemålsformene (*jorda*) ute.

3.3 Adjektiv

I både norrønt og nynorsk er det eit skilje mellom ei formrik sterk og ei formfattig linn adjektivbøying. I tekst 18 ser vi skilnaden tydeleg: *i tretthawm ein halffwan gardh*, men *[the] skulæ beholdha (...) then halffwa gardhen*. I materialet mitt ser det ut som linn bøying blir bruka meir enn det tradisjonelt var grunnlag for. Opphavleg vart adjektiva berre bøygde lint etter føresett bunden artikkel, men Brøndum-Nielsen nemner at ho òg blir teken i bruk etter possessiv og genitivar i dansk frå ikring 1300 (1962: 109); det same må ha skjedd i norsk.

Ein stor del av adjektiva er former av *-nempde*, som viser til personar i brevet. Desse formene er ofte avstytte, og kan vera oppløyste av utgjevarane

i samsvar med språket elles i brevet. Denne praksisen gjer formene problematiske som kjelder. Somme stader må dei vera skrivne ut, og der kan ein sjå på samsvaret (eller mangel på slikt) med andre former i same brev. No er det likevel slik at veksling mellom utskrivne og avstytte former (t.d. nom.sg.m. *forde* og dat.sg.m. *fornempdom* og *fordom* i tekst 25) tyder på at utgjevarane har følgd brevet, og ut frå talmaterialet for nom.sg.m. meiner eg å finne at dei utskrivne formene er fullgode døme, medan dei som står avstytte i diplomatariet stikk seg meir ut (sjå under). Pettersen nemner òg at same skrivar kan ha avstytingar med *-e* jamsides utskrivne former med ending (1991: 198).

3.3.1 Sterk bøyning

Den sterke adjektivbøyinga var svært formrik i norrønt, med 13 distinkte former. Noko samanfall var det allereie der, særskilt ved at alle kjønn hadde sams genitiv- og dativformer i fleirtal, og det vanlege samanfallet mellom nom. og akk. i inkjekjønn og dessutan hokjønn fleirtal. I mellomnorsk har samanfallet spreidd seg vidare.

3.3.1.1 Hankjønn

Nominativmerket *-r* finst det relikst av enno i nynorsk, i former som *ein gilde gut* i mykje vestnorsk (*gildr* > *gilder* > *gilde*, svarabhaktivokalen står att). Eg finn *-r* i seks av fjorten tekstar med relevante døme (*klar* i 14 er ikkje relevant, sidan same form ville stått uansett). Viss vi ser bort frå formene *-nempde/-scriffne*, som ofte er avstytte, har tre av seks relevante tekstar *-r*. Av dei avstytingsutsette formene har fire av dei elleve tekstane med typeformene *-r*, men dersom eg berre tel fullt utskrivne former, blir det fire av åtte. Konklusjonen blir altså at *-r* står i om lag halvta av høva både ved formene på *-nepmde* o.l. og elles, og at iallfall dei *utskrivne* formene av *-nempde* er like gode kjelder som andre adjektiv.

I genitiv er biletet meir uklårt. Tre tekstar har døme, to av dei er i stadfestingsformelen: *til (...) san vithnessburdh* (7) og *till sannan witnisburdh* (17). Båe to har akkusativform, i det første døme jamvel avstytt til *san*, som svarar til nynorsk. Tekst 17 har òg to adjektiv med *-s* i ein kompleks possessiv genitiv: *adhernempdz wors wyrdeligs fadhers erchiebiskups*. Jamført med resten av materialet kunne ein venta linn bøyning av *wyrdeligs* med *-a*, men endinga er overført til kvar lekk i frasen. Eit anna døme med *-s* er *fornempdz Herwaldzss* i 28.

Til liks med nominativ, er dativ for ein stor del markert. Av dei 18 tekstane med døme har elleve *-om*, tre av desse blandar med *-e*, venteleg samanblanding med linn bøyning. I både *nesthe odalsmannom stande til lausnar* (25) og *med aadhernempdom wærdugaste fadher* (30) står den ubøygd lekken saman med en bøygd (sjå 3.5.2.2); jf. òg at vi i moderne språkbruk må setje inn ein bunden artikkel og bruke svak form: ‘stå til (inn)løysing for den neste odelsmannen’/‘med den førnemnde verdigaste far’. Ei avstytt form har jamvel markert dativ ein gong: *fordom* (25). Endingslaus form finn vi i t.d. *af gunst oc goed wilia* (5). Sjå òg under om eit par tilfelle av

akkusativ for dativ.

Ikkje i noka stode held akkusativmarkeringa seg så godt som i mask.sg.. av adjektiv. Av 21 tekstar med døme, har tolv *-n* (to blandar). Endingsvokalen varierer noko, tidast står <a>, men det er òg døme på <æ, e>. Formene står helst som direkte objekt, men eit par døme finst òg etter preposisjon. Superlativane *forstho*, *sidarsta* (3), *mesta* (17) og *fyrste* (21) er ikkje markerte. Dette er alle døma i superlativ, og tyder på at desse formene mistar kasusendingane før positiv. Det same gjeld for dansk: «Specielt staar (...) Superlativer ofte i svag Form (uden foregaaende Bestemmelsesord).» (Brøndum-Nielsen (1962: 109.) Om det hyperkorrekte (?) *beqwæmeligom* (30) sjå 3.2.1.1. I tekst 6 bryt bøyinga saman undervegs i setninga: *tha bidh(e)r jach ærlikæn man (...) och skælik man*. I tekst 14 ser vi ei motsetjing mellom akk.sg.n. *forne* og akk.sg.m. *forden*, nok eit teikn på at avstytingar ofte får tillagt ending. *gaa [the] til reth tridiwns bythe effiher [them] i allan then arff* (20) er vel akkusativ for dativ, og òg i *fornempda jord Krokstade haffuer legit vnder adhernempdan etthlegh* (28) ville vi vel venta dativ, men tilsvarende *haffwer lighet vndher prebendam* (16) har substantivet i akk. (med latinsk bøying).

Ei form som fortener å nemnast særskilt, er utljod på *-in/-en*. I tekstane 19 og 21 blir ho bruka om Jacob Mattson, høvesvis *heidrliighen oc welboren man* og *heidherligh oc velborin man*, båe i nominativ. Desse tekstane har samstundes *-om* i dativ. Forma dukkar òg opp i tekst 31, da i dativ: *vi haffwm seelth hederligin man Ion Tørlefson en iorde part*. Brøndum-Nielsen (1962: 66) nemner dette som ei opprinneleg svensk form, som finst sporadisk i gammaldansk. Grøtvedt har fleire døme i ulike kasus på forma frå tidleg 1400-tal, og meiner det er ei utviding av endinga *-lig* etter akkusativ (*-ligan*, med redusert vokal *-ligen*), støtta av analogien med dei talrike adjektiva og perf.part. på *-inn* (1974: 126). Pettersen meiner det er ei sams skandinavisk form (1991: 193, 207). Opphavet kan vera omstridd, men ubøyeleg er forma i alle høve; eg finn ho både i nom. og dat. At forma finst nærast som ein tittel gjer at endinga kanskje hadde ein noko framand og høgtidsfull klang?

Der bortfall av endinga ikkje kan tilskrivast linn form, er resultata ulike. Vi finn nokre gonger akkusativ for dativ og genitiv, og òg døme på at endinga er heilt fjerna. Det siste svarar til nynorsk, men finst berre i liten grad i materialet mitt.

I fleirtal har utviklinga råka endingane langt hardare, slik at vi i dei fleste døma får den nynorske forma på *-e*. I nominativ står *-r* att i berre eitt døme: *minæ rettæ erfuingær (...) som rett eræ odals borner ther till* (5), men jf. det liknande *fyrnempdan Arne Jonson oc Trond Jonson at the æro rette odalz borne til thet jorde godz* (12). Ut frå talmaterialet hans Pettersen ser det ut som verbpartisipp i predikativ stilling heldt best på *-er*-endinga (1991: 222–224). Dei andre døma vantar alle *-r*; utljodsvokalen er oftast *-e*, men stundom *-æ* og *-a*. Vokalfordelinga viser ei lita overvekt for *-e* i nom. og *-a* i akk. Det er ingen døme på innsett *-r* (jf. slik innsetjing i substantiva, 3.2.1.1 og 3.2.1.2), derimot er eintalsforma *fyrnempdan* bruka ein gong (sitert over),

venteleg i samsvar med den næraste lekken.

Det er få døme i genitiv og dativ fleirtal. I genitiv har vi *ffornde* (20), men teksten har òg same form i nom.sg.m. Det andre dømet er *erligha manna insigle* (29) med tradisjonell vokal, men *fornemde* i akk.pl.m. med *-e* for *-a* i same tekst viser at endingsvokalane kan veksle. I dativ peikar dei to døma i kvar si lei: tekst 18 har *helssa allom godhom mannom* i adresatio, men 24 *aff gamle men* utan dativending korkje i adjektivet eller substantivet.

3.3.1.2 Hokjønn

I hokjønn er det færre døme, og ein god del av dei som finst kan tyde på at dei er lint bøygde. Når genitivendinga attåt kan bli ljodrett forenkla til *-a* ved *r*-bortfall (*-rar* > *-a*), får dei fleste formene *-a*.

Former med og utan ending kan veksle: *kom tha ther ffore oss erlighæ quinnæ hustru Birgitta i Westerhwss* (17), men om same kvinna *kome ffore oss (...) beskedeligh quinna hustru Birgitta Pædhersdotter i Westrehws* (20). Totalt er det fem slike døme på ending som kan tilskrivast linn bøyning av dei totalt elleve. Dei to einaste adjektiva som står i ei stode der linn bøyning er reint umogleg, er dei identiske uttrykka *bliffuer kirken honom skyldugh* (14 og 15).

Genitiv førekjem oftast i uttrykket *till ewerdeliga eiga/eign*. Uttrykket står i totalt åtte tekstar. Det er fleire endingar i bruk: *-ar* (18), *-o* (26), *-Ø* (16), *-e* (9) og fire gonger *-a*. Den tradisjonelle endinga har heilt tydeleg falle; men det er gode grunnar til å rekne *-a* for ei ljodrett og ekte genitivform, sidan forklåringa med linn bøyning ikkje er brukande. I så fall må vi konkludere med at ei slik genitivending heldt seg lenger ved adjektiva enn substantiva (jf. 3.2.1.1 og 3.2.2.1). Varianten *-o* kan vel helst forklårast som overført frå substantivet *eygo* (jf. 3.5.2.2 [og Seip, *Norsk språkhistorie til omkring 1370*, s. 308]), men vi finn òg *-a* i lag med *ægho* (6). I tekst 31 kjem lånordet *euigh* inn i staden, og står utan ending. Det er berre tre andre døme i genitiv: to etter *til* med *-a* (*godha* (4) og *fulla* (6)), samt *aff godrar aminningar konung Cristiern* (KJ, p. 2). Ei så avstikkanda ending er nok ein arkaisme, og det er samstundes eitt av få døme på *-ar* i gen.sg. av substantiv.

I dativ har fire tekstar døme, alle med *-a/-e*. Fullvokalen kan vera innsett analogisk frå akkusativ, men i alle døma er overgang til linn bøyning plausibelt.

Akkusativ hadde *-a* i norrønt, men fullvokalen er ikkje vanlegare her enn i andre kasus. For seg står *sa mykyn jordh* (10), som vel må sjåast som eit dansk lån (teksten har òg andre lån som gen.pl. *danne mæns*); der vart *-n* einerådande i skrift ikring 1500 og fanst spreidd tidlegare (Brøndum-Nielsen 1962: 65). Éin gong vantar ending: *skula (...) liggia vnder forneffndh prebendam* (16). Dei seks andre diploma med døme har *-a/-e* jamt fordelt.

Dei to døma eg har ført opp i nom.pl, er båe problematiske, fordi dei viser til blanda kategoriar: *tha schall sama adher nemdher wara odals jarder oc jardaparthir* (5) og *forscriffne Jodhen och Jodar øyer* (16), altså ein gong

kvar med og utan *-r*. I det første dømet er det lett å tenkje seg samsvar med næraste lekk, medan den andre helst peikar mot den nye fleirtalsforma utan kjønsskilje.

I dat.pl. finn vi *aff welbyrdwgo qwinnor Ffrw Elin oc Ffrw Gertrud* (11). Det kan verke som bøyinga er meir usikker når det dreier seg om adjektiv som kan oppfattast som titlar, jf. *erlighæ* i nom. over. Her òg kan det vera snakk om lint bøygd form, dette viser i så fall at dat.pl. der var utjamna til *-o* til liks med andre kasus i fleirtal.

Fire diplom har døme i akk.pl., men ingen av dei har *-r*. Utljodsvokalen vekslar mellom *-a/-æ/-e*, med mest *-a*. Bortfallet av *-r* i utljod kjem altså til synes her òg. Både Mørck (2004: 426) og Indrebø (2001: 237) fører opp *-a* i fem.pl. til skilnad frå mask.pl., men når det gjeld kvaliteten på endingsvokalen er ikkje materialet mitt definitivt – i baa kjønn er det veksling (men sjå under om inkjekjønn).

3.3.1.3 Inkjekjønn

I nominativ og akkusativ eintal er det nokre få døme på at *-t* vantar, alle i *forne/fornempde*, som kan tilskrivast linn bøyning, t.d. *at forne breff eer* (17).

Genitiv finn vi helst i uttrykket *paweligx settis legatus* ‘pavesetets utsending’, bruka om erkebisen i åtte diplom. Adjektivet har *-s* unntake i dei to like tekstane 14 og 15, som har *paffuelighe*. Alle desse døma er possessiv genitiv, dei to døma med andre ord er preposisjonsstyrte og vantar *-s*. Ei form som *skule wij (...) giffwe til fornempde commwns bord hald* (32) er nok enda eit døme på linn bøyning, men *til reth tridiwns bythe* kan ikkje tolkast slik. [*Det er vel eit samansett substantiv. Fritzner har ikkje dette ordet, men mange andre samansetjingar på þridjungs-*]

Dativformer finst hovudsakleg i formlar. Vanlegast er *fra forno ok nyo*, som står i heile 10 diplom, og einaste avviket frå *o*-ending er *forre* (9). Uttrykket *i waatho oc tyrro* (30, tilsvarande i 6) har likeins *-o*. Av dei avvikande formene er *i fornempde prestegeld* (8) venteleg nok eit døme på linn bøyning. Meir uvisst er *tha gaff han adhernemdom Bertil fiordungdes gioff oc tiende i lausse oc fastæ* (19). Det er inkje grunnlag for linn bøyning, jf. nynorsk ‘i laust og fast’, så det verkar vera ei kasusending med redusert vokal (teksten har òg elles reduserte endingar, t.d. *medh thesse ware opne breffue* for *thesso waro*. Alle døma har altså eikor ending.

Den endingslause forma i nom.akk.pl. (= nom.sg.f.) er så godt som borte, det einaste dømet er *i vi aar nest fforliden* (22). Adjektiva får tillagt ending til liks med andre fleirtalsformer, som i *breffuom som ther wore framborne* (20). Tekst 27 har ei setning med fleire døme:

thaa funne vij alle try [breff] oc sage vara oskrapath oplomperat, olyth i alle article fulle oc gildhe oc medh heilom insiglom lydandis (...) som her effther scrifna staar

‘da fann vi alle tre [brev] og såg [at dei var] uskråpa, *oplomperat, utan lyte i alle delar, fulle og gode og med heile segl, lydande (...) som [dei] her etter står skrivne.’

Dei første tre partisippa er ikkje samsvarsbøygd, truleg av di dei er ð-stammeverb som stod i fåre for miste samsvarsbøyinga si ved ljodrett svekking av endingskonsonantar (*kallaðr*, *kallað*, *kallat* > *kalla*). Dette gjeld ikkje *olyth*, men her vart vel endinga overført frå dei føregåande formene. At *scriffna* til slutt er samsvarsbøygd (med ei moderne ending), er eit godt argument for at dei første formene er reelle, og viser til dei moderne formene på *-a*. Like etter kjem to adjektiv med *-e* og eitt i dativ med *-om*, der *-e* er ein novasjon. Same tekst har tre gonger *medh fem/siw/sex هنگيande insiglom*, altså utan *-om* i dativ. Ei tilsvarande setning i 17 har *-om*, og likeins det siste dømme i dat.pl (*heilom* i 27).

Indrebø fører opp *-Ø* som normalform i nøy.t.pl. først på 1500-talet, men vedgår at utviklinga somme stader var kommen til det moderne steget med *-e* (2001: 237–238). Materialet mitt peikar iallfall eintydig mot ei slik utvikling. At dei nye fleirtalsformene somtid får *-a*, kan komma av to tilhøve: *-a* er overført frå hokjønn, som altså har hatt *-a* enno på denne tida, eller det er ein hyperkorreksjon. Omveges kan dette altså vera eit argument for *-a* i fem.pl., der eg ikkje hadde grunnlag for nokon sikker konklusjon.

3.3.2 Linn bøyning

For den linne bøyinga nemner Iversen at allereie i gammalnorsk «kan komparativ og pres. pts. i alle kasus i entall ende på *-e* alt omkring 1200» (Iversen 1972: § 93, anm.); det er altså ikkje å vente at systemet her er halde oppe så seint. Noko skilje mellom nom. og obl. form kjem ikkje fram.

Bøyingsmønsteret var noko ulikt for positiv og superlativ på den eine sida, og komparativ og presens partisipp på hi. I positiv og superlativ følgde bøyinga i eintal heilt an-/ön-substantiva, men dette er ikkje halde ved lag. Det tydelegaste avviket er at hokjønn gjennomfører *-a* både i nom. og oblike kasus, det einaste moglege unnataket frå dette er nom. *fforne* (18). I hankjønn er *welwilliga* (2) det einaste dømet i nom. som ikkje er eit tilnamn, dei har *-e* (éin gong *-æ*), med dei vanlege atterhald for særnamn som kjelde. I oblik form varierer òg *-a* med redusert vokal.

Dei fleste døma i inkjekjønn er kunngjeringsformelen *med thesso opne breffue*, totalt i 14 diplom. Med determinativet bør adjektivet her vera lint bøygd, men i fem diplom har det fått forma *opno*, med *-o* overført anten frå possessivet eller den sterke adjektivbøyinga. Pettersen (1991: 283) meiner det er den sterke bøyinga som er mønsterdannande, men eit argument for at endinga er overført frå possessivet er at possessivet og adjektivet i materialet mitt har same bøyning (*woro opno* eller *wore/wart opne*). Avvikande ending har *mit opna* (6), tilsvarande *meyra* (10); alle andre døme har *-e*. Ei form i tekst 16 kan nemnast: *medh wart elskelighet capittvlum*, med *-t* frå possessivet eller nom./akk. i den sterke bøyinga. Her òg følgjest adjektivet og possessivet åt. Pettersen finn tilsvarande at *opno* berre står i frasar der alle lekkane har dativending (loc.cit.).

Fleirtal enda i alle kjønn på *-u*, unntake dativ som hadde *-um*. Dette er det lite att av. Av dei fire døma i dativ har berre *fornempdom* (30) *-om*, dei andre *-a/-e*. I andre kasus finn vi helst *-e*, eit par gonger *-a*; den einaste

tradisjonelle forma er nom. *tessæ godho men* (3), samt kanskje *welbyrdwgo* (tekst 11, sjå 3.3.1.2 over).

Komparativ og presens partisipp følgde ĩn-stammene i fem.sg. og heile fleirtal; her vart endinga som nemnt svekt tidleg i norsk, og finst for det meste som *-e* i døma mine. I hokjønn er det nokre døme på *-a*, t.d. *høira* (*till meræ vissa oc høira forwaring* i tekst 5, venteleg lånord frå dansk, jf. døme i Brøndum-Nielsen 1962: 133–134) og *meira* (28); *-æ* i *meræ* (3 og 5) og éin gong *-o* (*meiro* i tekst 11). Endinga *-a* (reduisert *-æ*) er venteleg analogisk etter den linne bøyinga i positiv og superlativ, som var utjamna til *-a* (jf. over, Brøndum-Nielsen 1962: 112 nemner *-a* analogisk i nom.); *-o* er vel overført frå substantivet (*til meiro visso*).

Presens partisipp viser ein tendens til å få tillagt *-s*, t.d. nom.sg.m. *liggiandes* (18), nom.pl.n. *lydandis* (27) og ein god del fleire. Svensk hadde tidleg desse formene, og i dansk vart dei vanlege i løpet av 1400-talet; i Vest-Noreg er det nokre døme før 1500, og endinga dominerer etter sekelskiftet (Pettersen 1991: 566 med referansar). Denne nye forma er ubøyeleg.

Indrebø fer fort over den linne bøyinga, og meiner reduksjonen til *-e* for det meste var gjennomført ikring 1500 (2001: 238), medan Mørck (2004: 427) har variantane *-e* og *-a* i fem. og nøyt.sg., slik eg òg har funne døme på. Anna fleirtalsending enn *-e* nemner han ikkje.

3.3.3 Oppsummering

I den sterke bøyinga er spesielt hankjønnsendingane i eintal vel gjennomførde, i både nom., dat. og akk. finst den tradisjonelle endinga i ikring helvta av tekstane. Hankjønnsformer er langt dei vanlegaste, og skrivarane kunne såleis lett finne døme i eldre tekstar. Det er merkande kor godt endingane held seg i formlar, spesielt tydeleg er nok dette i dat.sg.n. I mindre faste ordelag er det langt færre tradisjonelle endingar, og meir samanfall. Dette rårar i første rekkje hokjønn eintal og heile fleirtal, og kan forklåre kvifor det berre er spreidde restar av den gamle bøyinga der. I hokjønn eintal kan svært mange av døma i nominativ og dativ vera lint bøygde, og det er vanskeleg å seie noko visst om den sterke bøyinga. Genitiv er jamt endra til *-a* og fell saman med akk. I inkjekjønn eintal er det knapt døme på genitiv

Heile fleirtal har veksling mellom *-e* og *-a*-ending; òg slik at inkjekjønn somtid fekk tillagt endinga *-a*, som godt kan vera eit reelt mellomsteg på vegen til *-e* i alle kjønn. Av dei få døma i dat.pl. har helvta *-om*. Forsøksvis kan dette uttrykkjast i ein slik tabell:

		<i>Mask.</i>	<i>Fem.</i>	<i>Nøyt.</i>
<i>Eintal</i>	<i>N</i>	-er/-Ø	-Ø	-t
	<i>G</i>	-s	-a	-s
	<i>D</i>	-om/-Ø	(-a)	-o
	<i>A</i>	-an/-Ø	-a	-t

		<i>Mask.</i>	<i>Fem.</i>	<i>Nøyt.</i>
<i>Fleirtal</i>	<i>N</i>	-e/-a	--	-e/-a
	<i>G</i>	--		
	<i>D</i>	-om/-e		
	<i>A</i>	-e/-a	-a/-e	-e/-a

Indrebø skriv om ein tendens til å byte ut oblike eintalsformer i hokjønn og dat.sg.m. med *-o* (2001: 237), men det stemmer ikkje med det eg finn; her er det *-a* som breier seg i hokjønn, medan dat.sg.m. anten står i grunnform eller med den gamle endinga.

I den linne bøyinga, som allereie var formfattig, er utjamninga enda større enn i den sterke. I hankjønn har eg ikkje grunnlag for å seie noko om skilnad nom. ~ obl. form, men hokjønn gjennomfører *-a*. Ein del sterkt bøygdde former av *opinn* i dat.sg.n. stod etter possessiv med *-u*, og kan forklårast som analogidanningar. I fleirtal er endinga helst *-e*, men eit par gonger *-a* i både hokjønn (som den sterke bøyinga) og hankjønn (i dativ). Berre eitt av fire døme i dat.pl. har *-om*.

Alle dei tradisjonelle formene kan altså forklårast med talrike døme i eldre tekstar, og det verkar naturleg å konkludere med at systemet langt på veg svarar til det moderne, der det grunnleggjande skiljet går mellom eintal og fleirtal, medan kjønnskilnader er reduserte til ein opposisjon mellom han/hokjønn og inkjekjønn i eintal.

3.4 *Determinativ*

Determinativa kan delast i demonstrativ, possessiv og kvantorar. Dei blir bøygdde i kjønn, tal og kasus; dels følgjer dei den sterke adjektivbøynga, dels går dei på sitt eige vis. I nynorsk har fleire mista bøynga si i det heile (*báðir*, dei minste ordenstala), medan ho elles er svært forenkla. Det er possessiva og demonstrativa eg går mest inn på her, sidan dei er så mykje meir frekvente enn andre. Somme kvantorar det er fleire døme på nemner eg òg, men der blir gjennomgangen meir summarisk.

3.4.1 Possessiv

Possessiva omfatta i norrønt *minn*, *pinn*, *sinn*, *várr*, *yð(v)arr* samt dualisformene *okkarr* og *ykkarr*; dei to siste er lite aktuelle for min periode. Dei følgde alle den sterke adjektivbøynga; attåt kom dei ubøygdde *hans* og *hennar*, til liks med nynorsk. Den viktigaste prinsipielle endringa til nynorsk er at *dykkar* (< *ykkarr*) òg har vorte ubøygd, samt at *deira* er grammatikalisert som possessiv i 3.p.pl. frå demonstrativforma *þeir(r)a*.

Minn, *sinn* og *várr* er vanlege, medan døme på 2. person sg. ikkje finst og dei einaste i pl. er i tekst 2: nom.sg.n. *idert*, gen.pl. (?) *idra*, og ei merkeleg form akk.sg.f. *idrom*.

Mange av førekomstane er i formalar, med dei følgjer det kan ha for tolkinga, jf. 2.4.2. Dette gjeld først og fremst kunngjeringsformlar av typen *kwnnukt gørande med thesso myno breue* (tekst 29) med former av *minn* eller *várr*, og innseglingssformlar som *[the] henge theira jnsigle med mino* (tekst 30) med former av *sinn* og *minn*; ein annan vanleg formel er *vndhan segh och sinom erwinghom* (tekst 16), gjerne fortsett med *til mik ok minom erwingom* (tekst 24) e.l. Denne formelen gjeld former av *minn* og *várr*, men jf. òg 3.2.1.2 om forma på substantiva. Eg har dessutan sett meg nøydd til å ta for meg uttrykket *á ... vegna* særskilt, sidan det gjeld mange av førekomstane av *sinn*; framstillinga nedanfor er tufta på Simensen (1989).

3.4.1.1 Om norrønt á ... vegna

Uttrykket er innlånt frå mellomlågtyisk *van énes wegen(e)*⁷, og tilpassinga til mottakarspråka har gjeve det litt varierende utforming i moderne skandinavisk. Fritzner (**vegna** 2) nemner fleire moglege variantar allereie i norrønt: Eit mellomståande nominalledd står i genitiv, medan eit possessiv kan stå i gen.pl., gen.sg.f. eller dat.sg.f.; varianten med possessiv nemner han berre med preposisjonen *af*. *Vegna* sjølv er venteleg gen.pl., med ending *-na* etter linne hokjønnsord (Simensen 1989: 280, note 7); dette kan forklåre kvifor eit nake possessiv opptre i gen.pl. jamvel etter preposisjonar som ikkje styrer genitiv: det er ingen andre substantiv å rette seg etter.

Døma hjå Simensen er stort sett frå 1300-talet, det siste han nemner i den innleiande gjennomgangen, er frå 1438. Han skriv seinare:

Vokalreduksjonen i samband med forenklinga av [kasussystemet] reiv grunnlaget bort for dei morfologiske skilnadene eg har peikt på ovanfor. (...) I desse breva [fem dømme frå 1432–1557] må vi nok helst rekne med stivna danske eller danskpåverka fleirtalsformer. (ibid.: 277–278.)

Dette er vel likevel ei noko drastisk haldning, mest eit baugskot for alt arbeid med mellomnorsk morfologi, og det er òg eit bra sprang frå døma hans midt på 1500-talet på mest rein dansk til uttrykk i meir eller mindre heilnorske brev tilbake på 1400-talet. Likevel er det ikkje til å komma frå at eg møter store vanskar i forsøket på ei heilskapleg tolking av materialet mitt, og nokre skrivarfeil ser eg meg nøydd til å rekne med.

Simensen (1991: 271–272) nemner problemet med enkel vs. dobbel konsonant i desse uttrykka. Medan islandske handskrifter jamt over skriv *sinna*, tydeleg gen.pl., finn vi jamvel i dei eldste norske døma helst enkel konsonant. Der diplommet elles ikkje har dømme på slik konsonantforenkling i innljod er det truleg tale om kasusending/-omtolking, men der <n> for *-nn-* er vanleg er dette vanskelegare å vurdere.

Av dei ti døma eg har, står tre med prep. *aa*, fire *uppa* og to *pa/po*, medan eitt er utan prep. *Sins brodhers* i 13 er eit greitt dømme på genitiv, medan *Sancti Olaffs domkirkio* i tekst 8 like gjerne kan vera akkusativ. Tekst 23 har gruppegenitiv (*myn nadhe her *gonghenss*) og den moderne preposisjonen *po*, diplommet har òg moderne drag som *alle men* i innleiinga. Dei resterande

7 Nygaard forklårer det som opprinneleg gen.pl. av *vegr*, jf. uttrykket *ffögurra vegna*, og «idet ordets oprindelse glemmes, tilføies præp.» (1905: § 141 med anm.).

seks døma har alle *sinn*. Berre 28 har ubøygde form: *uppa syn hustrv wegna Aasa*, og heller ikkje substantiva gjev informasjon om kasus; dei er ubøygde på denne tida. *j (...) wmbodhe sine hustrv ok wersyster wegne* i 25, utan prep., verkar som ei pleonastisk uttrykk; med *sine* gen.pl. (ev. sg. etter det næraste substantivet) er *wegne* overflødig, jf. *i wmbodhe Karl Yrianssons barna* i tekst 20. Indrebø gjev eit liknande døme, og meiner det er eit utslag av vanen med å setje eit innlånt og eit gammalt norsk ord jamsides (2001: 163). Diplomet har tre døme; dei to andre har *sinne*, venteleg gen.pl., med vokalreduksjon (jf. verbalending *-e* i pl., *tiil tale* o.a. døme i same tekst, men *sina* akk.sg.f. talar imot reduksjon). Det er to andre døme på <n> for *-nn-* (*lagrettene*, *sanindh*), så eg tek òg *sine* for gen.pl. Noko inkonsekvens må ein uansett rekne med, når *sina*, *sine* og *sinne* står i same brev, anten står <n> for *-nn-* eller så varierer endingsvokalen heilt usystematisk.

Tekst 4 er mest problematisk. *Helghe Jonsson aa sina eghna wegna* kan verke å ha analogiske endingar i heile uttrykket, ev. manglar ein *n* på gen.pl.-forma (*peninga* finst to gonger med <n> for *-nn-*, men jf. *sinna* gen.pl. vs. *sina* akk.sg.f. elles i teksten). I *Arne Jonsson aa sinæ oc sinna brædhræ barna Nielss Jonssons wegnæ* skulle ein tru alle ledda stod i gen.pl., og *sinæ* kan godt vera ei redusert form (jf. *eindrektelighæ* vs. *ewerdeligha* nedanfor), men da blir forma *sinna* rett etter uforklårleg. *Brædhræ* kan vanskeleg vera anna enn gen.pl. På same sett som i tekst 25 blir eg tvungen til å rekne med inkonsekvens.

Det kan verka som genitiv er det vanlegaste, men den store variasjonen innom same tekst tyder vel på at det er uvisse om korleis uttrykket skal tolkast. Det pleonastiske uttrykket i 25 tyder på det same. Det verkar som den mest naturlege tolkinga er at skrivaren er usikker på bruken og vaklar, og all denne uvissa gjer at døma på *sinn* i dette uttrykket etter mi meining fortel lite om eventuell bøying av ordet.

3.4.1.2 1. person eintal

Totalt har 11 av 32 diplom døme. Bortsett frå nom.sg.m. *myn* i SL og nom.sg.f. *myn* i tekst 10 er alle døma i dat. og akk.

I dat.sg.m. har tekst 23 *po myn nadhe*, medan dei andre døma (tre tekstar) har *-om*.

Dat.sg.n. finst berre i formlane *med thesso mino (opno) breffue* og *sin jnsigle med mino*, med ortografiske variantar. Avvika i tekstane 6 og 24 (*mit/mith*) er ikkje uventa, både tekstane har òg andre moderne drag. *Mina* i 7 høver med adjektivet *opna* (men jf. *mit opna* i 6), og er gjerne ein hyperkorleksjon; elles følgjest possessivet og adjektivet åt: *mit opne/mino opno*. Variantane *mine/minne* i 25 kan truleg reknast for markerte dativar med redusert vokal, brevet har òg mykje vokalreduksjon i adjektiv og demonstrativ. Tidsmessig spreier både dei tradisjonelle og dei nye formene seg over heile perioden.

Dat./akk.pl.m. står ofte i formlar av typen *vndan mik oc mynum ærwingium*. Dette gjeld *-om* i 3, 6, 10 og 29, samt *mina* i 7 og *mine* i 30; i både dei to siste

endar substantivet på *-a*. I fortsetjinga av formelen er det ingen døme på «rett» akkusativending: Tekst 9 har *vndher minom*, venteleg påverka av *vndhan (...) hans ærfingium* rett føre, og 24 *til minom*, likeins påverka av *fra (...) hans erwingom*. I båe høva er det samsvar mellom *minom* og subst. *erfuingium/erwingom*. I det siste høvet kan det òg vera tale om at *til* har teke til å styre dativ i somme høve; mest truleg er det nok likevel at det er forsøk på å følgje ein gammal skriveskikk som ikkje lenger kjendest naturleg som slår gjennom. Pettersen (1991: 333–334) finn ein liknande hyperkorleksjon, men ingen i avhendingsformelen.

Tekst 30 har dei einaste døma på akk.pl.f., båe gonger *mine*, jf. òg same ending i dat.pl.m. i teksten. Men teksten har samstundes *-om* i dat.sg.m. og dat.pl., båe gonger i komplekse omsynslekkar, og har *theira jnsigle med mino* til slutt. Denne variasjonen gjer det freistande å tolke endingsreduksjonen som talemålsinnslag, spesielt sidan det òg elles finst nokre moderne drag. Men det er merkeleg at *minom* kan stå i ein omsynslekk når det vantar i formelen *wndhan meg oc mine arffua*, dette bryt med tendensen elles.

3.4.1.3 3. person eintal

Dei ubøygde *hans* og *hennar* i norrønt lever vidare i nynorsk, men det finst nokre dialektale variantar særskilt av hokjønnsforma. Dette syner seg òg i kjeldene mine: Tekst 20 har *henne ffadher* (nom.) og 28 *henniss part* (akk.), vidare mellom *henne oc hennar twem systrom*. Dei tre døma viser altså tre ulike former, og gjev knappast grunnlag for nokon konklusjon. Det siste dømet er samstundes eitt av fleire på *mellom* + dat. (sjå 3.5.1.1), med ein tydeleg opposisjon mellom dat. *henne* og possessivet *hennar*.

3.4.1.4 Refleksivt possessiv

Noko er nemnt i 3.4.1.1 om bruken i formlar med *vegne*, men òg elles finst det ein del døme. Mange av dei er i formelen *kveðju guðs ok sina*, med akk.sg.f. Her er fullvokalen stort sett halden, men tekstane 25 og 26 har *sine/syne*. Det er nokre døme utanfor formelen òg, og berre tekst 25 med *sin* manglar kasusmarkering i det heile. Tekst 18 skriv *aa sina halffwa*, i eldre språk ville uttrykket vore *af sinni halfu* (sjå Fritzner under **halfa**; søk i DN gav fire treff, men ingen med akkusativforma). Det er nok preposisjonsbyttet som har ført til kasusskifte. Same uttrykket står òg i tekst 20, men da med ubunden artikkel; i 25 er preposisjonen *aff*.

Gen.sg.m. og dat.sg.m. har eitt døme kvar. Både *hermpde oc synss fader ord* (28) og *løsth af sinom frendom* (25) er tradisjonelle. Døma i akk.sg.m. og akk.sg.n. har lite å seie, sidan desse formene er førde vidare som hovudformer. Merk at *erffde (...) efft(h)er syna moder/syn fader* med akk. er tradisjonelle former (Fritzner, **erfa** 2). I tekst 2 står *sin* truleg i dativ i *at hwer efter sin formoga er forscrna kirke behielpeligh*. Det svenske ordet *formoga* er vel opphalveg eit verb, men står her med tydinga ‘evne’, og eg er uviss på kjønn.

I fleirtal er det døme på dat.pl. og akk.pl.m. og n. I dat.pl. har tekst 26 eit døme på *sine: fra seg oc sine æruingæ*, jf. 3.4.1.2 over. Eitt døme i tekst 20

burde nok vore dativ, men er i så fall ikkje markert: *gaa (...) medh sin syskiøne*. Elles har alle tekstane *-om*. I akk.pl.n. finn vi eit døme på *sina* (tekst 6), til og med i ein formel: *the late sina jnsigle hængiænde for thetta breff*. Dei andre formene i denne posisjonen har alle det tradisjonelle *sin*, men med eitt unnatak i same formel som over. Dei to døma i akk.pl.m. har *sinæ* (tekst 13) og *sine* (tekst 32). Tekst 32 har ikkje så mykje reduksjon elles, men 13 har fleire stader <æ> i ending, t.d. bunden form *gotzæt*.

3.4.1.5 1. person fleirtal

Heile 22 diplom har døme, og mange held på dativendingar. Likevel er det ein god del vakling.

I dat.sg.m. er det tre døme med ending *-om*, men òg ein gong *war* i uttrykket *foore war nadughe herre konungh Cristiern* i tekst 11. Frasen er nok innlånt, Fritzner har ingen døme på tilsvarande bruk av *nádugr*. Dei få døma på mask.pl. har *-e*, éin gong i nom. og tre gonger i akk. Dei to manglande *om*-endingane i dat.pl. er båe i formelen *vndan waara erffwinga/i far [sic] vare eruingum* i i 4 og 31, jf. 3.4.1.2 og 3.4.1.4 over. Tekst 4 er elles gammalvoren i stilen, og har faktisk *okars*, gen. av dualis *okkarr* rett bruka, vekslande med *wor-* i fleirtal.

I hokjønn er det fleire førekomstar i dat.sg. (norr. *várri*), med fire variantar: *-Ø*, *-a*, *-e* og *-æ*. *-a* (og i redusert form *-æ*) høver med akk., og kan vera resultatet av eit samanfall. Pettersen finn òg at oblik form skil seg frå nominativ, «men det er mest uråd å skjelne morfologiske mellom disse sist-nevnte» (1991: 351). Den endingslause forma i tekst 28 står i opposisjon til akkurat same uttrykket med ending i same tekst. Dei to fleirtalsformene i tekst 5 har båe mista *r*-endinga i utljod, men held fullvokalen: *wara*.

Det er freistande å lesa *warra* i 5 som gen.pl. med eit utelate *foreldhræ*:

wy (...) haffuer vnt och giffuæt ephther warra [foreldhra] frafald vndar then
helliga Nidhærooss domkirekia (...) alt wart faste gods som wi ephthir
waræ foreldhræ (...) erfuit haffuær.

‘Vi har unnt og gjeve den heilage Nidaros domkyrkje etter vårt fråfall
[etter fråfallet åt foreldra våre] alt vårt faste gods som vi har arva etter
foreldra våre’

Om *warra* skal stå til *fracfald* er forma vand å forklåre, sidan dei som gjev jordegåva langt frå er daude. Om det skulle skje etter dauden deira, skulle vi hatt akk. (Fritzner, **eptir** 1). Det kan sjølvstøtt òg vera snakk om rein forvirring, det er vel kanskje mest truleg. Same tekst har mange døme elles òg, t.d. eitt av totalt to døme på ending i akk.pl.n.: *waræ* i 5, *vaare* i 31. Det er likevel den endingslause forma som dominerer, med seks diplom mot to; alle så nær som *waræ* i tekst 5 står i innsegslingsformelen.

I dat.sg.n., har elleve tekstar døme. Tekst 1 blandar (*-t* og *-o*), 8, 16 og 21 har *-t*, 5, 14, 15 og 19 har redusert vokal (*-æ* i 5, elles *-e*) og endeleg har 11, 28 og 32 *-o*. Kronologisk spreier altså den tradisjonelle endinga *-o* seg frå første til siste tekst. 14 og 15 har *wore*, same form som akk.pl.m. i tekstane.

Desse tekstane og tekst 22 er nær identiske, og dreier seg om det same (jf. 2.4.3).

Det er eitt problematisk døme i akk.sg.n. òg: Tekst 10 har *wm beggis vara beste*, (< norr. *um beggja okkart bezta*) der ein kunne venta *vart*, jf. òg nynorsk '(om)/for vårt beste'. Eg har inga onnor forklåring på forma enn at gen.pl. er nytta i analogi med *beggis*.

3.4.1.6 3. person fleirtal

Demonstrativet som var bruka i norrønt kunne bøyast i genitiv. Med reanalysen av demonstrativet som personleg pronomen følgde òg framvoksteren av eit tilhøyrande ubøygd possessiv, nynorsk *deira*. Som vi skal sjå i 3.4.2.1 er forma av demonstrativet i gen.pl. *the(i)re* e.l., med vokalreduksjon frå norr. *þeir(r)a*. Possessivet opptre stundom i denne forma, men òg i ei nyare form med tillagd *-s*: *theris*. Totalt er det 13 førekomstar i ni diplom, med fire [*diplom*] med kvar av variantane, [*og eitt med blanding*]. Tekst 20 har både *there* (to gonger) og *theres/theris*, og viser vaklinga. Tendensen er i retning former med *-s* seinast, men tekst 1 har *theris* og tekst 30 *theirra*, så biletet er ikkje eintydig. Om *theris* i tekst 1 og *theirra* i tekst 30 skal ein merkje seg at dei står i sluttformelen, der ein tradisjonelt skreiv *sin*, dvs. at jamvel *theirra* tyder på framvoksteren av eit eige possessiv i 3.p.pl.

3.4.2 Demonstrativ

Hinn/inn/enn er berre bruka som etterstilt bunden artikkel, og vart difor diskuterte i lag med substantiva. Dei to andre norrøne demonstrativa, *sá* og *sjá*, har på denne tida lange mista dei særeigne formene i nom.sg.m. og f., og har former (helst *then* og *thenne*) som peikar framover mot nynorsk *den* og *denne*.

3.4.2.1 Then

Dat.sg.n., *því*, står ofte som (del av) subjunksjon; desse formene har eg sett bort frå. Det har skjedd ei voldsom forenkling i systemet, som er atskillig meir likt nynorsk enn norrønt. Utviklinga er som følgjer: akk.sg.m. *þann* har trengt ut *sá* i nom.sg., og spreidd seg vidare til hokjønnsform; rotvokalen er endra frå *a* > *e*; kjønnskiljet i fleirtal er borte. Systemet verkar alstå vera likt nynorsk, med *then* i han- og hokjønnsform, *thet* i inkjekjønnsform og *the* i fleirtal. Dei konservative formene er dat.sg.n. *thy* og dat.pl. *the(i)m*.

Det er få døme i nom.sg.: berre eitt i kvart kjønnsform. Hankjønnsform *then* (tekst 13) og inkjekjønnsform *thet* (SL, p. 1) er som venta, men hokjønnsforma i tekst 6 er forvitneleg: *iach [haffuer] saalt (...) een fiærdung j iordh the som Wij heeter*. Dette synest heilt klårt vera nom.sg., i ein noko gammalvoren relativkonstruksjon, men eg ville venta *then* i denne stoda (som er forma i alle fire døma i akk.sg.f., eldre *þá* er borte). Diplomet dreier seg om Jämtland, og forklåringa kan vera at det er ei svensk form; i gammalsvensk var *þē* den normale forma i nom.sg.f. (Noreen 1904: § 508).

I dat.sg.m. har tekst 22 to gonger *then*, og tekst 30 *them*. Formene i 22 er

styrte av *aff*. Teksten har dativformer i *inscriptio*, men dessutan i indirekte objekt (*kirkionne*); at skrivaren har dativendingar i andre posisjonar, er eit argument for at formene på *-n* er reelle. Uttrykket i 30 er *oc i them maathe giffuer ægh*, men denne teksten har elles langt meir gjennomførte kasusmarkeringar enn mange andre, og konservative former er dermed mindre uventa.

I dat.sg.n. er det nokre døme, og tre av seks tekstar har *thy* e.l., men 20 og 30 *thet. Skulo (...) the lxxx mark till tridwngs bythe genga medh thet andre gotz* og *the ey haffde ffenghet sin (...) arff (...) i thet gotz som Hoff heither* i 20, dømet i 30 er sitert i 3.2.1.1. Av døma med *thy* skal ein merkje seg at *met thy skilordhe* (18, tilsvarande i 25) har preg av faste ordelag; det einaste tradisjonelle dømet eg står att med da er *i thy breffwe* i tekst 17. Påverknad frå subjunksjonane kunne vel òg verke konserverande på determinativforma. Framleis finst *di* i trøndske bygdemål i samband med dativpreposisjonar, så forma må ha eksistert samanhengande gjennom perioden.

I gen.sg. er det to døme i inkjekjønn, ingen elles. Det er *til thes meyra witne* i tekst 10 og *til thet jorde godz* i 12. Det første døme har preg av å vera fast ordelag, og kan m.a. minne om innleiingsformularet nemnt i 3.1.3.2, medan det andre er ei friare formulering; tendensen er klår, men to døme er snautt å konkludere frå.

I fleirtal er det døme i nom. og akk.m. og f., samt eitt i nom.n., som alle tyder på ei sams form *the*. Unnataka er i tekst 4, som har *wm tha jorder* akk.pl.f. og akk.pl.m. *tha peninga*. Den gamle forma i hokjønn var *pær*, så om *tha* her er reell, må hankjønnsforma ha erstatta hokjønnsforma før det ålmenne samanfallet i *the*. Tekst 4 har òg eitt døme på *the* i akk.pl.m. Det er iallfall ingen døme på *-m* i akkusativ, slik at skiljet mellom den attributive bruken og den nominelle (som personleg pronomen) er tydeleg.

Av dei fem døma i fire diplom på dat.pl. har alle *the(i)m*. I gen.pl. er det i alt ti døme i sju diplom. Eit par av dei er avvikande: Tekst 5 *ein parth the iordær*, der eg ville venta ein partitiv genitiv og tekst 20 *i myllom the brødher*. *Millum* vekslar mellom å styre genitiv dativ (sjå 3.5.1.1), men dat.pl. *brødrum* ein annan stad i teksten talar for genitiv her. Forma *the* er uansett eit døme på svekking og tiljamning til éi form. Det er elles døme på *millum* + gen. i 9 og 11, og tradisjonelle former fleire stader (*theira* (4), *there* (18), *theiræ* (19)).

3.4.2.2 Thenne

Langt dei fleste døma finst i inkjekjønn, og da helst i uttrykk som *fore thetta breff* og *med thesso breffwe* e.l. Vokalreduksjonen i nom.akk.sg.n. (*thetta* > *thette*) syner seg i utvalet med drygt tredjedelen av formene frå tekst 16 og utover.

I eintal er det ingen skilnad mellom han- og hokjønn. Av ni døme (nom. og akk.) i åtte diplom har seks redusert form (*thenne*, éin gong *-æ*) og tre fullvokal (*thenna*). Tidsmessig er desse døma spreidde.

I gen.sg. er det ingen døme, og i dativ mest i inkjekjønn, med eit par døme i

dat.sg.f. Tekst 11 har *wore oc tha welbyrdughe men Her Jacob Mattisson oc Otte Mattisson nerwarendis oc samtykthe tesse semia*. Det er kanskje tenkjande at *tesse* her < *pessir* og tek opp att subjektet, men da skulle objektet vore i bunden form, så det står nok til *semia*. Fritzner nemner *samþykkja* både med akk. og dat., og *tesse* kan vera baa formene, < *pessi* eller < *pessa* med vokalreduksjon. Lite vokalreduksjon elles i diplommet (t.d. *thetta* og *thesso*) er argument for at det er dativ. Det andre dømet i fem. er *effther tessa wore ransakan* i 20; etter Fritzner, **eptir**, tyding 6 skulle dette vore dativ, men forma er ei akkusativform. Det kan altså verke som om ei særskild dativform er halden oppe til skilnad frå ei sams form i nom. og akk., men diverre har ikkje dei aktuelle tekstane andre døme i mask. eller fem.

I dat.sg.n. er det mange døme, men alle så nær som eitt finst i uttrykket *med thesso breffue* e.l. Skiljet går mellom former på *t(h)ess-* (delvis med redusert vokal) og *t(h)ett-* som er likt akkusativ. 18 diplom har døme, av desse har tolv *t(h)ess-* og fem *t(h)ett-*; tekst 28 har både *tesso* og *tette*. Substantivet følgjer alltid demonstrativet, det er aldri slik at det eine ordet står i dativ og det andre ikkje. At akkusativforma kan trengje inn jamvel i ein slik formel er ein sterk indikasjon på at *thesso* berre er ei skriftform på denne tida; likeins det einaste dømet utanfor formelen: *aff tette Krokstade* i tekst 28, som har *tesso* i formelen.

Den gamle *r*-endinga i nom.pl.m. og nom.akk.pl.f.det berre éin leivning att av, nemleg akk.pl.f. *wm thesser settergerdar* i tekst 25. Dei tre døma i inkjekjønn har *t(h)esse*; i hokjønn finn vi i tekst 4, 5 og KJ (p. 2) *t(h)essa* med fullvokal, men dobbelt så ofte *-e*; i hankjønn har tekst 3 *tessæ* i nom., der det ikkje finst nokon grunn til det (< norr. *pessir*). Tekst 24 har *tesse* i nom. og *tessæ* i akk., men jamvel om dette for så vidt er ei ljodrett utvikling, set eg ingen lit til det, sidan teksten òg elles har noko umotivert veksling i endingsvokalar, jf. òg 3.2.2.2 om linne hokjønnsord. Egil Pettersen finn elles at medan fordelinga mellom <æ> og <e> i trykksterk stilling ser ut til å vera tilfeldig, står <æ> for <e> trykklett berre unnataksvis (1976: 158, 269–270). Tekst 24 har òg *hermde ssa i ffra tesse ssama ordh*, med *tesse* i dat.pl. Ei tilsvarende dativform er *haffuer (...)* *wpboreth i tesse xl mark* (10), men dei to siste døma på dat.pl. har *-om* (i 6 og 30). Gen.pl. er det ingen døme på.

3.4.3 Kvantorar

Kvantorane hadde i norrønt dels adjektivisk, dels pronominell bøyning, men sist på 1400-talet er det berre restar att av dette systemet. Av dei pronominelt bøyde orda *tveir*, *þrír*, *ffjórir* og *báðir* er det døme på *báðir* og éin gong akk.pl.f. *fjora* (tekst 3). Dei andre følgjer meir eller mindre regelrett den sterke adjektivbøyninga, og blant døma dominerer *einn*, *allr* og *annarr*; dei to siste er noko omlaga. Talordet *einn* blir òg bruka som ubunden artikkel i langt større grad enn det var vanleg i norrønt.

3.4.3.1 Einn

Det er ingen døme i fleirtal, der tydinga var ‘nokre’; den auka bruken som

ubunden artikkel gjorde fleirtal meir unaturleg, men finst enno i somme dialektar (Haugen 1976: 299–300). I eintal held bøyinga seg tolleg godt. Av fire døme i dat.sg.m. har tekstane 24 og 30 *einom*, men tekst 10 skriv *war thetta kauph giorth myllom oss medh ein vi manne dom*, der eg villa venta dativ; likeins i *med ein ødhegardh* i SL (p. 7). Av ni døme i akk.sg.f. held fem på den gamle *a*-endinga, og det er fire av dei fem seinaste døma som har *ein* (tekstane 21, 28, 32 og SL p. 3, men *eina* i 30). I tekst 28 og 32 er *ein* talord, og ein kan spekulere i om det heldt betre på bøyinga si som artikkel; talorda frå fem og opp var jo ubøygd. Av dei tre døma i dat.sg.f., alle med *-e*, er to i uttrykket *aff einne halffwo* (25, tilsvarande i 20), der nynorsk òg har same form: ‘på den eine sida’. Dømet i tekst 24 står derimot friare: *iak keppte aff ene kwinne*. Det er òg eitt døme i gen.sg.f., men det er ubøygd: *till en annan kirke* i tekst 2. KJ har dessutan dat.sg.n. *aff eit lithet audn* (p. 3) utan kasusmarkering.

3.4.3.2 All

Norrønt *allr* følgde regelrett adjektivbøyinga, men denne er det lite att av. I eintal har eg få døme, dei fleste i inkjekjønn. *til als løssæ goz* i tekst 24 er det einaste som ikkje står i nokon formel; same tekst har òg *til als eigho*, med *als* i gen.sg.f., dette er elles det einaste dømet i fem. Det er i alt fem døme i gen.sg.n., eitt tvilsamt i tekst 6: *til æwerdelica ægho alzeno vndan takno*. Anten står *alz* til *ægho* på same sett som i 24, eller så er fleire uttrykk blanda saman; det kan t.d. vera snakk om eit utelate ord, jf. *till ewerdeligha eign oc altz forrædes* i tekst 4 (og tilsvarande i 26). I SL er nemnd ei gammalvoren form i nom.sg.m., *aller nedra garden* (p. 1), som truleg er avskrift frå AB (sjå 3.2.1.3).

Fleirtal opptreir langt oftare, og særleg gjeld det variantar med omsynslekk i innleiinga. Tekst 2 har *alla* i både nom., gen. og dat.pl.m., dette kan truleg tilskrivast svensk påverknad. Viss vi reknar med *r*-bortfall i utljod, skulle både akk.pl.m. og akk.pl.f. ha *alla*. Fire diplom har døme: eitt har fullvokal og tre *-e*, medan eitt blandar. Ei form i gen.pl. *alles theiræ* (19) har syner spreieing av genitiv-s.

I dat.pl. er det flust opp med døme, totalt 39 i 28 ulike diplom. Av desse har tekst 2 og 6 *alla*, 13–15, 23, 27 og 29 *alle* og resten *-om*. Berre 6 blandar, med *alla* i innleiinga og *allom* seinare, det òg rett nok i ein formel. Dei einaste døma som ikkje står i meir eller mindre faste ordelag, er *aff alle styckia* i 13 og *olyth i alle article* i 27, altså to av dei åtte unnataka frå det rådande *allom*. Dette, saman med det faktum at *alle* har trengd inn i noko så formelfast som mottakarformelen (t.d. *alle the som thetta bref* i 29, *vii Gauto (...) kungøre alle* i 14 og 15) er sterke argument for at *-om* faktisk berre lever i skrift.

3.4.3.3 Annan/andre

Ei rekkje ljodendringar hadde gjort bøyinga av *annarr* lite gjennomsiiktig på norrønt, slik at ei analogisk utjamning var ventande, men restar av det gamle systemet finn ein framleis. Det er tre former utan <n>: akk.pl.m. *adra* (4) og

dat.pl. *ad(h)rom* (17 og 30). Det er nok ikkje tilfeldig at forma utan <n> går hand i hand med tradisjonelle endingar, båe delar er konservative språkdrag. Ny ending finn vi i *i span i andre pæninga* (22), som i norrønt ville stått i dativ. Òg elles er <n> sett inn analogisk der han ikkje høyrer heime frå gammalt: akk.pl.m. *andra* (12), akk.pl.f. *andra* (8 og 11) og akk.sg.f. *annor* (12). Den siste forma svarar til den gamle nominativen, og stemmer òg med mange nyare dialektar. Nom.sg.f. *andra* i lag med bunden form av substantivet i tekst 1 peikar mot nyare formuleringar: *oc andra jorden hether*, som vel ville vorte 'den andre jorda' på nynorsk. Tekst 2 har *annan* etter *till* for eldre gen., sjå 3.4.3.1. Av dei tre formene i akk.sg.n. har tekst 28 *annat* to gonger, men 12 og 21 *annad(h)*, jf. 3.2.3.2 om svekking av utljodskonsonanten i bunden form eintal inkjekjønn.

3.4.3.4 Andre kvantorar

Norrønt *báðir* har delt seg i nynorsk, *begge* kjem frå gen. *beggia*, *båe* frå (samanfallet av) dei andre formene. SL har *badha* både i gammal akkusativ- og dativstilling (høvesvis p. 10 og p. 8), elles finn eg akk.f. tre gonger: *wppa badhe sidhor* to gonger i tekst 20, og tilsvarande i 4 med *-a*. Ei form i tekst 18 ser liknandende ut, men er truleg tradisjonell: *offwer sagom [wij] theris breff oc bewisingh aa beggia sidha*, eintalsforma av substantivet tyder på at gen. *beggia* er bruka nominalt og viser attende til dei to partane i saka, og altså ikkje rettar seg etter *sidha*. Dei fire andre døma på genitiv har *beggis/begges*. Forma på *-s* kan vera ei norsk nydanning etter substantiv, og elles eit teikn på generell spreiding av *-s* som genitivmarkør (Noreen nemner forma, 1923: § 446, anm. 2); ho kan òg vera innlånt frå dansk der ho vart vanleg på 1400-talet (Brøndum-Nielsen 1965: 486). Dativ er markert i tekst 10 i *som oss badom tykker wel vara*, men ikkje i KJ: *j baade gardene* (p. 6).

I fleire diplom finn eg dat.sg.m. av *hverr/hvárr*, men alltid i uttrykket *fore huaríom manne*, så det er ikkje stort å feste lit til. Éi onnor form finst, dat.sg.f. *aff hwario kirko* med ei uventa ending, truleg i analogi med substantivet.

Det gamle *nokkurr* har endra bøyning mykje, og bortsett frå dat.pl. *nockrom* (tekst 4) peikar alle dei spreidde døma eg har funne framover: akk.sg.f. *nogen* (5), nom.sg.m. *nakon* (24) og akk.pl.m. *nogre* (17).

3.4.4 Oppsummering

Det er ein merkande skilnad mellom dei ulike determinativa i kor godt dei held på det gamle bøyningssystemet. I possessiva lever tradisjonelle endingar i stor mon vidare, medan kvantorane er sterkt omlaga. Noko overraskande kan det kanskje vera at nyovringane er spreidde jamt utover heile perioden; allereie i tekst 1 finn vi *af wort odall*. Når det einaste ordet som syner variasjon over tid, er *ein*, må dette vera tilfeldig.

Possessiva *min*, *war* og *sin* gjev eit tradisjonelt inntrykk, men nokre nyovringar skin gjennom, t.d. har 1/3 av døma på dat.pl. og dat.sg.m. utljod på vokal for eldre *-om*. Sidan dei følgde den sterke adjektivbøyinga, viser eg

til oversynet i 3.3.3 og nøyer meg med å forklare skilnadene:

- (1) Hankjønn er likt, men mindre *-a* i fleirtal.
- (2) I hokjønn har både dat. og akk. ending, men skilnaden er uklår (vokalreduksjon og ustø markering av lang konsonant kan gje *sinni*, *sina* > *sine*). Det er likevel ei lita overvekt for *-e* i dat. og *-a* i akk. Fleirtal er likt, men med få døme.
- (3) Inkjekjønn har eikor kasusending (ofte redusert til *-e*) i om lag helvta av dativdøma. I nom./akk.pl. er det 3 døme på ending mot 10 for den gamle, endingslause forma, dei fleste i innseglingsformelen.

Framvoksteren av eit eige possessiv i 3.p.pl. (til skilnad frå gen. av determinativet) er truleg reell, sidan nye syntaktiske konstruksjonar òg finst i lag med den tradisjonelle forma *there* (med variantar). Det verkar òg som forma på dette possessivet er *theires* e.l., og finst allereie i den eldste teksten; her må ein likevel ta eit lite atterhald, sidan forma finst i grannespråka og kan vera innlånt derifrå.

Vi finn at gamle former helst lever vidare i formlar og faste ordelag, men jamvel i slike stoder kan nyovringar komma fram, t.d. *alle the* i innleiinga. Hyperkorrekte former med *minom* i akk.pl.m. talar òg for at det jamt over er snakk om skriftformer.

Demonstrativa er komne lenger i retning den utjamninga vi har i dag. Kjønnsskilnader i fleirtal er utjamna, likeins skilnaden nom. ~ akk. Det er framleis ein del døme på dativformer, men gjerne med hovudforma som variant:

	<i>Sg.</i>			<i>Pl.</i>
	<i>Mask.</i>	<i>Fem.</i>	<i>Nøyt.</i>	
<i>Grunnform</i>	then	then	thet	the
<i>Dativ</i>	then/them	--	thy/thet	the(i)m
<i>Grunnform</i>	thenne	thenne	thetta	thesse
<i>Dativ</i>	--	tesse	thetta/thesso	thesse/thessom

Det mest radikale systemet ein kan setje opp er altså heilt likt nynorsk. For *then* finst det 5 døme i genitiv (ingen for *thenne*), av desse har to tradisjonell form. Det er ingen unnatak frå *the(i)m* i dativ fleirtal, jamvel om Mørck (2004: 423) meiner forma var *the* i all attributiv bruk. Slik bruken er i materialet mitt er det likevel eit tydeleg skilje mellom pronomenet og demonstrativet, etter om opposisjonen er nom. ~ akk. = dat. eller nom. = akk. ~ dat., altså mellom ei subjekts- og ei objektsform eller ei grunnform og ei eiga dativform.

Kvantorane er komne enda lenger i retning ei utjamning av formene. Dette svarar til tilhøva i nynorsk, der possessiva har halde på mest bøyning, demon-

strativa noko mindre medan kvantorane stort sett er ubøygde. Dette har nok samanheng med at likskapane med adjektivbøyinga er tydelegast ved possessiva; paradigma for kvantorane var mykje mindre gjennomsiktige.

3.5 Morfosyntaks

Her skal eg ta for meg nokre sider ved kasusbruken som er sams for fleire ordklassar. Svært viktig er preposisjon + styring, av di så mange av dei bøygde ordformene finst i slike setningslekkar, men eg har òg teke for meg samsvarstilhøve og gjeve nokre merknader til bruken av dativ og genitiv. Eg prøver her å halde meg til ein presentasjon av dei språklege tilhøva, medan forklæringsframlegg og dei store draga i språkutviklinga meir er tema for kapittel 4.

3.5.1 Preposisjonsstyringar

Langt dei fleste av genitiv- og dativformene står i preposisjonsfrasar. Det kan difor vera nyttig med eit oversyn over dei forskjellige preposisjonane, og kva kasus dei styrer. Når eg i det føregåande har skrive om manglande kasusmarkering, kan det i røynda vera snakk om at preposisjonane styrer andre kasus enn i norrønt. Endring av kasus på denne måten treng ikkje påvirke systemet i seg sjølv: Jamvel om *millom* gjekk frå å styre genitiv til å styre dativ, kunne genitiv godt finnast i språket. Men at bruksområdet dimed vart redusert, og til slutt enda opp med berre å omfatte possessiv genitiv, styrkte utviklinga mot *-s* som eit possessivsuffixs meir enn ein kasus.

3.5.1 .1 Genitivpreposisjonar

Til og *millum* styrde fast genitiv på norrønt. I nynorske dialektar styrer *millum* dativ, medan ein etter *til* kan finne dativ, (stivna) genitiv eller grunnforma.

Det er i alt ni døme på *millum* (9, 10, 11, 14, 18 2gg, 20 2gg og 28). Fire markerer genitiv (*there j millum* i 9 og tilsvarande i 11, (*i*) *myllom the/ffornde brødher* i 20, teksten har *brøddrom* dat.pl. ein annan stad og *the* står aldri i dativ, så dette må vera eit teikn på ein opposisjon gen. ~ dat.). Resten står med akkusativ/dativ: *myllom oss* (10), *kirken ock honom i millom* (14), *them i mellom* 2gg (18) og *mellom henne oc hennar twem systrom* (28). Av desse er det berre det siste som er eintydig dativ, dei andre kan like gjerne vera akk. (og *kirken* i grunnforma over tyder vel på fullt samanfall).

Spesielt *til* har fått vekslande styringsreglar, og kan stå med alle oblike kasus. Der vi finn akkusativ, er det nok rettare å snakke fullt samanfall til ei grunnform. Norde nemner nokre døme på *til* + dativ i gammalsvensk (1997: 151–152), men i mellomsvensk tek akkusativ meir og meir over for genitiv (ibid.: 168). Indrebø (2001: 235) finn det same: «I staden for genitiven kom ikkje sjeldan dativ i millomnorsk (...) Men oftare kom akkusativ (...) og til slutt – med di akk. og nom. fall saman – *hovudformi*.» Jamvel om han uttrykkjer seg generelt, er dømet han nemner *til* + styring, og det er vel helst

i denne stoda vi ser denne tendensen – dei fleste genitivane finn vi etter preposisjon.

Det er talrike døme på *til*, mange av dei i stadestingsformelen *til meire visso/vitnesburd* e.l. og i uttrykket *til ewerdeliga eiga/eign*. No har eg allereie hevda at det ikkje er mogleg å finne noko system i endingsvokalane i lint hokjønn (3.2.2), og òg at *vitnisburðr* har lagt av genitivendinga *-ar* (3.2.1), men dette treng ikkje innebera at *til* ikkje lenger styrer genitiv, berre at substantiva manglar ei eiga ending for å markere det.

Einkvan stadfestingsformel med *til* står i dei fleste diploma, berre sju manglar han. Det er stor variasjon i utforminga: frå det heilt enkle *til meræ wisso* (3) til grundigare *thes til forwaring witnesburd oc fastere till standelse* (1). Der det står eit adjektiv, kan forma vise kasus, men det gjeld berre én tekst: 17 har *til sannan witnisburdh*, som peikar mot akkusativ. Elles er adjektiva i komparativ (*meire*), med linn bøying utan kasus-skilnader. Mange av substantiva er lånord (*forwaring*, *beuissning*), men heller ingen av dei gamle norske orda har ending. Det gjeld berre ord som i norrønt hadde *-ar*, t.d. *san(n)indh* (9, 25 o.fl.), *stadfestningh* (19, innskoten <n> er kanskje dansk påverknad). Det einaste moglege dømet på ei kasus-ending, rett nok redusert, er *saninda* (25), men her er det nok heller snakk om den linne varianten av ordet (sterkt eller lint i norrønt).

Ser vi på uttrykket *till ewerdeligha eign* (4) og liknande variantar, er *eign* markert for genitiv éin av seks gonger. Her merkjer vi oss òg *til als eigho* (24), der determinativet er markert for genitiv, men med feil kjønn. Dette kan vera eit døme på spreing av *-s* som genitivmarkør. Adjektivformene på *-a* kan vera restar av genitivendinga *-rar*, men kan òg vera ei sams oblik form (sjå 3.3.1.2); i alle høve viser endinga ein motsetnad mellom nom. og obl. form.

Av andre, friare døme har vi opplagt dativ i *til hope* ‘til saman’ (SL, p. 1, uttrykket finst med *-s* i nynorsk) og *til them jardhom* (30), men motsett *till theira iorda* i (4). Inkjekjønn har genitivending fleire gonger, t.d. *odals* (3), *forrædes* (4), *leenss* (11) o.fl. Når genitivmarkøren er *-s*, er det ikkje like mange avvik, og *till loff* (5) er det einaste av avvika der styringa kjem rett etter preposisjonen. I andre døme står det ord i mellom: *til thes meyra witne* (10), *til reth tridiwngs bythe* (20) [*truleg samansett substantiv*], *til communens bordhald* (32). I motsetnad til desse kan nemnast *til witnis* (6) og *till bytis* (20). Av hokjønnsord kan nemnast *til saala hielpar* (30), men motsett *till sæla hiælp* (5).

Ut frå dei få døma synest det altså vera ein tendens til at genitivmarkeringa a) er tydelegare når preposisjon og styring står saman og b) genitiv er oftare markert der endinga var *-s* enn *-ar*. Det første høver med tilstanden i nynorsk, der *-s* ofte står rett etter preposisjonen i faste ordelag, og er nok eit teikn på at utviklinga mot den moderne tilstanden er langt kommen.

3.5.1.2 Dativpreposisjonar

Det er ingen døme på *hjá*, eitt på *at*, nokre få på *frá* og ein god del på *af*. Alt

i alt held desse på bøyinga, òg utanfor faste ordelag. Når det gjeld det einslege døme på *at* er det *songdhnaprester aat Maria kirkia* (29). Linne hokjønnsord har inga systematisk markering av kasus (jf. 3.2.2), så det er ikkje grunnlag for å seie noko om kasustilhøva her. Bruken av *at* her er elles noko avstikkande, alle tre døma Fritzner har på denne bruken (**at** 21) er frå same diplom (DN IV 141).

Døma med *frá* er konsentrerte om to formlar: *fra forno oc nyo* (3 og 31) med ortografiske variantar i fleire, òg med samanfallet *fonno* (10 og 26) som har fonologisk interesse. Alle desse døma har dativending. I avhendingsformelen vekslar *frá* med *undan*, såleis *fra oss oc warom retta arfuinga* (5) og liknande i fire andre diplom. To markerer både adj. og subst., dømet over berre adj., eitt berre subst. og eitt ingen av orda. Sjå elles 3.2.1.2 og 3.4.1.5. Det einaste dømet utanfor desse formlane er faktisk *ffra tesse ssama ordh* (24), med grunnformer.

Langt dei fleste døma er *af*. Viss vi ser bort frå a) særnamn (berre nokre einstaka døme på dativending, sjå 3.2.1.4) og b) former som har synkretisme akk. = dat. i norrønt, står vi att med 22 uttrykk der anten substantivet eller adjektivet/determinativet kunne vore markert for dativ. Eit par av adjektiva er kanskje tvilsame, det gjeld helst former som *af fornemfde* (3) som kan vera avstytt i diplomet.

10 av desse 22 formene er markerte for kasus, påfallande nok 10 av dei 14 yngste førekomstane. Det er *aff ene kwinne* (24) og *aff einne hallwo* (25) i f.sg., *aff einom manne* (24) i m.sg. og resten i pl. Av dei formene som vantar markering, er langt dei fleste i eintal. Dette viser tendensen til at den eintydige endinga *-om* står sterkast, og blir svekt i dat.sg.m. før dat.pl. (sjå 4.1.6).

Det er mange døme på *af* + gardnamn, spesielt i SL/KJ av typen *aff tette Krokstade øffre garden* (28) + landskylda. *Krokstade* i tekst 28 står i alle kasus i diplomet, og det er fleire liknande døme, så dei gjev ingen informasjon. Av personnamna ser det ut som *Anunde* i tekst 9 vekslar med *Anund* på gammal vis, i så fall må forma *millum Anundh* (...) tolkast som umarkert genitiv.

3.5.1.3 Vekselpreposisjonar

Dei gamle kasusskilnadene blir fortast utjamna ved preposisjonane som styrer anten akkusativ eller dativ, slik eg kjenner det frå det pågåande dativbortfallet i dialektane, jf. òg Skjeggeland (1997: 153 med referansar). Skilnaden mellom konkret påstads- og tilstadstyding er vanskeleg nok for språkbrukarane, men i meir overført tyding er vaklinga enda større. Det er òg uklårt kva som er «rett» bruk; jamvel i norrønt er det vakling. Det ser ut til å vera noko mindre bruk av dativ, men ikkje meir enn i andre posisjonar.

Dei preposisjonane det er døme på, er først og fremst *med*, *i* og *fore*, dinest *vnder*, *uppalaa* og *effiher*, samt eit par døme på *widh* og *ower* (her med den vanlegaste skriftforma i kjeldene).

Fore står med dativ i uttrykket *fore huarium manne*, og så lenge vi reknar

fore mik ok lagrettene (25) som ei akkusativform med vokalreduksjon (sjå 3.2.2.3), er det einaste andre dømet *fore nockrom aarom* (4), med tradisjonell dativ i tydinga ‘for ... sidan’ (Iversen 1972: § 162.2). Elles står akkusativ, oftast tradisjonelt, men òg for eldre dat., t.d. *haffwa the loffwadh oss fore segh ok sine effterkomande at the vilia* (32, tilsvarande i 14, 15 og 22); dei talrike døma med *setja/hengja sin insigle fore thetta breff* hadde akk. frå gammalt. Forma på preposisjonen er helst *fore*, stundom *for* og éin gong arkaismen *firir* (12). Dette er ganske langt frå den klassiske forma *fyrir* (med varianten *firir*, Noreen 1923: § 147). Det er rimeleg å tenkje seg at <o> er kommen inn frå austnordisk og/eller mellomlågtyisk (jf. Grøtvedt 1974: 200), og dette kan ha styrkt endringar i kassusstytingane.

Det er ein del døme på *i* + dativending, men i den store gruppa stadnamn av typen *i X prestageld* og *i Y sokn* står *prestageld* og *sokn* alltid i grunnforma. Avvik frå det norrøne mønsteret finn vi t.d. i *i thretty aar* (5), *i tesse xl mark* (10), *i nogre matha* (17), *i thet gotz* og *i allan then arff* (20, teksten har døme på dativ i andre posisjonar), *i ein odhæ gard* (26), *i alle article* (27) og fleire. Avvika er alltid akk. for dat., hyperkorreksjonar finst ikkje. Ei interessant form er *j Paaska wikwn* (18) med apokope, som anten er ei nydanning vi finn att i dialektane, eller nominativforma som har spreidd seg (jf. 3.2.2.3). Det er vandt å sjå noko system i avvika, dei finst både i tidsuttrykk, påstadstyding og meir overførde tydingar.

Enda meir enn dei andre preposisjonane, står *med* ofte i formalar som *med lutom ok lunnendom, med thesso (...) breffue*. Her vil vi vente at dativendinga står lenger enn elles, Indrebø nemner fleire døme heilt ned mot 1600 (2001: 275). Den første formelen er heilt gjennomført, men ei korrumpert som *lundum* (31) kan tyde på at det berre er snakk om ei skriftform. Den andre formelen er ikkje like godt gjennomført, i om lag 1/3 av døma står grunnforma (jf. 3.4.2.2). Det vanlege sambandet *medh gudz nadh(e)*, fortel inkje om kassusfleksjon; norr. *náð*, f, har same form i nom.dat.akk.sg. og hankjønnsordet *nadhe* som står stundom og lever vidare i nynorsk er eit dansk lån. Varianten *helser (...) med gud(i)* har dativending i tekst 1 og 2 (1 blandar), men står utan ending i fire andre tekstar. I innseglingensformelen finn vi ofte ei formulering som *hengia theris jncigla med woro [jncigla]* (tekst 1), der possessivet er markert for dativ. Av sju døme i denne gruppa har helvta dativform; *minne* i 25 verkar vera eit forsøk på dativ, men endinga er ikkje den tradisjonelle (jf. 3.4.1.2). Ei onnor gruppe er dat.sg.m. i innleiinga, anten i helsing (*med waarom herra*, tekst 6) eller den det er gjord ei avtale med (*wordo wy (...) offuer eins med wyrdelighom herra*, tekst 4). I desse uttrykka finn vi vanlegvis dativending (jf. 3.3.1.1), men nokre avvik er det: *med andeligh fader och wyrdeligh herræ* (1) og *medh wart elskelighet capittvlum* (16); av totalt seks døme med dativending er alle bortsett frå *med woro elskelighe capitulo* (32) i hankjønn. Eit par døme: *ath vy medh wart elskelighet capittvlum samtykt haffwom giorth medh beskedelighom manne Jwar Trondesson j Aspe* (16, *elskelighet capittvlum* i grunnforma, *beskedelighom manne* dativ, merk elles at *elskelighet* har sterk bøyning), *helse vij (...) kerlighe medh worom herra* (27). Substantiv og adjektiv følgjest åt, men *herra* er ubøygd i eintal (jf. 3.2.1.2).

No er det vanskelegare å dele opp materialet meir, og av dei døma som står att, har ikring helvta dativending. Ein god del hokjønnsord har inga eiga dativform og er såleis tvitydige, og dei formene som står er mest dat.pl. Nokre sikre døme på akk. for dat. er *med thet andre gotz* (20), *med ordh ok med eidh < orði ok eiði* (24), inkonsekvent markering i 27, både av adjektiv og substantiv, og *med mina hvstrv* (31). Nokre døme på dativending er *med iaa ok handerbande* (tre gonger, alltid dativending), *med allom sinom tillaghom* (6), *met thy skilordhe* (18), *medh synom witnom* (28). Fleirtal er oftast markert.

Som eg gjekk gjennom i 3.2.1.2, er det nokre døme på -om i andre del av avhendingsformelen *fra mik ok minom erffingom under han ok hans erffinga*. Dette er helst analogidanningar etter første del av formelen, og har inkje med preposisjonen å gjera. Elles finst *under* berre med akkusativ. Jamvel om mange av dei er tradisjonelle, er eg i tvil om nokre døme som vart nemnde i 3.3.1.1 kan vera tradisjonelle, t.d. *fornempda jord Krokstade haffuer legit vnder adhernempdan etthleg*, med adjektivet i akkusativ. Det er eit par andre døme, men dei aktuelle substantiva kunne mangle dativending jamvel i norrønt, og dei andre adjektiva kan ha svak bøying utan særskild dativform.

Á kjem i fleire variantar (*pa*, *vppa*) med same styringsreglar. Det einaste dømet med dativ er *aa einne halffua* (20). Mangelen på dativmarkering kan skyldast morfologiske tilhøve, som i *vppa erchebiscops garden*, (4 o.a.) (*gardenom* står berre éin gong, elles *garden* i alle posisjonar), men kan òg skyldast preposisjonen, som i *wppa badhe sidhor* (20, dat.pl. på -om er da elles vanleg nok). Det ser altså ut til at dativ står svakare ved desse preposisjonane. I denne samanhengen vil eg òg nemne at forma *pa* i seg sjølv er ein novasjon.

Effther står helst med pronomen som ikkje skil mellom akk. og dat., dei to døma på sikre dativar eg finn er faste ordelag: *epther laghom* (25) og *effter ty* (28, preposisjon + pronomen, men subjunksjonen kan ha tent som modell).

Vidh står éin gong med dativ: *[alle] som viidh kirkenne wore* (19), men òg med akk. for dat.: *i heidher widher gud* (30) og *skule nw framdeles take widh vmbodhet* (14, norr. *taka við e-u*), baa tydelege dativar i norrønt.

Oppsummeringsvis ser vi at *med* ofte har dativending, men dette heng nok mykje saman med mange faste formuleringar som lett kunne hentast frå eit eldre brev. At jamvel svært faste ordelag som *med thesso breffue* kan få grunnform, tyder iallfall ikkje på at formene levde i talemålet. Det er fleire klåre døme på akk. for dat. ved *i*. Dei mindre frekvente preposisjonane ser òg ut til å få dativ langt sjeldnare enn i norrønt. Alt i alt er vel likevel ikkje vaklinga større her enn i annan bruk.

3.5.2 Samsvar

Eg skal her drøfte to typar samsvar: i kva grad apposisjonar følgjer hovudordet, og i kva grad alle lekkar i ein frase blir markerte. Eit døme som

fyrnempdan Arne Jonson oc Trond Jonson (tekst 12), der adjektivet samsvarar med den næraste lekken i staden for heile uttrykket, treng ikkje seie noko om sjølv det morfologiske systemet. Det er eit par slike døme, men eg tek dei ikkje for meg spesielt her.

3.5.2.1 Apposisjonar

Allereie i norrønt kunne samsvarstilhøva ved meir komplekse uttrykk vera uklære, såleis nemner Nygaard (1905: § 72, anm.) at apposisjonar kan komma i nominativ når «app. ved mellemkommende ord er skilt fra hovedordet». I materialet mitt skjer dette ofte ved oppramsing av namn: dei står i grunnforma, ubøygde. Pettersen nemner likeins at apposisjonar, og særskilt personnamn, gjerne står umarkerte eller i nominativ (1991: 514). Eit konservativt døme frå tekst 29:

til ytermeir stadfestilsse her vm beidhis ek erligha manna insigle her Alfs
Torsteinsson chanuker i Trondhem Jons Olafsson radhman ther samastadz
oc Peders Enridzsson i Vaghe i Aura songd laghrettesman for thette breff

Personnamna står som apposisjonar til *erligha manna*, og er markerte for genitiv, rett nok ikkje i patronymikonet; men yrkesnemningane deira, som snarare må oppfattast som tilnamn, står i nominativ – til og med markert med *-er* i det første høvet. Ei liknande formulering med enda meir moderne former finn vi i tekst 10:

til thes meyra witne (...) bydder iek Botolff Gudmundson goda vissa
danne mæns insigle for thetta breff meddan iek ey siæluer jnsiglæ haffuer
som er fyrsth her Nils Hakonson prest i Sælabu Ffyn S(i)wrdsson
Guttorm Torgeyrsson Guttorm Olaffson Byrre Ellinghson Jonss i Liidh

Namna på innsiglarane står her òg som apposisjonar til *danne mæns*, men berre eitt er markert for genitiv. Spesielt med tanke på den innskotne leddsetninga er det forståeleg at samanhengen med *danne mæns* blir såpass uklår at namna kjem i nominativ, men kvifor da *Jonss* til slutt? Har skrivaren teke ein pause og lese over det han har skrive, eller er det fordi det underforståtte *insigle* kjem etter Jon at genitivforma atter kjem fram? Forklaringa her ligg i alle høve på eit psykologisk plan, ikkje morfologisk.

I 3.2.1.1 siterte eg ei kompleks setning frå tekst 30, der det ikkje synest som skrivaren greier å stokke orda rett. Lekkane som høyrer saman er delte opp, og når kasusendingane ikkje lenger er så tydelege som dei var i norrønt, blir det vanskeleg å nøste opp setninga og samle lekkane.

3.5.2.2 Seriemarkering

I norrønt vart alle lekkar i ein frase morfologisk markerte for kasus, språket var eit døme på det Blake (2001: 99) kallar «word-marking languages». Ein annan type er «phrase-marking languages» (loc.cit.), som berre markerer éin lekk i kvar frase. Fullt gjennomført er ikkje dette i norrønt, fordi fleire bøyingsklassar av substantiva vanta særskilde former i somme kasus (sams oblik form i den linne bøyinga, berre gen. som skil seg ut i eintal av mange hokjønnsord), og kasus er tydeleg berre med attributt. Seinare ser vi mindre av denne ordmarkeringa, på to måtar:

- (1) somme leikar kan mangle kasusending..
- (2) dei kan få tillagt ending analogisk (følgjer ordet framom).

Denne utviklinga gjeld ikkje berre norsk, men òg dei andre skandinaviske språka og ikkje minst høgtysk, der substantiva i dag i liten grad har eigne kasusendingar, medan artikkel og [*til dels*] adjektiv har ei formrik bøyning. Til ein viss grad kan ein seie at markering av fleire leikar i slike høve er overflødig, sidan éin gong er nok for å vise kva kasus frasen har. Dette blir likevel ikkje det same som Blakes «phrase-marking languages.» [*Denne typen blir nemnd som ei undergruppe, Blake 2001: 101–102.*]

Eit døme på markering av alle leikar, er *wars forfadhers erchebiscops Olafs skikkilse* (16); dette er likevel eit unnatak. Langt vanlegare er typen *wars elscheligastæ brodærs Juar Trondeson* (5), der særnamnet vantar ending (linn bøyning av adjektivet). Tilsvarende med dativ er *med aadhernempdom wærdugaste fadher erchebiscop* (30), der *wærdugaste* vel er linn bøyning, og *adernempdom wyrdelighom fadher erchebiscop Olaff* (4) med *-om* i både adjektiva, men ingen substantiv. Vi legg elles merke til skilnaden mellom linn og sterk bøyning i det andre adjektivet. I det andre høvet kan det vera snakk om automatisk overføring av endinga frå det første til det siste. Liknande er *fra oss oc warom retta arfuinga* (5), der adjektivet og substantivet står i grunnforma, men possessivet viser kasus.

Norde (1997: 134–138) finn ein interessant tendens i genitivmarkeringa i gammal- og mellomsvensk: I dei fleste tilfella «only the adjective is marked for genitive in noun phrases without concord», men dette gjeld ikkje sterke han- og inkjekjønnsord med *-s* i gen.sg: «In these cases, *-s* is used as a phrase marker: it is always added to the last element in the noun phrase.» Dette viser at *-s* allereie har status som eit possessivsuffiks knytt til frasen, men at det framleis har tilknytning til a-stammane. Eg har eir par døme på slike konstruksjonar: *Wii Gauto (...)* og *paffuelighe sæthes lagatus* (14, tilsvarende i 15), uttrykket er elles *paweligx settis* o.l. med både leikar markerte; og *po myn nadhe her *gonghenss wenne* (23). Det siste brevet er skrive av ein svært dårleg skripar (som forma *gonghenss* viser), men konstruksjonen med ein heilt moderne gruppegenitiv kan vera reell nok. Talorda frå fem og oppover var ubøygde, og uttrykk som *fem aars reckenskap* (sjå 3.2.3.1) er på overflata lik ein gruppegenitiv; slike konstruksjonar kan ha styrkt framvoksteren. Elles er dette vanleg ved namn, der vi ofte finn berre patronymikonet med genitivending, som *Karll Yrianssons skylgithen barn* (20) (men døme på det motsette i 3.5.2.1 over).

Den andre tendensen, at komplement får analogiske endingar etter kjerna, er det fleire døme på. Ikkje minst gjeld det talrike døme på *med thesso mino opno breffue*, der adjektivet etter gammalt skulle vore lint bøygde og hatt *-a*, men i staden følgjer determinativa føre. Tilsvarende finn vi eit par døme på *til ewerdeligho eigho*, der adjektivet har fått same ending som substantivet. At slike analogisk endingar i det heile teke er moglege, er eit tydeleg teikn på at den gamle genitivendinga *-rar* er borte (Norde 1997: 134 med referansar). Ein del døme på at avhendingsformelen *undan mér ok minom erffingom ok undir han ok hans erffinga* får dativendingar i den andre

lekken, er nok likeins døme på slik overført ending (sjå 3.2.1.2); og endeleg kan eg nemne *fore hwarium mannum* < *manne* (tekst 9). Desse døma tyder på at skrivaren ikkje har skiljet akk. ~ dat. klårt for seg, og at dei dativformene som finst truleg er arkaiserande skriftformer. Alle desse døma kan nok samstundes kallast hyperkorreksjonar.

3.5.3 Dativmerknader

Under preposisjonsoversyna over er gjeve ein god del døme på akk. for dat.

Omsynslekkar var eit kjerneområde for dativen. Mange av dei står naturleg nok i det formelbundne innleiinga *Allom mannom*, men dei finst òg i meir eller mindre faste ordelag elles, t.d. som kjøpar ved jordhandel:

iach saalt och vplatet haffuer minom ffrænda Anunde Guttormsoni een fiærdung (6)

han hafde sælt beskedhelighom manne Bertill Jensson (...) jord (19)

affhendher med iaa oc handerbande [forscriffne mine jardher]
wærdugastom fadher i gudhj erchebiscop Gaute (30)

Stundom kjem nyare uttrykksmåtar fram: [*det*] *han gaff til domkirkionne* (SL, p. 1). Tilhøvet til ein eldre uttrykksmåte utan preposisjon, men med omsynslekk i dativ, kan kanskje forklåre forma *-kirkionne* her, jf. òg det som er sagt om *til* over.

Somme verb og adjektiv tok eit komplement i dativ i norrønt (attåt dei toverdige verba med objekt og omsynslekk). Dei er det ikkje mange døme på, men vi har eit par gonger adjektivet *nærverandis*; *affwer warendis* er vel ei nydanning etter mønster av det første:

nerwarandis worom wyrdalighom fadher i gudi erchiebiskup Gauto (17)

affwer warendis minom herre erchebispen (25)

med aadhernempdom wærdugaste fadher erchebiscop nerwarandes (30).

Det siste dømet er ikkje heilt parallelt, med di adjektivet er etterstilt og nok må oppfattast som eit predikat, med kasus på frasen styrd av preposisjonen. Verb med dativobjekt finn vi i tekst 6: *som oss badom tykker wel vara*, der determinativet viser kasus; og truleg 11: *samtykthe tesse semia, thenne* i akk.sg.f. elles er argument for at *tesse* er dativform her. Det er vel ei definisjonssak om uttrykket eg nemnde under *vidh* i 3.5.1.3 skal seiast å vera styrd av preposisjonen eller verbet, i alle høve har det fått grunnform.

Eit meir frittstående uttrykk med dativ er *thetta køp war giort j Løffwanger tæssom godha mannom till witnis ær swa heta* (6). Det relative *ær* ser ut som ein arkaisme, men det lint bøygde adjektivet *godha* har fått *-a* i dat.pl.

I mange av døma på tradisjonell bruk over, er det berre adjektiv og determinativ som har dativending. Når slike ikkje finst, kjem ikkje kasus-tilhøva klårt fram, som i tekst 12: *wore wij kraffde j Fræidhe til at bæra sannan vithnesbwrðh Arne Jonson oc Trondh Ionson*. ‘Var vi stemnde til å gje sant vitnesbyrd for Arne Jonsson og Trond Jonsson’. Nynorsk krev preposisjonsuttrykk her, medan norrønt uttrykte det semantiske tilhøvet med

dativendingar. Her er korkje av delane bruka, og dømet viser spennet mellom gammal og ny uttrykksmåte: Dativendinga er borte, utan å ha vorte erstatta av andre uttrykksmåtar.

Det er altså slik at dativ ofte har eikor ending, og det er mest særnamna og til dels andre substantiv som står i grunnforma, medan determinativ og adjektiv langt oftare er bøygde. Det same finn Pettersen i Vest-Noreg (1991: 514). I ein mellomperiode før dativ forsvann heilt er det mogleg at adjektiv og determinativ kunne ha dativending, jamvel om substantiva dei stod til berre fanst i ei grunnform.

3.5.4 Genitivmerknader

Gamle genitivpreposisjonar kan vi finne med grunnform enno medan genitiv lever i andre samanhenger. Men eit anna bruksområde der genitiv tidleg går or bruk, er den partitive genitiven. Indrebø seier imot seg sjølv i dette: Han nemner døme på akkusativ/grunnform for partitiv genitiv midt på 1400-talet (2001: 243), men meiner likevel han i mykje heldt seg ned mot 1600 (2001: 367). Eg har ingen døme på slik bruk, men tvert imot fleire på manglande ending i slik posisjon: *haffuer vnt och giffuæt (...) alt wart faste gods (...) oc ein parth the iordær som* (5, *the iordær* ser ut til å vera ein umarkert partitiv genitiv), *ein tunne smør* (32), *ij t.^{or} korn* (SL, p. 3), *viij marc smør* (KJ, p. 8). Det verkar såleis som Indrebø hadde mest rett i den første påstanden sin, at dei bytte ut genitivkonstruksjonen med ubøygde former.

Det er framleis nokre døme på verb + genitiv. For det første har nokre tekstar *thess* i innleiinga: *Iac (...) kennis thess* (3), *thes bekennes jek* (7) og *des kennes iak* (24); men med *thet* i 23. Dette uttrykket høyrde ikkje heime i norrønt, men Pettersen finn at det var ganske vanleg i Vest-Noreg òg på denne tida, med vekslende grunnform og genitiv (1991: 391). Tradisjonelt er derimot *swerie (...) om tess kan widrtorffua* (28, norr. *e-s þarf við*).

I tekst 19 finn vi *skaut vndher vitne alles theiræ som viidh kirkenne wore* (19), med ein friare genitivbruk, sjå 3.1.3.3.

Det er først og fremst possessiv genitiv vi finn på denne tida. Her har *-s* spreidd seg til fleire bøyingsklassar enn i norrønt (*brodhærs, Birgittas*), men har enno ikkje erstatta andre endingar fullstendig. Steg mot dette er *beggis* (som vel fanst i norrønt òg), *alles theiræ* med *-s* i fleirtal, *als eigho* og nokre fleire døme. Det er likevel ingen døme på *-s* for eldre *-ar*, endinga er berre suffiksert til gamle endingar (høvesvis *broður, Birigitta, beggja, alla*). Nokre døme på gruppegenitiv, nemnde i 3.5.2.5 peikar på same vis framover.

4 Drøfting

I kapittel 3 har eg gått gjennom kva former som finst, og i kva grad det tradisjonelle bøyingsystemet enno blir følgt. Nokre jamføringar med eldre forskning finst for dei einskilte ordklassane. I dette kapittelet skal eg drøfte nokre sider ved utviklinga vidare, og presentere nokre forklåringsframlegg eller drivkrefter i utviklinga. Dette munnar ut i eit forsøk på å plassere språket vi møter i tekstar frå Trøndelag 1470–1500 i språkhistoria.

4.1 *Det morfologiske systemet*

Slik det framstår i materialet mitt, oppsummert for dei einskilte ordklassane, er det norrøne systemet i full oppløysing. Likevel finst det ein god del relikst av den gamle kasusbøyinga. Eg skal knyte nokre kommentarar til dei tendensane eg ser for kvar ordklasse; framstillinga er ordna etter inndelinga av kapittel 3.

4.1.1 Pronomen

Det systemet vi møter er i all hovudsak likt nynorsk skrift, med motsetnad mellom ei nominativform og ei oblik form (subjekts- og objektsform i nyare terminologi). Den moderne talemålsforma *ægh* som er notert i 1497 må nemnast spesielt, og viser kor langt utviklinga er kommen.

I somme mellomnorske tekstar kan ein finne spor etter enklitiske pronomen-former (Pettersen nemner eitt døme i hankjønn (1991: 322), men ingen i hokjønn; Brøndum-Nielsen (1965: 43–45 om hankjønn, 51–52 om hokjønn) har ein god del i dansk. Slike former kan vise ei eiga akkusativform i hokjønn: *(n)a* < norr. *hana*. Somme trøndermål og annan nynorsk har enno *a*, men om denne forma nok kjem frå *hana* i utgangspunktet, er ho ikkje heilt parallell, sidan ho òg finst i subjektsposisjon (Skjækkeland 1997: 157).

I alle nynorske dialektar er skilnaden i 3. person fleirtal utjamna, og éi form, anten med eller utan *-m* i utljod, blir bruka i alle stoder. I trøndsk i dag finst det somme stader framleis dativformer i 3.p.sg., framvaksne av den norrøne dativforma, men iallfall den trykksterke forma i 3.p.sg. har fått samanfall i *han/ho*. Vi har da ein skilnad grunnform ~ dativ, eller berre éi form der dativ ikkje finst. Det mest ekstreme systemet i trøndsk i dag, har faktisk skilje mellom subjekts- og objektsform berre i 1. og 2. person eintal. Dette gjeld ein lut av Sør-Trøndelag, der ungdommar har lagt av dativformene, og 1.p.pl. alltid har *åss*. Det gjennomførte skiljet i tekstane, t.d. mellom nom. *the/han* og obl. *the(i)m/honom*, er argument for desse samanfalla har gått føre seg etter den mellomnorske perioden. Men mykje seinare kan det ikkje ha vore: Materialet etter Hans Olufsen Nysted, som lærde Trondheimsdialekten på 1660- og 1670-talet, viser nemleg samanfall i 3.p.sg. til *han/ho* i både subjekts- og objektsposisjon.⁸

Eit viktig poeng i at skiljet heldt seg ved pronomena, er at dei for ein stor

⁸ Munnleg informasjon frå Arnold Dalen.

del hadde suppletiv bøyning (stammeskifte), slik at den same utviklinga som for substantiva (bortfall av endingar) rett og slett ikkje var mogleg. Dette kan samstundes forklåre kvifor dei motsetningane som *vart* utjamna var dei som kunne sjå ut som sams stamme (*mik, mér > me(g)*) (Trosterud 2001: 173). Dette forklårer likevel ikkje heile utviklinga, sjå vidare 4.4 under.

4.1.2 Substantiv

Substantivutviklinga er interessant av di det som kjem fram i kjeldene ikkje samsvarar korkje med norrønt eller nynorsk. Jamvel om *systemet* viser endringar, er det svært lite som samsvarer med nynorske ordformer der desse skil seg frå norrønt; her tenkjer eg spesielt på bunden form hokjønn og dativ i han- og inkjekjønn eintal. Her gav ljodutviklinga ei ny ending som skilde seg heilt frå den gamle, og ikkje kjem fram i skriftleg materiale. Somtid kan ein sjå dei omveges i form av hyperkorreksjonar, sjå t.d. Indrebø for eit slikt døme på at bunden form *bokje* fanst i Hedmark i 1517 (2001: 249).

Utviklinga her var slik at vokalen i endinga *-in* (for han- og inkjekjønn etter ei avstytting *-inum/-inu > *-in*) vart nasalisert, og endra kvalitet da *-n* fall; i Trøndelag vanlegvis *-in > *-ĩn > -a* (Skjekkeland 1997: 152). Vi fekk bunden form *boka* for *bókin*, og dativformer som *garda < gardinum*.⁹ Der endingane er ulike, t.d. ulik dativending i han- og inkjekjønn, må vi rekne med at utviklinga har skjedd til ulik tid. Desse nye formene verka framande i skrift, og vi ser inkje til dei. I staden står grunnforma, hokjønn *jorden, kirken* (men sjå 3.2.2.3 for eit mogleg døme på bunden form *-a*). I hankjønn står *garden* ofte i dativ, som *warom wy vppa erchebiscops garden i Trondheim* (4) og *Af Gran i nördre garden b[ygt] f[fore] ij øre* (SL, p. 4). Det einaste dømet mitt på bunden form med dativending er *Af Wikom j westragardenom b[ygt] f[fore] øre* (SL, p. 1) med den tradisjonelle endinga, og det er truleg avskrift frå AB (sjå 3.2.1.3). Dei bundne formene framstår altså som meir forenkla enn dei ubundne i kjeldene, jamvel om dativ finst enno i delar av Trøndelag, og dette dativområdet sikkert gjekk vidare på 1500-talet. Ei side ved dette som skal nemnast, er at hokjønn ser ut til å halde på endingsvokalen i oblik form, t.d. fleire gonger dat. *kirkenne*.

Spesielt i hankjønn fleirtal ser vi sterke tendensar til at *-r* i utljod fall. Dette var skilnaden mellom nom. og akk.pl., og den einaste skilnaden mellom desse kasusa i fleirtal av substantiv. Like sterk er ikkje denne tendensen i hokjønn, og han førde dimed med seg eit klårare skilje mellom kjønn i fleirtal. Indrebø (2001: 227) skriv at «[n]orskt skriftmål heldt for det meste uppe tradisjonen med endingskonsonantane ut millomnorsk tid (ujamnast stod sist i tidbolken *r*)», og nemner ingen skilnad mellom kjønna. Ein annan stad skriv han rett nok at mask.pl. kan få ending *-e*, og forklårer det dels som dansk påverknad og dels veiking av den norske akkusativforma, overført til nominativ (ibid: 194). Ei slik overføring av den *r*-lause akkusativforma til nominativ måtte i alle høve bli støtta av *r*-bortfall i

⁹ Her er skrive <i> og <u> etter norrønt. I røynda var vel endingsvokalane i Trøndelag /e, o/ og /i, u/ vokalharmonisk fordelte, utan at dette endrar argumentasjonen.

talemålet.

Ein slik kjønsskilnad er i tråd med dansk skriveskikk: a-stammene, dei mest talrike hankjønnsorda, hadde der helst *-æ* i pl. på 1400-talet, jamvel om dette sist i den gammaldanske perioden byrja endre seg mot det nydanske systemet med stort sett *-er* (Brøndum-Nielsen 1935: 24–27). Dette er ei analogisk utvikling etter andre stammar: Dei linne *ōn*-stammene fekk tidleg *-r* i pl. (likeins i norrønt), og dei feminine a-stammene slutta seg anten til i-stammene eller gjekk over til hankjønn (ibid.: 75–76); slik at det *-(e)r* vart den normale endinga. Nydanningar brukar ofte noko tid på å spreie seg frå innovasjonsområdet til periferien, og Pettersen (1991: 32) forklår aukande *r*-bortfall etter 1500 som ein kombinasjon av heimleg utvikling og dansk påverknad.

I hokjønn var i-stammene mest talrike, og etter noko vakling tidleg vart *-r* heilt dominerande mot slutten av den gammaldanske perioden (Brøndum-Nielsen 1935: 113–115). Utljod på *-r* var altså gjennomført tidlegare i hokjønn enn hankjønn i dansk, og tidlegare i maskuline i- enn a-stammar, noko som venteleg òg gjeld for norsk (Pettersen 1991: 74).

4.1.3 Adjektiv

Det systemet som kjem fram i adjektivbøyinga, er moderne å sjå til, iallfall i fleirtal. Jamsides dette viser mask.sg. ein god del gjennomførte tradisjonelle former. Spesielt merkande er det at akkusativ faktisk har halde på endinga si så godt som det ser ut til. Dette gammalvorne inntrykket blir likevel noko svekt av at det til dels kan vera snakk om nydanna, ubøygde former (som *hederligin*, sjå 3.3.1.1), dels er akkusativforma bruka i dativ. Det kan òg sjå ut som hokjønn har ein skilnad mellom nom. og oblik form, men det kan vera linn bøying; men sjå under om possessiva. Det er elles slik at dei fleste konservative former kan forklårast med eldre førelegg, og konklusjonen må bli at adjektivbøyinga i det meste stod på eit nynorsk språksteg, med skilnad eintal ~ fleirtal, og han-/hokjønn ~ inkjekjønn i eintal.

Den sterke bøyinga vart meir bruka i norrønt enn i nynorsk. Mange slike konstruksjonar i norrønt må omsetjast med førestilt bunden artikkel *den* + linn bøying i nynorsk, og former med ending i materialet mitt kan vera tidlege teikn på dette: Adjektivet blir lint bøygd i tråd med talemålet, men skrifttradisjonen hindrar at artikkelen blir sett inn. Adjektiv som *fornempde* er på sett og vis inherent bundne, sidan dei viser til ein allereie kjend eller nemnd person, så linn form er naturleg og kan forklåre den høge frekvensen av *-e* ved desse adjektiva. Samstundes er det mykje veksling mellom sterk og linn bøying i liknande uttrykk, jf. dei som er nemnde i 3.5.2.2.

Ei utjamning til *-a* i den linne bøyinga, som vi ser tendensar til, kan forklårast som ei analogiutvikling. Berre nom.sg.m. *-i* skilde seg ut i eintal, og forma på *-a* vart samstundes støtta av dei talrike ubøygde adjektiva med *-a* i alle posisjonar (Iversen 1993: § 92.3). Det er likevel slik at vokalen oftast er redusert, slik det er i nynorsk.

4.1.4 Determinativ

Det har gått føre seg ei gjennomgripande forenkling av systemet, men noko gammalt heng enno att. For demonstrativa kunne ein tenkje seg at dei suppletive røtene (både pga. ulike partiklar frå urnordisk og seinare ljosutvikling, Iversen 1994: §§ 105.2 og 105.3) ville halde bøyinga betre ved like enn i substantivbøyinga, på same sett som med pronomena. I gammalnorsk, som skilde seg noko frå gammalislandsk her (Noreen 1923: § 470), hadde akk.sg.m. *penna* og nom.akk.sg.n. *þetta*, men alle andre former ei rot *þess*-. Akk.sg.m.-forma spreidde seg etter kvart til nom. og vidare til nom. og akk. i hokjønn, og lever vidare som nynorsk *denne*; inkjekjønn *dette* kjenner vi òg att. Rota på *þess*- lever vidare i fleirtal som *desse*, og skiljet har dimed vorte som for adjektiva, med skilnad han/hokjønn ~ inkjekjønn i eintal, men sams fleirtalsform. Slik er òg systemet i kjeldene mine, men eg har ingen døme på genitiv, heller ikkje dat.sg.m. Både døma i dat.sg.f. og dei fleste i dat.sg.n. har ei rot på *thess*-; kanskje kunne ein tenkje seg at det eksisterte eit mellomsystem der dativ var markert med suppletiv bøying. Mange av døma i inkjekjønn står rett nok i formlar, og jamvel der har moderne former trengt inn somme stader. Det er altså gode argument for at bøyinga allereie hadde nådd det moderne stadiet. Før 1500 finn Pettersen følgjande fordeling tradisjonelt/moderne system i dativ: mask.sg. 2/2, fem.sg. 4/0 (men samstundes døme på *thess*- i nom. og akk.), nøyf.sg. 40/24, pl. 1/2 (1991: 400), som likeins tyder på eit svært moderne system, og talar mot teorien om ei særskild dativform. Dativ fleirtal *the(i)m* av *then* står likevel sterkt, utan unnatak i materialet mitt, og rett ofte i Vest-Noreg (Pettersen 1991: 395–396).

I possessivbøyinga er det mest interessante at hokjønn har ending i dat. og akk.sg. Skilnaden mellom desse er rett nok vorten uklår, pga. ljosutviklinga. Sidan possessiva følgde adjektivbøyinga, kunne ein vente ei parallell utvikling der. Så jamvel om adjektivformene eg finn med ending kan forklarast som overgang til linn bøying, er possessiva eit argument for at hokjønn skilde mellom nominativ og oblik form. Eit mogleg argument mot er at inkjekjønn fleirtal oftare har den gamle null-endinga i possessiva enn adjektiva, men det heng nok saman med at førekomstane her gjerne er i uttrykket *henge sin insigle*, og jamvel der er ei form med ending kommen inn to gonger. Frå gammalt følgde òg den bundne artikkelen same mønster, men når han blir sterkare knytt til substantiva, må vi rekne med at denne samanhengen ikkje lenger var berrsynt, og at han kunne få ei eiga utvikling.

4.1.5 Morfosyntaks

Hovudtendsen i denne perioden kjem klårt fram i tittelen på Einar Haugens kapittel «Grammar: From Synthesis to Analysis» (Haugen 1976: 285–313). I ein overgang frå syntetisk til analytisk språkstruktur, dvs. frå kasusfleksjon som meiningsberar til andre uttrykksmåtar, er fastare ordstilling og meir bruk av preposisjonar eller partiklar vanlege endringar. Slik har det òg vore i norsk. Eit par gonger møter vi lekkar der den gamle genitiv- og dativ-endinga er borte, men ikkje erstatta syntaktisk; dette viser brytinga mellom

det gamle og det nye systemet.

Omsynslekkar utan dativending fell ikkje automatisk inn i denne kategorien, sidan vi har dei i moderne norsk òg, berre identifiserte av at dei står mellom verbet og det objektet. Dette var det vanlegaste i norrønt òg, men der står dei rett ofte omsnudde (Nygaard 1905: §§ 336 og 341). Bortsett frå *allom mannom* o.l. i innleiing, står objekt og omsynslekk stort sett i normalfølgja, men omsnudde i tekst 30 (sitert i 3.5.3). Uttrykket med preposisjonsuttrykk i staden for omsynslekk (*til domkirkionne* i SL, p. 1) viser vel òg at dativending ikkje er fullnøyande for å markere benefisient lenger.

Kjeldene mine har langt meir genitivbruk enn vi finn i seinare dialektar, men samstundes mindre enn i norrønt. Skilnaden til norrønt gjeld særskilt etter preposisjon og partitiv genitiv; han ser ut til å vera gådd or bruk (sjå 3.5.4). I nynorsk talemål er jamvel den possessive genitiven for ein stor del erstatta av preposisjonsuttrykk og kombinasjonar med possessiv, men dette finn eg ingen teikn på. Men på same sett som genitivformer på *-s* er meir vanlege i skrift enn tale i dag, kan det òg ha vore tilfellet på 1400-talet.

4.1.6 Formativ som eksplanans

Den endinga som står stødigast, er utan tvil *-om* i dat.pl. og delvis i dat.sg.m. Ei naturleg forklaring på dette er at denne endinga berre fanst i dativ, og bortsett frå mask.sg. i adjektivbøyinga berre i fleirtal. I andre stoder fanst det inga eins dativending. Endinga *-om* er såleis eintydig knytt til trekka dativ og fleirtal, og i ein brytingsperiode er det difor naturleg at ho held seg lenger enn andre endingar, som òg kunne markere andre trekk. Ho var dessutan ikkje like utsett for ljodendringar som mange andre endingar. Jamvel om *-m* i utljod mykje godt fall i Vest- og Nord-Noreg (Indrebø 2001: 225), stod *-o* att, slik vi ser i dialektar i dag, t.d. dat.pl. *-å* på Nordmøre.

Noko av det same kan forklåre spreinga av *-s* som genitivending, slik Indrebø gjer (2001: 235). Denne endinga var eintydig knytt til genitiv, medan dei andre endingane som var bruka òg kunne markere andre kasus. Dei vart dessutan reduserte av ljodutviklinga. Eg har fleire stader nemnt den analogiske spreinga av *s*-endinga, i former som gen.pl. *alles*, *beggis*, possessivet *theires*, *Birgittas* m.fl. Norde diskuterer dette (1997: 223–226), men meiner at argumentet ikkje held. Først og fremst *erstattar* ikkje *-s* den gamle endinga, men kan like gjerne setjast *etter*, som i *Birgittas*. Ho meiner difor at «it was not the genitive ending *-s* that was transferred to other stems, but the phrase-marker *-s* that was transferred to other nouns and noun phrases» (1997: 225). Når vi i gammalnorsk kan finne endingar som *sonars* (Indrebø 2001: 235), tyder det vel på just det.

Eit par døme på gruppegenitiv (sjå 3.5.2.5) tyder òg på at *-s* kan oppfattast som eit possessivsuffiks knytt til frasen heller enn ei kasusending på denne tida. Jamvel om den moderne bruken ikkje har slege fullt igjennom enno, ser vi klåre frampeik mot dei moderne tilhøva.

4.2 **Formlar og lån**

Noko av variansen mellom tradisjonelle og nyare former kan forklårast ved at dei tradisjonelle i stor mon står i meir eller mindre faste ordelag. Somme stader dominerer formlane biletet heilt, som dat.sg.n. av den sterke adjektivbøyinga (sjå 3.3.1.3). Andre stader i det morfologiske systemet, der det er mindre skriftlege førelegg, kjem nyare former meir fram. Spesielt tydeleg er dette i den sterke adjektivbøyinga, der endingane i mask.sg., som det finst mange døme på i eldre brev, er oppsiktsvekkjande vél gjennomførde, medan fem.sg. og heile fleirtal syner fleire novasjonar. Jamvel om ein ikkje automatisk kan gå ut frå parallell utvikling i alle kjønn, verkar det merkeleg at ein 4-kasus-distinksjon i hankjønn skal følgje fullt samanfall i andre kjønn. Men det er nok å minne om instrumental kasus i gammalengelsk og gammalhøgtysk, og vokativ i latin, som berre skilde seg ut ved éin bøyingsklasse, for å sjå at dette språktypologisk sett er mogleg.

Når det gjeld framande lån, er det noko som klårt skil Trøndelag frå resten av landet: Svenske ord og bøyingsendingar står mykje sterkare her. Jamt finn ein slike målmerke i stormannsbrev i tida 1400–1450, noko lenger i ålmugebrev (Indrebø 2001: 169–170). Men når vi kjem så langt ned som mot hundreårsskiftet, er det lite att av dette; dansk har teke over som prestisjespråk og førebilete. Men i fleire av diploma frå Trøndelag finn vi svenske former. Spesielt har eg nemnt to brev frå erkebispene Olav og Gaute til ålmugen i Jämtland (tekst 2 og 13), dinest eit par former elles som helst må vera svenske (t.d. *the* for vanleg *then* i nom.sg.f. i tekst 6, sjå 3.4.2.1). Slik tilpassing av språket til mottakarane var elles vanleg, sjå 2.4.2. Svenske personar er nemnde i fleire brev. Dette viser at hopehavet mellom Trøndelag og dei tilgrensande svenske områda heldt seg, jamvel om Jämtland gjekk over til svensk skriftmål ikring 1360 (Indrebø 2001: 270).

4.3 **Sosial variasjon og skrivedugleik**

Eit slag historisk sociolingvistikk med inndeling av brev i grupper etter utferdar, der bondebrev har vorte rekna som den «beste» eller mest «ekte» norsk, har vore populært i arbeidet med mellomnorsk. I kva grad dette er fruktbart, har likevel vorte diskutert. Viktige moment som talar mot at dette gjev særleg nyttig informasjon, er at jamvel dei breva som nemner ein bonde som utferdar, ofte i røynda er skrivne av presten, lagmannen eller ein annan tenestemann. Prestane fekk opplæringa si ved bispeseta, og endring i skrivestilen der ville slik breie seg utover på bygdene, etter kvart som prestane fekk postar (Grøtvedt 1974: 227–228).

Eg gav i 2.4.3 ei grov inndeling av breva i materialet mitt etter både sosiale og geografiske kriterium. Det er likevel vanskeleg å sjå nokon særleg skilnad mellom bondebrev frå distrikta og bybrev – iallfall ikkje i formverket. Eit par av bygdebrev ber preg av at skrivaren er mindre øvd enn dei som skreiv breva i Trondheim. Spesielt tekst 23 har ein hjelpelaus skrivar, som nemner seg *Las Mws aff waben ffwith j Gwldal*, men òg skrivaren i 31 slit litt (t.d. er det eit par døme på metatese, *far* < *fra*, *iengh* < *eign*).

Elles er det tydeleg at skrivarane er øvde. Ein god del latinske lånord førekjem i tekstane. Desse varierer mellom å stå i nominativforma si, eller med latinske bøyingsendingar. Døme på det siste er nom. *prebenda* og akk. *prebendam* i tekst 16, abl. *capitulo* i tekst 32 og fleire døme på abl./dat. *sancto*, men òg ofte *sancte*. Jamvel om dette ikkje er relevant for norsk språk *per se*, seier det noko om skrivaren og den grammatiske kompetansen hans. Når han er i stand til å kjenne att den latinske grammatikken, og bruke rett kasusending, skulle ein òg vente at han greidde det same med dei norske orda. Slik er det likevel ikkje alltid. Eit godt døme på dette er dateringsformlane eg tok for meg i 3.2.3.1: Der viser det seg at skrivarane er stødigare i latinsk grammatikk enn norsk, viss vi vurderer norsk ut frå normalisert norrønt. Dette er enda eit argument for at talemålet ikkje gav grunnlag for å oppretthalde det gamle formverket.

Kor dyktig skrivaren er, reiser nokre metodiske spørsmål. I utgangspunktet vil ein vente at ein dårleg skrivar lettare slepper gjennom talemålsformer, sidan han ikkje har skriftspråket i blodet. Samstundes aukar sjansen for rein feilskrift, som ein må ta omsyn til i vurderinga. Ein god og øvd skrivar vil lettare kunne følgje tradisjonen. Men sidan han gjer det, og har mindre feilskrift, vil uventa former meir truleg vera reelle – eitkvart grunnlag må dei ha. Ut frå materialet mitt er det ingen stor skilnad å sjå, alle skrivarar kan ha både nyare og eldre former.

Ein grunn til at sosiale skilje i skriftspråket er mindre i Trøndelag enn mange andre stader, kan vera at erkebispestolen skreiv norsk. Kongebrevva var på dansk etter 1450, og riksrådet og etter kvart lensherrar og embetsmenn kom etter; men erkebispene og skrivarane deira heldt seg til norsk heilt fram til Erik Valkendorf tok over etter Gaute Ivarsson i 1510 (Indrebø 2001: 178–189). Dette leier Indrebø til å hevde at «[j]amsides med 1450 er 1510 fremste merkjeåret i den millomnorske skriftmålssoga» (ibid.: 189). Største maktfaktoren i Trøndelag var erkebispen, og så lenge han heldt på norsk språk, kunne ein òg vente at folk flest (i den grad det var «folk flest» som skreiv) gjorde det.

4.4 Språktypologi i kasusendringar

I kapittel 2 gav eg døme på forklæringsmodellar for kasusendringar i andre språk. Spesielt når berre somme lekkar i ein frase får tillagt kasusending, tyder dette på at kasusfleksjonen ikkje er syntaktisk relevant, orda blir oppfatta som ein frase av di dei står i lag og dannar ei semantisk eining, ikkje fordi dei er markerte for same kasus. Herman gjev fleire døme frå vulgærlatin, og brukar dette argumentet for latin: «The decreasing syntactic relevance of the morphological inflections is also made entirely clear by the growing lack of precise concord between the elements in the same noun phrase» (2000: 84). Dette gjeld der to lekkar er markerte for ulik kasus, ein må ikkje blande det saman med tilfelle der den ljodlege utviklinga fører til samanfall ved substantiv, medan determinativ og adjektiv kan vera markerte. I så fall må ein forstå heile frasen som døme på den aktuelle kasusen. Eit typisk døme på manglande samsvar i materialet mitt er *fra oss*

oc warom retta arfuinga (5), der berre possessivet har dativform. Endinga *-om* er ikkje råka av ljodleg samanfall (*-m* har falle i somme seinare dialektar, men det fører ikkje til samanfall med grunnforma), og må ha stått i dat.pl. så lenge dativ i det heile fanst i ubunden form, så dette er ei samanblanding av ulike former. Det er fleire slike i materialet, parallelle med dei Herman har.

Medan nominativ og akkusativ var dei første formene som fall saman i mange paradigma (særskilt sterke substantiv og determinativ), skjedde det motsette med pronomena. Der vart skilnaden tvert imot styrka, ved at dat. *honum* trengde ut akk. *hann*, slik at det gamle skiljet nom./akk. ~ dat. vart erstatta av eit nytt nom. ~ oblik. Samstundes med at akk. trengde ut dat. der det var trevegsopposisjon (*ek – mik – mér*) førte dette til eit system med ei subjekts- og ei objektsform. Dette er eit språktypologisk drag; jamvel dei fleste språk som elles har eit ergativt kasussystem, har denne typen markering på dei personlege pronomena (Blake 2001: 55). Ikkje minst gjeld det andre europeiske språk, der fleire av dei romanske til liks med norske dialektar kan ha eigne dativ- eller preposisjonsformer,¹⁰ samstundes som kasusfleksjonen er heilt borte i andre delar av formverket. Det språktypologiske argumentet forklårer likevel ikkje kvifor det var dativformene som vann fram i 3.p.sg. og akkusativformene i 1. og 2.p. I hankjønn var det einaste måten det kunne skje på, sidan nom. = akk. i norrønt, men det argumentet kan ikkje brukast elles; kanskje var det der frekvensen som var avgjerande.

Desse to sidene ved språkutviklinga viser at det i mangt er den same utviklinga som råkar språk på vegen frå ei syntetisk til ei analytisk språkform. Den ljodlege utviklinga er ulik, og fører til andre typar samanfall, men reint morfologisk skjer mykje av det same. Det viktigaste fellestrekket er likevel nett det som ligg i analytisk språkform, at ordstillinga viser samanhengar. Alle dei europeiske språka som har gått gjennom ei liknande fleksjonsforenkling som norsk, har samstundes utvikla ei langt fastare ordstilling. Kva som kjem først her kan jo vera eit spørsmål, med ei fast ordstilling som t.d. viser skilnaden mellom omsynslekk og objekt, blir dativending på omsynslekken ein redundans, og vi er over i Marolds forklåring på kasusbortfallet (sjå 2.3.2).

4.5 Språkhistorisk plassering

Når ein arbeider med mellomnorsk, er det av største interesse å skilje mellom det som peikar framover og det som peikar attover, for å kunne seie noko om kvar språket står på vegen frå norrønt til nynorsk. Som eg nemnde i 2.1.3 gjer brotet i skrifttradisjonen at skilnadene i den norske språkhistoria verkar større enn dei kan ha vore. Det vide gapet mellom det norske språket slik det finst spreitt enno tidleg på 1500-talet, og bygdemålstekstane dryge hundre år seinare, må skjule ei jamnare utvikling.

¹⁰ Spansk har t.d. i 1. person eintal subjektsform *yo*, objektsform *me*, men etter preposisjon *mí*; i 3. person eintal hankjønn nom. *él*, akk. *lo*, dat. *le* (men utan eiga preposisjonsform).

I ein studie av diplommålet i Trøndelag på 1430-talet, skriv Jan Ragnar Hagland (2006: 85) at «mykje av det gamle formverket [er] enno intakt i det skriftspråket vi her har overlevert frå tida kort etter 1430.» Det vi kan lesa av Hans Olufsen Nysted, viser at det er «overraskande stor grad av samsvar mellom den bydialekten som Nysted dokumenterer i manuskripta sine, og det tradisjonelle trondheimsmålet vi kjenner frå 1800- og 1900-talet.» (Dalen 2006: 77.) Det dreier seg altså om ei total omveltning på berre dryge 200 år, og denne må ha vore godt i gang allereie tidleg på 1400-talet, jamvel om slike former meir sjeldsynt kom fram i skrift.

Tidfestinga av fleksjonsforenklinga i Skandinavia varierer ein god del, og ho gjekk føre seg over eit langt tidsrom. For dansk starta ho allereie sist på 900-talet, og var slutført ikring 1300 (Marold 1984: 324), medan Noreg og Sverige følgde mykje seinare. Haugen meiner dat.sg. i ubunden form eintal av sterke substantiv hadde mista funksjonen sin innan 1400 i all fastlands-skandinavisk, og likeins i fleirtal hundre år seinare (1976: 293). Haldninga til Indrebø står i sterk kontrast til dette: I bolken «Meir um einskild-ovringar etter 1525» skriv han at «dativ i ubundi form var vanlegare [enn no]» (2001: 334). Døma han gjev er ikkje heilt overtydande, det er for det meste snakk om faste uttrykk som kan vera etter eldre førelegg. I *for værie manne* (DN V 1076, Follo 1534) brukar han talemålsforma (?) *værie* som argument for at dativforma *manne* er reell (ibid.: 335), men diplommet har òg mange andre sterkt konservative former som *-um/-om* i pl. av verb, og eit par gonger hyperkorrekt *-um/-om* i dat.sg.n. tyder vel på ein (forsøksvis) arkaiserande skrivemåte.

Forenklinga skjedde heller ikkje samstundes for alle ord- og bøyingsklassar. For substantiva heldt bunden form lenger på dativformene, og dei er t.d. gjennomførte i den svenske bibelen frå 1541; men Norde kommenterer at denne utgåva er meir konservativ enn somme eldre kjelder (1997: 21). Ei tidfesting som kjem fram ved tonemskilnader i nynorsk, er at dativ i ubunden form av substantiv ser ut til å ha halde seg lenger i inkjekjønns enn i han- og hokjønns (Skjekkeland 1997: 153).

Elles kan det, som eg nemnde i 3.5.3, sjå ut som adjektiv og determinativ i større grad hadde dativending enn substantiva, sjå òg 4.1.4 over om akk. ved possessiv i fem.sg. Dermed blir dei ståande som einaste kasusmarkør i ein frase med substantiv som kjerne. Særskilt tydeleg er dette ved *propria*, men òg ved appellativ ser vi det. Dette minner om systemet i nyhøgtysk, som er eit argument for at det var eit mellomsteg, men der høgtysk «*fraus*», endra norsk seg vidare. Dette er ein relativ kronologi som det er vanskeleg å tidfeste nøye utan vidare studiar.

Om det nyare bortfallet av dativ i bunden form skriv Skjekkeland (1997: 153, etter Olav T. Beito) at dativ held seg lengst i denne rekkjefølgja: 1) etter preposisjon, 2) som omsynslekk, 3) som direkte objekt etter somme verb, 4) ved adjektiv. Dersom kasusbortfallet ikkje skal forklårast med ljodendringar, men morfologiske/psykologiske faktorar, vil det vera naturleg å tru at rekkjefølgja var den same ved genitiv og ubundne dativformer. Diverre er materialet litt for tunt til å trekkje sikre konklusjonar, med di

korkje verb som tek objekt i dativ/genitiv eller adjektiv med dativ/genitiv florerer i materialet; dei einaste døma eg har, styrkjer ikkje teorien. Som eg viste i 3.5.1 er vaklinga stor ikkje berre ved vekselpreposisjonane, men òg ved eintydige dativpreposisjonar. Når kategorien er svekt jamvel i den stoda vi kunne vente han heldt seg lengst, må han òg vera sterkt svekt i talemålet.

For norsk elles er det berre materialet hans Egil Pettersen frå Vest-Noreg som er grundig nok til at det kan tene som jamføring i same perioden. Der han set opp tabellariske oversyn, delar han stort sett inn i 25-årsperioder, der 1476–1500 stemmer godt med min periode, men somtid snakkar han om 1450–1500 som er verre å jamføre med. I all hovudsak stemmer funna hans over eins med mine. Viss ein skal sjå språkkontakten som ein hovudgrunn til endringane, vil ein naturleg vente at Bergen var tidleg ute, medan somme av områda Pettersen undersøker, som indre strok i Agder, var av dei mest konservative. Gjennomsnittleg ser utviklinga likevel ut til å ha følgd same spor.

Ut frå dei svært moderne systema eg møter i spesielt demonstrativa og pronomena, verkar det som språket sist på 1400-talet var langt komme på vegen over i det vi må kalle nynorsk. Det er likevel ein god del døme både på friare bruk av genitiv og dativ enn seinare språkbruk gjev grunnlag for, og vi må vel òg rekne med at spesielt dativ fleirtal fanst, om ikkje anna sporadisk, i fleire ordklassar. Kanskje fanst det meir att av bøyinga i possessiva og kanskje òg adjektiva òg. Men det er berre snakk om restar av det formrike bøyingsystemet frå norrønt, som var godt gjennomført i skrift enno langt ut på 1400-talet. Samstundes er skrifttradisjonen sterk nok til å halde ute dei nye endingane som vaks fram, og dels til å hindre nye setningskonstruksjonar i å komma fram i skrift, så språket gjev eit konservativt inntrykk.

5 Avslutning

Språket i dei tekstane eg har studert, er i botnen norsk, trass i ein del danske og lågtyske lånord i dei fleste, og tydelege svenske drag i somme. Av dei breva eg ikkje tok med i undersøkinga, er to på dansk av di dei vart utferda av kong Hans, medan nokre brev om kyrkjeleg saker (fleire stila til geistlege, samt eit avlatsbrev) er på latin. Mellom nordmenn om norske tilhøve blir det skrive norsk.

Skrivetradisjonen er i nokon mon halden oppe, og regulerer ordval og former særskilt i dei meir formelbundne uttrykka. Overflatisk kan mange tekstar gje eit gammalvore inntrykk, men i det gamle kjem det nye tydeleg fram. Ved nærare ettersyn viser det morfologiske systemet klåre teikn på endring. Spesielt pronomener og demonstrativ har bøyingsmønster som er svært like nynorsk skriftmål, og òg andre ordklassar liknar i dei mest radikale variantane sine det moderne skriftsystemet. I ei kjapp oppsummering kjem desse mønstera fram:

Pronomener viser eit system med konsekvent opposisjon mellom subjekts- og objektsformer (den einaste sams forma er 3.p.sg.nøyt.), så konsekvent at det verkar vera reelt. Samanfalla i 3. person som vi finn i nynorsk har difor truleg skjedd seinare. I første person dominerer den svenske skriftforma *jak*, men éin gong *ægh* er truleg reell og viser kor langt utviklinga i røynda er kommen.

Sterke substantiv har fått samanfall mellom nominativ og akkusativ. Genitiv har stort sett avgrensa omkvervet sitt til possessiv funksjon, med døme som tydeleg peikar fram mot stillinga som possessivsuffiks, og ikkje kasus. Dativ er for ein stor del markert i fleirtal, men berre halvveges i eintal. Bundne former er knapt markerte i det heile i han- og inkjekjønnet, men noko oftare i hokjønnet. Der er det vanskeleg å skilje mellom akkusativ og dativ pga. ljodutviklinga, men særskilt dativ har ofte ending. Hankjønnet fleirtal har ofte former utan *-r*, anten ved bortfall eller i analogi med akkusativforma, t.d. *parta* < *partar*; dette gjeld ikkje i same grad hokjønnet. Vokalreduksjon er tydeleg, og skiplar særskilt bøyingsmønstera for linne substantiv; der finn eg ikkje noko system i endingsvokalane, og dette var einaste skilnaden i eintal. Der ljodutviklinga førde til heilt nye og sterkt avstikkande formativ som bunden form *jorda* < *jorden* og bunden form dativ *garda* < *gardinum* held dei gamle formene seg.

Adjektivbøyinga står i den mest radikale varianten på eit nynorsk språksteg. Formene som avvik frå dette kan for det meste forklårast som eldre førelegg (gammalvorne endingar i hankjønnet eintal) eller overgang til linn bøying (mykje *-a* i hokjønnet eintal). Fleirtal viser veksling *-e/-a*, òg i inkjekjønnet for eldre *-Ø*; dativ har stundom *-om*, men kan òg ha same ending som fleirtal elles. Den linne bøyinga viser ei tilsvarande forenkling, likeins med døme på vanleg ending for eldre *-om* i dat.pl.

Determinativa er mykje forenkla, særskilt kvantorane, men òg demonstrativa. Den analogiske utjamninga til éi form i han- og hokjønnet eintal, *þessi*,

penna, þessi, þessa > thenne, ser ut til å vera fullførd, tilsvarande *sá, þann, sú, þá > then*. Det finst ein del gamle dativformer, men helst i inkjekjøn, der formlar kan forklåre *thesso* (*med thesso breffue*), og samanhengen med subjunksjonen *thy* (< *því*). Possessiva verkar halde meir på dei gamle formene, mest med at oblik form av hokjøn eintal har ending. Som for bunden form av substantiva er skilnaden mellom akkusativ og dativ uklår. Inkjekjøn fleirtal står noko oftare utan ending enn for adjektiva, men både dette og ein del tradisjonelle adjektivformer heng nok saman med bruken i samband med innseglinga (*hengia sin insigle med mino* e.l.). Språket har fått eit nytt possessiv *theris* i 3. person fleirtal, eit moderne drag.

Når eg likevel skreiv at tekstane kan gje eit tradisjonelt inntrykk, er det fordi mange gamle former og kasusendingar framleis blir bruka. Men mykje godt er dette i meir eller mindre faste ordelag som gjerne kan vera henta frå eldre førelegg. Dette ser vi i svært mange formlar i diploma, gjerne innleiinga med *allom mannom*, avhendingsformlar som *fra forno ok nyo* i brev om jordhandel, og dei nemnde konservative adjektivformene, der det var talrike førelegg i eldre brev. Ei jamføring av jordebøkene etter erkebisp Gaute med Aslak Bolts jordebok, 60 år eldre, viser at konservative former der er erstatta av nyare former.

Mest alle konservative former kan altså forklårast med eldre førelegg, samstundes som eldre førelegg ikkje er nokon garanti for konservative former. Saman med den ålmenne lærdommen at eit skriftsystem alltid verkar konserverande på språket, gjer det at det nok er dei mest radikale variantane som best speglar talemålet. Og med dei moderne formene vi ser mange stader, er det rart om ikkje dei nynorske substantivendingane òg var voksne fram, jamvel om vi ikkje finn dei i skrift.

Det er vanskeleg å sjå sosiale skilje i språkbruken. Både bygde- og bybrev har innslag av moderne former, og båe gruppene held oppe mykje gammalt. Dette heng truleg saman med at erkebispesetet var den siste nasjonale institusjonen som heldt oppe norsk skriftspråk, og heldt heile brevstilen i Trøndelag meir konservative enn andre stader.

Utviklinga i det norske materialet følgjer i store drag same spor som andre språk. Ein typisk tendens er at lekkar i same frase ikkje har samsvarande endingar, og viser at det ikkje lenger er kasusendingane som markerer frasen, men ordfølgja. Tilsvarande er det sams med andre språk at pronomensystemet held på ein grunnleggjande opposisjon mellom subjekt og objekt, men her har forenklinga sidan gått enda lenger i trøndsk. Teikn på at syntaksen har endra seg, er at former utan kasusending kan stå i posisjonar som syntaktisk må vera genitiv eller dativ; det er lite truleg at språkbrukarane ikkje erstatta manglande endingar syntaktisk, t.d. med preposisjonsuttrykk. Nettopp dette ser vi i preposisjonsuttrykk i staden for omsynslekk i dativ (*gaff til domkirkionne*).

Den naturlege konklusjonen er at dei fleste gammalvorne formene som finst, i stor grad er skriftformer. Dette kan ikkje forklare alle, og t.d. dativ fleirtal fanst nok til dels framleis; dativ elles gjekk sikkert vidare enn det gjer i nynorske dialektar. Konklusjonen på denne granskinga blir likevel at

kasusmorfologien ikring 1500 stod langt nærare eit nynorsk språksteg enn det norrøne. Sidan eg berre har studert formverket, og ikkje eingong heile, samstundes som materialet er såpass smalt, må ein sjølv sagt reservere seg noko. Berre grundige undersøkingar av større materiale kan vise om det eg har funne fram til er representativt for heile språkssystemet, all norsk, og kasusbortfall generelt.

Kjelder

- Blake, Barry (2001): *Case*. Cambridge: Cambridge University Press. 2. utg. [1. utg. 1994]
- Brinchmann, Chr. og Johan Agerholt (utg.) (1926): *Olav Engelbrektssøns jordebog*. Oslo: Nationaltrykkeriet.
- Brøndum-Nielsen, Johs. (1935): *Gammeldansk Grammatik i sproghistorisk Fremstilling III: Substantivernes deklination*. København: Schultz.
- (1962): *Gammeldansk Grammatik i sproghistorisk Fremstilling IV: Adjektiver. Adverbier. Numeralier*. København: Schultz.
- (1965): *Gammeldansk Grammatik i sproghistorisk Fremstilling V: Pronominer*. København: Akademisk.
- Campbell, Lyle (2004): *Historical Linguistics: an introduction*. Edinburgh: Edinburgh University Press. 2. utg. [1998]
- Dalen, Arnold (2006): «Hans Olufsen Nysted som kjelde til kunnskap om bymålet i Trondheim på 1600-talet.» I Hagland (utg.) (2006), s. 65–79.
- Diplomatarium Norvegicum* (1847–). Kristiania/Oslo: Kjeldeskriftfondet. Nettutgåve: http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html.
- Emiliano, Antônio H.A. (2004): «A edição e interpretação da documentação antiga de Portugal: Problemas e perspectivas da filologia portuguesa face ao estudo das origens da escrita em Português.» *Aemilianense* 1, s. 33–63.
- Fritzner, Johan (1883–1896): *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. 2. utg. Kristiania: Den norske Forlagsforening. Stort sett nettutgåva på <http://www.dok.hf.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=86&tabid=1275>.
- Grøtvedt, Per Nyquist (1940): «Om dialektundersøkelser på grunnlag av gamle håndskrifter.» *Maal og Minne* 1940, s. 102–115.
- (1969): *Skrift og tale i mellomnorske diplomer fra Folden-området 1350–1450 I. Nordre og Østre Folden (med Båhuslen)*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 21. Oslo: Universitetsforlaget.
- (1970): *Skrift og tale i mellomnorske diplomer fra Folden-området 1350–1450 II. Vestre og Indre Folden*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 22. Oslo: Universitetsforlaget.
- (1974): *Skrift og tale i mellomnorske diplomer fra Folden-området 1350–1450 III. Språkhistorisk oversikt*. Skrifter fra Norsk målførearkiv 28. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hagland, Jan Ragnar (1976): «Avskrift ‘orð ifra orðe’. Gransking av ein kontrollert avskrivingsprosess frå mellomalderen.» *Maal og Minne*, s. 1–23.
- (2004): «Gammalislandsk og gammalnorsk språk.» I: Odd Einar Haugen (utg.): *Handbok i norrøn filologi*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 375–405.
- (2005): *Literacy i norsk seinmellomalder*. Oslo: Novus.
- (2006): «Trøndersk i seinmellomalderen – eit punktstudium.» I Hagland (utg.) (2006), s. 80–93.
- (utg.) (2006): *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.–15. oktober 2005*. Skrifter (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab) nr. 1 2006. Trondheim: Tapir.

- Haugen, Einar (1976): *The Scandinavian Languages: an introduction to their history*. London: Faber and Faber.
- Haugen, Odd Einar (utg.) (1998): *Grunnbok i norrønt språk*. Oslo: Ad notam Gyldendal. 3. utg. [1. utg. 1993]
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen (1997): *Norrøn ordbok*. Oslo: Samlaget. 4. utg. 3. oppl.
- Herman, József (2000): *Vulgar latin*. Pennsylvania State University Press. Engelsk utg. ved Roger Wright. [1. utg. 1967]
- Hødnebo, Finn (1971): «Om diplomer som kilde for norsk språkhistorie.» I Hallvard Magerøy og Kjell Venås (utg.): *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking: heidersskrift til Olav T. Beito*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 145–153.
- Indrebø, Gustav (2001): *Norsk målsoga*. Bergen: Norsk Bokreidingslag. 2. utg. [1. utg. 1951]
- Iversen, Ragnvald (1972): *Norrøn grammatikk*. Oslo: Tano. 7. utg. ved E.F. Halvorsen. [1. utg. 1922]
- Jørgensen, Jon Gunnar (utg.) (1997): *Aslak Bolts jordebok*. Oslo: Riksarkivet.
- Lapesa, Rafael (1981): *Historia de la lengua española*. Madrid: Gredos. 9. utg. [1. utg. 1942]
- Marold, Edith (1984): «Überlegungen zur Entwicklung der Substantiv-Flexion in den skandinavischen Sprachen.» I Otto Gschwantler, Károly Rédei og Hermann Reichert (utg.): *Linguistica et philologica. Gedenkschrift für Björn Collinder (1893–1983)*. Wien: Braumüller, s. 307–330.
- Mæhlum, Brit (1999): *Mellom Skylla og Kharybdis*. Oslo: Novus forlag.
- Mørck, Endre (2004): «Mellomnorsk språk.» I Odd Einar Haugen (utg.): *Handbok i norrøn filologi*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 407–450.
- Norde, Muriel (1997): *The history of the genitive in Swedish: A case study in degrammaticalization*. Amsterdam: Vakgroep Skandinavische taal- en letterkunde.
- Noreen, Adolf (1904): *Altnordische Grammatik II: Altschwedische Grammatik: mit Einschluss des Altgutnischen*. Halle: Niemeyer.
- (1923): *Altnordische Grammatik I: Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre): Unter Berücksichtigung des Urnordischen*. Halle: Niemeyer. 4. utg. [1. utg. 1884]
- Nygaard, Marius (1905): *Norrøn Syntax*. Kristiania: Aschehoug.
- Pettersen, Egil (1975): *Spåkbrytning i Vest-Norge 1450–1550*. Bergen: Alma mater.
- (1991): *Språkbrytning i Vest-Norge 1450–1500 II*. Bergen: Alma mater.
- Rygh, Oluf (1897–1936): *Norske Gaardnavne: Opplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision*. Oslo: Fabritius. Stort sett nettutgåva på http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html.
- Rønhovd, Jarle (1997): *Norsk morfologi*. Oslo: Ad notam Gyldendal. 2. utg. [1. utg. 1993]
- Sandøy, Helge (2006): «Språk og region i historisk perspektiv.» I Hagland (utg.) (2006), s. 20–39.
- Simensen, Erik (1989): «Norr. á/af ... vegna – no. på ... vegne(r)/på vegner

- av.» I Bjørn Eithun m.fl. (utg.): *Festskrift til Finn Hødnebo 29. desember 1989*. Oslo: Novus, s. 267–284.
- Skard, Vemund (1976): *Norsk språkhistorie*. Bd. 1, *Til 1523*. Oslo: Universitetsforlaget. 3. utg. [1. utg. 1967]
- Skjekkeland, Martin (1997): *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør (1993): *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal akademisk. 3. utg. [1. utg. 1993]
- Trosterud, Trond (2001): «The changes in Scandinavian morphology from 1100 to 1500.» *Arkiv för nordisk filologi* 116, s. 153–191.
- Wetås, Åse (2003): «Kan ein komparativ studie av namn og appellativisk materiale kasta lys over kasusbortfallet i mellomnorsk?» I Jan Terje Faarlund (utg.): *Språk i endring. Indre norsk språkhistorie*. Oslo, Novus, s. 279–309.

Samandrag

I denne oppgåva ser eg på kasusbruken i det overleverte skriftlege materialet vi har på norsk frå Trøndelag 1470–1500. Dette er mot slutten av den perioden vi kallar mellomnorsk, og spesielt morfologien på den tida er lite utforska. Målet for arbeidet har vore å 1) kartleggje kva former som bli bruka i skrift, 2) prøve å sjå korleis dette speglar talemålet. Dinest har eg sett på korleis det norske kasusbortfallet skjer i høve til andre språk. Kapittel 2 gjev ein teoretisk og metodologisk bakgrunn for arbeidet, og presenterer kjeldene. Det dreier seg om 32 diplom og to ufullførte jordebøker etter erkebisp Gaute. Drygt $\frac{2}{3}$ av diploma er knytte til kyrkjeleg og verdsleg makt i Trondheim, resten utferda av bønder frå distrikta.

Kapittel 3 er sjølv gjennomgangen av kjeldene, med både oppsummering av hovudtendensane og diskusjon av ei rekkje særtilfelle. For dei ordklassane/undergruppene eg har grunnlag for det, har eg sett opp paradigma for dei vanlegaste formene. Siste delkapittel ser på morfosyntaktiske drag som er sams for ordklassane, som preposisjonsstyringar og samsvarstilhøve, med nokre merknader til kasusbruken.

Kapittel 4 drøftar nokre sider ved utviklinga, med nokre forklåringsframlegg og jamføringar med andre språk. Dette munnar ut i ei språkhistorisk plassering. Svært moderne former av spesielt pronomen og dei fleste determinativa tyder på at utviklinga til nynorsk er langt kommen. Generelt for materialet gjeld det at konservative former for ein stor del kan forklarast ved at skrivarane hadde eldre brev føre seg når dei skreiv, og tok etter dei. Det er nemleg ein merkande skilnad på språkføringa i faste ordelag og meir frie parti.

Tydelege teikn på den svekte posisjonen kasusendinga har, er at berre somme lekkar i ein frase kan ha ending, medan andre står i grunnform. Dette er noko som går att i fleire språk, og viser korleis kasusbortfallet i norsk følgjer tverrspråklege liner. Utviklinga av *-s* frå ei kasusending til eit genitivsuffiks, som er sams for skandinavisk og engelsk, verkar å vera godt på veg.

Konklusjonen på dette blir at språket rett før 1500 i mangt stod på eit nynorsk språksteg, og jamvel om somt av det gamle bøyingsystemet enno mun ha levt i talemålet, er mykje av det gamle vi møter i tekstane reine skriftformer.